



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Kommunestyresalen Herøy rådhus  
**Dato:** 31.08.2017  
**Tid:** 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 24.08.2017

Camilla Storøy  
fung.ordfører

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 79/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 80/17	Protokoll frå førre møte.
PS 81/17	Delegerte saker
PS 82/17	Referatsaker
PS 83/17	Ordførarens kvarter
PS 84/17	Val av mellombels varaordførar.
PS 85/17	Detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr.1 mfl. - slutthandsaming
PS 86/17	Slutthandsaming Eggesbøjord - Detaljregulering
PS 87/17	Økonomisk avslutning av prosjekt 51944: Veg Vike/Toftedal
PS 88/17	Gnr 38 Bnr 2 - Kjøp av eigedom til framtidig næringsområde
PS 89/17	Lokal kulturminneplan - Fastsetjing av planprogram og val av politisk representant til arbeidsgruppe.
PS 90/17	Demokratiprojektet
PS 91/17	Lokaldemokratiundersøking 2017.
PS 92/17	Innbyggjarundersøking 2017
PS 93/17	Organisering av interkommunalt ITK-samarbeid - SSIKT
PS 94/17	Interkommunalt samarbeid mellom Herøy kommune og Vanylven kommune innan fagfelt i stabssektoren
PS 95/17	Omorganisering av Søre Sunnmøre Landbrukskontor
PS 96/17	Familiestøtte - servicetilbod for familiar om hjelp i heimen ved spesielle behov
PS 97/17	Brucarrepresentantundersøking for teneste til menneske med utviklingshemming
PS 98/17	Val av politisk representant til arbeidsgruppe for kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi.
PS 99/17	Fritak frå politiske verv - Elisabeth Myklebust Hide
PS 100/17	Fritak frå politiske verv - Herdis Rødskar

## **Orientering:**

Presentasjon av rapport frå RO – Evaluering av helse- og omsorgstenestene.

## Delegerte saker frå avdelingane

- DS 162/17 Ferdigattest - VA anlegg i sjø
- DS 163/17 Skjenkeløyve - søknad om løyve for eit bestemt arrangement (lukka arrangement)
- DS 164/17 North-West eiendom as - 55/28 -midlertidig dispensasjon frå arealføremålet - bruksendring av 3 og 4 etg med varigheit på 10 år
- DS 165/17 Erling Trygve Torvholm - 59/22 - tilbygg/altan
- DS 166/17 Mellombels bruksløyve - 21/12
- DS 167/17 Ferdigattest hagestove - 20/56
- DS 168/17 Ferdigattest - 11/751 - Støttemur
- DS 169/17 Mellombels bruksløyve einebustad - 40/82
- DS 170/17 Ferdigattest tilbygg - 26/118
- DS 171/17 Ferdigattest verkstadhall - 38/147
- DS 172/17 Bergsøy IL fotball - 29/215 m fl - Fotballhall
- DS 173/17 Huseyin Kadir Dikbas - 4/77 - Endring av løyve
- DS 174/17 Hjalmar Olav Jacobsen - 60/399 - Garasje
- DS 175/17 Jon Stein Stenersen - 35/54 - Tilbygg og fasadeendring
- DS 176/17 Arild Kirkenes - 53/22 - Tilbygg garasje
- DS 177/17 Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon nr 10
- DS 178/17 Terje Skorpen - 62/49 - Garasje/bod
- DS 179/17 Kjøp av gnr. 45 bnr. 169 i Dragsund.
- DS 180/17 Ferdigattest veranda 4/148
- DS 181/17 Karl Erik Sande - 36/98 - Endring carport, tak og altan
- DS 182/17 Ferdigattest - 4/332 - gravplass/p-plass
- DS 183/17 Ferdigattest flettverksgjerde 22/45
- DS 184/17 Ferdigattest - 54/72 - tilbygg
- DS 185/17 Harald Sjørdal - 46/92 - garasje
- DS 186/17 Ferdigattest tilbygg/carport - 35/19
- DS 187/17 Ferdigattest riving 37/103
- DS 188/17 Ferdigattest - 54/15 - oppattbygging sjøbud
- DS 189/17 Remsund as - 34/221 - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel
- DS 190/17 Harald Hansen - 12/225 - Rehabilitering av skorstein
- DS 191/17 Aase Gerd Remøy Vartdal - 12/3 - Terrasse
- DS 192/17 Ferdigattest innglasing veranda - 34/173, seksjon 4

- DS 193/17 Ferdigattest terrasse - 12/3
- DS 194/17 Sal og skjenkebevilling - søknad om å ta skjenkebevilling ut av lokalet for ei bestemt anledning (øpe arrangement) Sommarfestival 2017.
- DS 195/17 Ferdigattest ny vassledning Borgarhaugvegen
- DS 196/17 Ferdigattest - 45/171
- DS 197/17 Ferdigattest - 31/144 - Einebustad
- DS 198/17 Mellombels bruksløyve - utleigedel - 26/189
- DS 199/17 Ferdigattest - 76/39 - leilegheit A og B
- DS 200/17 Ko&Ko AS 23/46 Kontor og lagerbygg - Rammeløyve
- DS 201/17 Kalveneset 94 48/77 - Ferdigattest
- DS 202/17 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning) \_ Herøy gard
- DS 203/17 Vera Leikanger Urban 79/28 - Løyve til tiltak
- DS 204/17 Myrvåg forsamlingshus 46/10 Riving - Løyve til tiltak
- DS 205/17 Frode Sævik 37/39 - Igangsettingsløyve grunnarbeid
- DS 206/17 Herøy Vasslag AS 17/1-5 og 17/11-14, tiltak vassleidning og straumrør - Ferdigattest
- DS 207/17 Odd-Arne Mikkelsen 40/29 - Løyve til tiltak
- DS 208/17 Herøy kommune 37/ Tiltak VA-anlegg - Ferdigattest
- DS 209/17 Kjeldsund ungdomssenter NMS 44/8 - Løyve til tiltak
- DS 210/17 Arne Tjervaag 53/88 tiltak bustadhus - Løyve til tiltak
- DS 211/17 Dag Ivar Myrene 76/92 - Avslag på dispensasjonssøknad
- DS 212/17 Prosjektbygg AS 45/142 Dispensasjon på antal etasjar og gesimshøgde
- DS 213/17 Ko&Ko AS 23/46 Igangsettingsløyve til og med råbygg
- DS 214/17 Janne Remøy Endresen 12/63 Tiltak utviding altan, ny kjellarleilighet - Løyve til tiltak
- DS 215/17 Silje Oksholen Gjelseth og Børge Gjelseth 21/35 Naust - Løyve til tiltak
- DS 216/17 Ludvik Hjelmeseth 31/71 Løyve til tiltak
- DS 217/17 Margareth og Odd Arve Jensen. 17/1. Ferdigattest
- DS 218/17 Prosjektbygg AS 33/51 tiltak bustadbygg 3 og 4 etasjer - Løyve til tiltak
- DS 219/17 Inga Goksøyr 29/171 Tiltak - Hagestue - Løyve til tiltak
- DS 220/17 Bjørn Christiansen 56/79 tiltak tilbygg bustadhus - Løyve til tiltak
- DS 221/17 Sal av bustadtomt på Remøya - 12/306
- DS 222/17 Audun Leine Høydal 12/4 Løyve til tiltak rehabilitering skorsteinspipe



- DS 223/17 Torkell Vinje 26/51 rehabilitering skorstein - Løyve til tiltak
- DS 224/17 Fredrik S. Fredriksen 23/15 - Løyve til riving av brannskada einebustad
- DS 225/17 Kalveneset 94 48/77 Dokumentasjon - Løyve til tiltak
- DS 226/17 Kjartan Berge 29/4 rehabilitering skorstein - Løyve til tiltak
- DS 227/17 Prosteel AS - Midlertidig bruksløyve
- DS 228/17 Herøy Vasslag AS - tiltak vassleidning og straumrør - Løyve til tiltak
- DS 229/17 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning)
- DS 230/17 Baleva Kristina Ruseva og Magne Berge 37/100, 37/161 Tiltak - oppføring av garasje/redskapshus - Endring av gitt løyve
- DS 231/17 Tor Andre Storås 26/210 tiltak bustadhus
- DS 232/17 Kjøp av bustadtomt 36/124
- DS 233/17 Ferdigattest tilbygg 4/148

### **Referatsaker**

- RS 30/17 Sak om tilbakebetaling av uriktig utbetalte kommunale tilskudd til Den katolske kirke
- RS 31/17 Protokoll ordinær generalforsamling
- RS 32/17 Innkalling til generalforsamling 30.05.2017
- RS 33/17 Signert generalforsamlingsprotokoll Runde miljøbygg AS
- RS 34/17 Generalforsamling 25.05.2017
- RS 35/17 Særutskrift Sjukefråvær 1. tertial 2017
- RS 36/17 F-sak 117/17. Særutskrift Godtgjersle til ordførar ved sjukdom.
- RS 37/17 Orientering om status for prosjekt 51405 - Almenningen

**PS 79/17 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**PS 80/17 Protokoll frå førre møte.**

**PS 81/17 Delegererte saker**

**PS 82/17 Referatsaker**

**PS 83/17 Ordførarens kvarter**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1292
		Arkiv:	033

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
84/17	Kommunestyret	31.08.2017

### VAL AV MELLOMBELS VARAORDFØRAR.

#### Tilråding:

Som mellombels varaordfører i Herøy kommune vert valt:

Særutskrift:

Den som vert valt.

**Saksopplysingar:**

Ordføreren er sjukmeld og varaordførar har rykt opp som ordførar i sjukdomsperioden. Det må difor veljast ny mellombels varaordførar i denne perioden.

§ 9 i kommunelova:

*«Ordfører. Fylkesordfører. Varaordfører.*

...

*2. Trer ordføreren eller fylkesordføreren midlertidig ut av sitt verv, rykker varaordføreren opp som ordfører eller fylkesordfører, og det velges midlertidig ny varaordfører.*

*Trer ordfører eller fylkesordfører endelig ut av sitt verv, foretas nyvalg.*

...».

Valbare til verva som varaordførar er dei faste medlemne av formannskapet.

Den som skal veljast etter berre ei røysting, må ha fått fleirtal, dvs. meir enn 50 prosent av røystene i første runde. Blanke røyster skal og reknast med når ein skal avgjere om fleirtalskravet er oppfylt.

Det er høve til å halde uforpliktande prøverøystingar og det er høve til å trekkje kandidatar før ein går til formelt val. Prøverøystinga kan likevel ikkje reknast som ei gyldig første røysting etter reglane i lova.

Fosnavåg, 17.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/778
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
125/17	Formannskapet	22.08.2017
85/17	Kommunestyret	31.08.2017

### DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGANE GNR. 5 BNR.1 MFL. - SLUTTHANDSAMING

#### Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste sitt habilitetsspørsmål. Hans bror er part i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL. § 6b.

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 22.08.2017

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl.* datert 30.12.2016 med planomtale datert 31.12.2016 og føresegn datert 10.08.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl.* datert 30.12.2016 med planomtale datert 31.12.2016 og føresegn datert 10.08.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjæringsdato.

Særutskrift:

Siv. Ing. Svein Holmen	Postboks 319	6101 VOLDA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080 GURSKØY
Mørenett AS	Langemyra 6	6160 HOVDEBYGDA
Eva og Petter Olsen	Nystulia 136	2022 GJERDRUM

## **Vedlegg**

- 1 Plankart datert 31.12.2016
- 2 Planomtale datert 31.12.2016
- 3 Merknadar ved offentlig ettersyn
- 4 Føresegnert datert 10.08.2017

## **Samandrag av saka:**

Detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl. har vore ute til offentlig ettersyn der det har kome inn sju merknadar. Seks merknadar frå offentlege høyringspartar inkl. Mørenett og ein merknad frå nabo til planområdet. Saka skal no opp til slutthandsaming.

## **Saksopplysningar:**

Saka som no vert lagt fram for Formannskap og Kommunestyre gjeld slutthandsaming av ein reguleringsplan på Nerlandsøya. Dei fleste grunneigarane i planområdet har gått saman om å lage ein reguleringsplan som i stor grad samsvarar med kommuneplanen sin arealdel. Det er planlagt rorbuer, hytter og naust med tilhøyrande fellesområde og badeområde som skal vere opent og tilgjengeleg for alle.

Område er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig AN/FR1 (naust og fritidsbustadar) og det er planlagt mellom 30-35 nye bygg.

Det er gjennomført oppstartsmøte mellom kommunen og tiltakshavar plankonsulent 08.10.2014.

Det vart gjeve løyve til oppstart av planarbeid i Formannskapet 03.02.2015, F-sak 17/15.

Oppstart vart varsla i avis og på nett 06.02.2015 med frist for merknadar 20.03.2015. Formannskapet gjorde i møte 28.03.2017, F-sak 45/17, vedtak om å leggje planforslaget ut til offentlig ettersyn. Planforslaget vart sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 07.04.2017 - 26.05.2017.

## **Merknadar ved offentlig ettersyn:**

I perioden planen var til høyring og offentlig ettersyn kom det inn sju merknadar frå Mørenett as, Ann-Kristin Waldal på vegne av Eva og Petter Olsen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Kystverket.

NVE og Kystverket har ingen merknadar til planforslaget slik det ligg føre.

## **Merknad frå Mørenett AS, datert 24.04.2017:**

Mørenett kjem med innspel om at det må setjast opp ny nettstasjon og foreslår plassering i området ved BFR 1.

Vurdering: Føresgna vert endra i punkt 3 med setninga *Innanfor byggeområdet kan det først opp trafokioskar, pumpestasjonar og andre tekniske innretningar der det er nødvendig.*

**Merknad frå Ann-Kristin Waldal på vegne av Eva og Petter Olsen, datert 22.05.2017:**

*1. Innsigelse på fyllingsgrense ut i sjøen med bakgrunn i at det vil utgjøre store inngrep i fauna/fugleliv.*

Vurdering: For Kvalsund er det registrert sju funn på artsdatabanken (artskart). Dette er funn av svarttrost, kjøttmeis, låvesvale, blåmeis, gråsisik, rødstrupe og alke. Felles for alle utanom alke er at dei har status som LC (livskraftig, ikkje trua). For alke er status EN(sterkt truet).

Bakgrunnen for at alke er registrert i området er at den er knytt til fiskeførekomstane i fjorden utafor. Aktiviteten på land vil ikkje ha noko direkte påverkan på denne funksjonen og potensielt negative effektar frå menneske vil i dette område vere knytt til garnbruk og dette er ein del av ein generell problematikk.

Kommunen vurderer det derfor slik at det utbygginga ikkje vil gå på bekostning av verdfullt naturmangfald.

*2. Bekymret for om fylninsgraden mht. mulig konsekvens ved ekstremvær og framtidig høyere vannstand/stormflo/bølgepådriv vil påvirke vår eiendom.*

Vurdering: Viser til planomtalen side 26 (punkt 7.12 ROS) for generelt om havnivåstigning og plassering av bygg i tryggleiksklasse F1 og F2.

Rådmannen kan ikkje sjå at dykkar eigedom skal verte meir utsett for ekstremvær eller framtidig høgare vannstand som følgje av denne utbygginga. Det vil vere meir truleg at dykkar eigedom vil ligge meir i le ved ei utbygging då eigedomen vil ligge meir skjerma mot nordvestleg vindretning og bølgepådriv frå Breidsundet.

*3. Viser til det generelle forbudet mot bygging i 100 meters belte. Nasjonale føringer for strandsonen og statlige planretningslinjer, der det fremkommer flg; "at det i 100-metersbeltet skal tas særlig hensyn til naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. I tillegg er lovfestede unntak fra forbudet tatt ut, slik at behovet for tiltak skal vurderes i plan."*

*4. Er så store inngrep, som beskrevet i dette forslaget i tråd med statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen?*

Vurdering: Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til AN/FR (naust og rorbuer). Arealføremålet er såleis avklara på eit overordna plannivå og arbeidet med detaljplan er derfor ei konkretisering av arealbruken innanfor området.

Byggjeforbudet i 100-metersbeltet er eit generelt forbod som gjeld der kommunen ikkje har fastsatt annen arealbruk gjennom ein detaljreguleringsplan eller andre forhold slik det går fram av pbl. §1-8, 3. og 4.ledd. Gjennom utarbeiding av ein detaljreguleringsplan kan kommunen fastsette anna byggegrense nærmare sjøen enn 100 m.

Arealbruken er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Herøy er plassert i kategorien «kommuner med mindre arealpress» og kan såleis nytte strandsona i vår heilskaplege utviklingsstrategi for kommunen. Utdrag frå punkt 7.2 i nemnte rettleiar:



100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og bygging her i de nevnte kommunene skal bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold.

I områder uten press vil det være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort. Det vil gi kommunene utenfor pressområdene mulighet til å inkludere 100-metersbeltet langs sjøen i sine helhetlige utviklingsstrategier. Dette innebærer at kommunene kan vedta planer som innebærer utbygging til ulike formål også i 100-metersbeltet.

5. Vi ønsker en generell utbygging med hytter og naust velkommen men er skeptisk til at dette forslaget utgjør så store inngrep i naturen og mener at en utbygging bør forholde seg til den eksisterende strandlinjen uten å fylle ut i sjø. Det er få områder igjen med naturlige sjø elementer.

Vurdering: Dette er ein del av ei heilskapleg arealplanlegging for området. Byggegrense og utfylling i sjø har vore diskutert med konsulent ved fleire høve og samla sett ser vi dette som ei naturleg avgrensing der tilgang til sjøsida vert gjort tilgjengeleg ved regulering av promenade utanfor BUN 2, SVT og BFR4

#### **Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 22.05.2017:**

*Automatisk freda kulturminne sjø; Bergen sjøfartsmuseum anmoder om at eldre fortøyningsboltar/ringar vert ivareteken, sjølv om dei ikkje har eit formelt vern...*

Vurdering: Fortøyningsringane i «Teigevika» ligg ikkje innanfor planområdet.

#### **Merknad frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 26.05.2017:**

*Vi sett krav om at jordvernet vert prioritert. Arealet som er sett av til ny FV21 må ikkje verte større enn 1 dekar fulldyrka jord slik planen viser.*

Vurdering: Det er ikkje sett av meir enn 1 dekar til omlegging av FV21.

#### **Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 30.05.2017:**

*1. Planområdet går noko lenger aust i sjøen enn det som er avklåra i overordna plan. Det ligg mellom anna ein liten utstikka/tange om lag midt i planområdet, som etter kommuneplanen er utanfor område sett av til AN/FR1. Ut frå kartet ser ut til at denne utgjør eit fint landskapselement, og den kan kanskje også vere eigna til ferdsel og opphald. Vi rår til at ein vurderer å ta vare på denne tungen og justere planen slik at planområdet er i tråd med overordna planverk.*

Vurdering: Ved regulering av eit område må kommunen vege fleire interesser mot kvarandre. I dette tilfellet har kommunen stilt krav om fellesareal/friareal innanfor planområdet og det kravet vert sikra gjennom f\_BAU og f\_GB. Kommunen meiner landskapselementet som Fylkesmannen viser til ikkje vil ha ein praktisk bruk og området som vert tilrettelagt gjennom regulering vil vere meir attraktiv for fleire brukarar. Vi vil derfor tillate utbygging på den utstikkaren som fylkesmannen viser til.

*2. Sidan naust og rorbuer høyrer til to forskjellige tryggleiksklassar kan det derfor vere naudsynt å stille ulike krav til trygg byggjehøgde for dei ulike tiltaka. Spesielt syns vi kravet til kote og dimensjonering av rorbuer er noko lågt.*

Vurdering: I detaljreguleringsplanen er det opna for at rorbuer kan plasserast på same kotehøgde som naust på grunn av bruken av rorbueene. Føresegna seier følgjande:

*Rorbudene på BFR\_1-6 kan førast opp i to etasjar med BRA inntil 80 m<sup>2</sup> der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der 2.etasjen er innreidd for overnatting og opphald. Dei delane av bygningane som ligg lavare enn 2,7 m over NN2000 må byggast i materiale som toler sjøvatn og bølgepådriv.*

Rådmannen meiner naust og rorbuer kan plasserast på same kotehøgde då føresegna seier tydeleg at hovudetasjen i bygga har same bruk (naust/lagerførmål).

## **Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12**

### §7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12

*Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.*

### §8 Kunnskapsgrunnlaget

Ved gjennomgang av database for naturmangfald (<http://artskart.artsdatabanken.no/> og <http://kart.naturbase.no/>) ser ein at utbygging, slik det er planlagt, ikkje er i direkte konflikt med verken naturtypar, dyre- og fugleartar. Rådmannen ser derfor ikkje behov for å gjere ytterlegare undersøkingar knytt til naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget vurderast derfor som godt for denne saka.

For ordens skuld tek vi med at på Kvalsund(utanfor planområdet) er det registrert sju funn på artsdatabanken (artskart). Det kan sjå ut som om dette er eit «samlerregistrering». Dette er funn av svarttrost, kjøttmeis, låvesvale, blåmeis, gråsisik, rødstrupe og alke.

Felles for alle utanom alke er at dei har status som LC (livskraftig, ikkje trua). For alke er status EN(sterkt truet).

Kommunen har henta inn uttale frå Alf Ottar Folkestad for Norsk ornitologisk foreining for å avklare om realisering av prosjektet vil ha negative konsekvensar for dei registrert artane. Tilbakemeldinga frå Folkestad 10.08.2017 var at *referansen i fellesområde for registreringa omfattar ikkje berre landarealet, men tydelegvis også tilgrensande sjøareal i Holmefjorden og inn mot Søre-Vaulen. Funksjon for alke er her berre knytt til fiskeførekomstar i fjorden utafør, og aktiviteten på land har ikkje hatt noko direkte påverknad på denne funksjon. Potensielt negative aktivitetar frå menneske er evt. garnbruk i området, og det er del av ein generell problematikk.*

Rådmannen vurderer det derfor slik at utbygginga ikkje vil medføre ei vesentleg forverring for tilstanden til artar, naturtypar eller økosystem i eller rundt planområdet.

### §9, Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

### *Barn og unge*

Barn og unge sine interesser er ivaretekne i planforslaget gjennom tilrettelegging for felles oppholdsplass. For både barn og voksne vil denne utbygginga, og tilgangen til båt-og sjøliv ha ein positiv effekt. Området vil i langt større grad enn i dag vere eit attraktivt område å oppsøke.

### *Støy*

Vegtrafikkstøy er ikkje relevant. Einaste uynskte støy kan evt. kome frå meir tilfeldig båttrafikk.

### **Konklusjon:**

Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i tråd til kommunen sine krav.

### Konsekvensar for drift:

Planforslaget kan medføre standardheving og utviding av eksisterande offentleg veg, Teigenesvegen.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl.* datert 30.12.2016 med planomtale og føresegn datert 30.12.2016.

Lenke til plankartet digitalt:

<https://kommunekart.com/klient/sunnmørskart?urlid=df4fd17753da49aca15957876c7ebd46>

Fosnavåg, 10.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn





Detaljregulering  
**TEIGANE**  
 Gnr 5, brnr. 14 m fl. Teige, Nerlandsøya, Herøy kommune

ENDRINGAR

**TEIKNFORKLARING PBL § 12-5**

- 1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5 .1)
- BFR Fritidshus, Rorbuder
  - BUN Nausti - sosi 1589
  - BFF Fritidshus, frittliggande hytter sosi 1121
  - BFK Fritidshus, konsentrert sosi 1122
  - BNA Nærmiljøanlegg (sosi 1440)
  - f\_BAT Annen tenesteyting - returpunkt renovasjon (sosi 1169)
  - f\_BAU Felles uteområde sosi 1690

2: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)

- f\_SKV Felles køyreveg
- f\_SPP Felles parkeringsplassar
- o\_SKV Off. veg - Teigenesvegen
- o\_S Samferdselsanlegg - areal for framtidig Fv21
- f\_SVT Annen veggrunn sosi 2018
- f\_SGG Gangareal - Strandpromenade sosi2016

3: GRØNNSTRUKTUR (PBL § 12-5 .5)

- f\_GB Badeplass - landdelen sosi3041

6: BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

- o\_VFR Friiluftsområde i sjø sosi 6710
- f\_VB Badeområde - sjødelen sosi 6770
- o\_VHS Hamneområde i sjø sosi 6220

JURIDISKE LINER OG PUNKT

- Plangrense
- Føremålsrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterline
- RpJurline - Innregulerte bygg
- RpJurline - Bygning som skal fjernast

KARTOPPLYSNIGAR


Koordinatsystem: UTM sone 22 / Euref 89

Basiskart er teikna med svak gråfarge M = 1:1000

SAKSHANDSAMING ETTER PBL

- Oppstartkonferanse
- Forvarsling i tida: 5.feb - 20.mars 2015
- 1. gangs handsaming i planutvalet
- 2. gangs handsaming i planutvalet
- Offentlig ettersyn fra \_\_\_\_\_ til \_\_\_\_\_
- Handsaming i kommunestyret
- Kunngjering med klagefrist

**PLANEN ER UTARBEIDD AV:** **DATO:**  
30.des 2016



# Detaljregulering

# TEIGANE

Gnr.5, bnr: 1,4,13,14,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61  
Nerlandsøya, Herøy kommune

## Innhald:

- Samandrag
- Bakgrunn
- Planprosessen
- Planstatus og rammer
- Planområdet, eksisterande tilhøve
- Beskrivelse av planframlegget
- Verknader av planframlegget
- Innspeil ved forvarslinga
- Avsluttande kommentar
- Vedlegg:  
Varslingsdokumenta  
Kopi av merknadane

## Oppdragsgjevar:

Eigarane  
v Jon Kvalsund

## Plankonsulent



Dato:  
30.des. 2016



# Innhold

- 1 SAMANDRAG
- 2 BAKGRUNN
  - 2.1 Målet med planen
  - 2.2 Eigedomstilhøve
  - 2.5 Krav om konsekvensutgreiing
- 3 PLANPROSESSEN
  - 3.1 Planoppstart: Medverknad, varsling
- 4 PLANSTATUS OG RAMMER
  - 4.1 Kommuneplan
  - 4.2 Tilgrensande reguleringsplanar
  - 4.4 Temaplanar
  - 4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar
- 5 PLANOMRÅDET–EKSISTERANDE TILHØVE
  - 5.1 Lokalisering
  - 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk
  - 5.3 Stadskarakter og eksisterande bebyggelse
  - 5.4 Solforhold og lokalklima
  - 5.5 Kulturminne og kulturmiljø
  - 5.6 Lokaltopografi og landskap
  - 5.7 Naturverdiar
  - 5.8 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
  - 5.9 Landbruk
  - 5.10 Trafikkforhold
  - 5.11 Barn sine interesser
  - 5.12 Universell tilgjengelighet
  - 5.13 Teknisk infrastruktur
  - 5.14 Grunnforhold
  - 5.15 Støyforhold
  - 5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)
- 6 BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET
  - 6.1 Utfylling
  - 6.2 Reguleringsformål
  - 6.3 Omtale av dei ulike føremåla
  - 6.4 Planlagde offentlege anlegg – Fv21
  - 6.5 Universell utforming
  - 6.6 Landbruksfaglege vurderingar
  - 6.7 Kulturminne
  - 6.8 Avbøtande tiltak/løysingar ROS
- 7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET
  - 7.1 Overordna planar
  - 7.2 Landskap og omgjevnader - Stadskarakter
  - 7.4 Estetikk og byggeskikk
  - 7.5 Kulturminne og verneverdi
  - 7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova
  - 7.7 Friluftsiinteresser
  - 7.8 Trafikkforhold
  - 7.9 Barn sine interesser
  - 7.10 Sosial infrastruktur
  - 7.11 Universell tilgjengelighet
  - 7.13 ROS
  - 7.14 Jordressursar/landbruk
  - 7.15 Teknisk infrastruktur
  - 7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen
  - 7.17 Konsekvensar for næringsinteresser
- 8 KU
- 9 INNKOMNE INNSPEL  
Gjennomgang, kommentar og konklusjon etter forvarslinga.
- 10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR
- 11: VEDLEGG:
  1. Plankart
  2. Reguleringsføresegner
  3. Referat frå oppstartsmøte
  4. Varslingsbrev
  5. ROS-sjekkliste
  6. Innspel/merknader til planoppstart
  8. Situasjonsplan (Illustrasjon)
  9. Lengdeprofil f\_SKV1 (Illustrasjon)
  10. Snitt A-C (Illustrasjon)

## 1 Samandrag

På vegne av eigarane fremjer vi med dette detaljreguleringsplan for: Teigane på Nerlandsøya, Herøy kommune. Planen omfattar Gnr.5, brnr: 1,3,4,5,13,14,15,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61. Planen er avgrensa- og har innhald i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Området skal nyttast til kombinert bygge-og anleggsføremaal AN/FR1 for naust, rorbuder og evt hytter, og eigarane ynskjer no å utarbeide detaljplan for slike føremål på området

## 2 Bakgrunn


På strekninga Teigeneset til sørøVaulen (brua) var der i 1965 i alt 16 naust og 7 sjøbuder, og dei fleste av desse byningane var knytt til matauk, transport og næring. No i 2016 er det på same strekninga 57 naust og 16 rorbuder (inkl dei gamle sjøbudene) No er dei fleste av desse bygga knytt til fritidsbruk / turisme og kanskje noko heimefiske.

Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt. Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp til satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå sørø Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga. Grunneigarane ynskjer å bygge naust og fritidsbebyggelse (rorbuder/hytter) på området – dels til eige bruk men også for salg.

### 2.2 Eigedomstilhøve:

Desse er grunneigarar i planområdet: (sjå også eigedomskart på n s)

Gnr	Brnr	Eigar (Heimelshavar) / Postadr./ Tlf / E-Post	Areal l m <sup>2</sup>	Areal l %
5	1	Gjelseth Janne Oddveig 6098 Nerlandsøy	199	2,2
		Gjelseth Terje John 6098 Nerlandsøy		
	4	Torbjørn Teige, Holsmyrvegen 24, 6011 Ålesund	1096	12,1
	13,14	Jorid Høydalsvik, Myrlandsvegen 11 A 6020 Ålesund	4345	48,1
	1,16	Teige Oluf Jonny og Gjelseth Janne Oddveig, 6098 Nerlandsøy	1226	13,6
	34	Teige Knut Perry Teigenesvegen 7 6098 Nerlandsøy		
37	3/8	Kvalsund Pauline Anbjørg, Koparstadvegen 9, 6098 Nerlandsøy	232	2,6
	3/8	Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy		
	1/32	Heggelund, Eva Teige		
	1/32	Kjernes, Anne Teige		
	1/32	Teige, Berit		
	1/32	Teige, Else Pauline		
	1/32	Teige, Gunnar		
	1/32	Teige, Magne		
	1/32	Teige, Per Arvid		
38		Kvalsund Pauline Anbjørg Koparstadvegen 9 6098 Nerlandsøy	124	1,4
		Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy		
39		Kvalsund Pauline Anbjørg Koparstadvegen 9 6098 Nerlandsøy	206	2,3
40		Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy	99	1,1
45		Kvalsund Gustav Teigevegen 87 6098 Nerlandsøy	147	1,6
49		Pettersen Mona Vatnevegen 4 6092 Fosnavåg	159	1,8
60		Solli Oddleif Jan Øvre Plassegjerdet 3 6098 Nerlandsøy	294	3,3
		Solli Ottar Jarle Øvre Plassegjerdet 13 6098 Nerlandsøy		
61		Teige Magne Gåsevikeveien 14 2007 Kjeller	468	5,2
		Teige Svein Kneiken 10 B 6007 Ålesund		



## 2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Planen samsvarer med overordna plan, og både føremål, avgrensing og tilkomst er i samsvar med kommuneplanen. Det er soleis ikkje behov for konsekvensutgreiing etter PBL§4\_2. Dette vart stadfesta av kommunen i oppstartmøtet.

## 3 Planprosessen

### 3.1 Planoppstart

Vi har følgd dei vanlege reglane i PBL ved oppstart av planarbeidet

#### a: Oppstartkonferanse.

Desse deltok på oppstartmøtet:

Frå Tiltakshavar: Jorid og Ståle Høydalsvik (for eigarane) og Svein Holmen (Plankonsulent)

Frå Kommunen: Jarl Martin Møller og Hallvard Rusten

På oppstartmøtet la tiltakshavarane fram idéskisser til utforming av prosjektet og kommunen sine folk gjorde greie for dei kommunale føringane for arbeidet.

Referat frå møtet er vedlagt.



**b: Varsel om oppstart**


Varsel om oppstart vart annonsert ved varslingsbrev og annonse i avisa Vestlands-Nytt 14.juli 2016 med frist for innspel/merknader 1.sept -16. Varslingsannonsa vart også lagt ut på Herøy kommune si heimeside. Varslingsdokumenta er vedlagte.

**c: Innkomne innspel**

Ved forvarslinga fekk vi inn 8 innspel. Desse er kort oppsummert, vurdert og kommentert i planomtalen. Alle innspel ved forvarslinga er vedlagte.

**4 Planstatus og rammer.**

Tilhøvet til eksisterande planar


**4.1 Gjeldande kommunedelplan (2015):**

Vår planutforming er i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Planområdet får avgrensing i samsvar med kommuneplanen sitt område AN/FR1. Her kan byggast naust (N) og fritidsbebyggelse (rorbuder / hytter)

Området grensar inn mot eksisterande regulerte områder i sør, og i kommuneplanen vert føremåla vurdert slik:

.... «Skildring av område: Område ligg På Kvalsund. Område ligg ved sjøen og har spreidd naust og sjøbuder på område. Terrenget består av berg og større steinar og er lite attraktivt for ålmenta. Forslaget går på å endre eit område frå naust til eit kombinert føremål med naust og fritidsbustadar. Dette er å sjå som ei vidareføring av føremålet som ligg i godkjend arealdel for Kvalsund som grensar i sør...»

4.2 Gjeldande reguleringsplanar:



PlanID:	1515_200801
Plannamn:	Kvalsund - Teige
Dato ikrafttredelse:	11.12 - 2008

PlanID:	1515_201276
Plannamn:	Kvalsund
Dato ikrafttredelse:	28.11 - 2013

Dei to gjeldande planane er tekne inn i kommunedelplanen som «vidareføring av reguleringsplan», og dette betyr vel at gjeldande regulering framleis skal gjelde. Vår plan grenser mot sør inn til Kvalsund-planen (1515\_201276), og i sør-vest inn mot den framtidige omlagte Fv21 som inngår i 1515\_200801

4.3 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.4 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter.



## 5 Planområdet – Eksisterande tilhøve

### 5.1 Lokalisering



### 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Området er lite brukt no pga at det er vanskeleg å ta seg fram i fjøra (topografi / berggrunn), og at næraste sjømråda er så grunne at sjølv småbåtar har problem med tilflotet. På sørsida er areala utbygde med sjøfylling, moloar og ein god del nyare fritidsbebyggelser (rorbuder og hytter) På nordsida er der opa fjøre som i kommuneplanen er avsett til naust og rorbuder. På vestsida (ovanfor Teigenesvegen) er areala avsett til ny trasé for Fv21 mot Kvalsvika. Det visest her til ein 41 år gammal vegplan som ikkje har vore handsama eller vedteken i Herøy kommune. Vegtraséen er teken inn i den nye kommuneplanen, men den er ikkje inne på nokon prioriteringslister for Statens vegvesen.

### 5.3 Stadskarakter og eksisterande bebyggelse

#### a - Planområdet

Planområdet framstår som eit ubebygd strandområde som er nokså utilgjengeleg frå landsida og med grunnlendt og dårleg tilflot. Området er lite brukt pga vanskeleg topografi og berggrunn. Med unnatak av 3 eksisterande naust i nordenden av planområdet, samt eit gammalt og forfallent stornaust på 5/60, er området ubebygd.

#### b – Naboskapet

Dette krakteriserer utviklinga av sjøfronten på Teige dei siste 50 åra:

- Talet på naust / sjøbuder har auka frå 16naust/7sjøbuder i 1965 til 57naust/16sjøbuder/orbuder i 2015
- Det meste av denne auken har kome på oppfylt areal
- Det er bygd moloar som gir nok ly til at det kan leggest ut flytebrygger for småbåtrane
- Bruken har endra seg frå næring/matauk/transport til fritidsbruk/rekreasjon/turisme.

Den gamle maritime bebyggelsen låg i tre-fire klynger på naturlege opptrekks plassar for båtane der det var livd og godt tilflot. Den nyare bebyggelsen har kome i tilknytting til dei gamle klyngene på nytt utfyllt areal og med moloar som har gitt ly og høve til flytebrygger.



Dei gamle sjøhusa og nausta var tilpassa i storleik og form **etter bruk og behov....**



...medan dei nye fekk form og storleik bestemt av fastlagt regelverk

#### 5.4 Solforhold/lokalklima

AN/FR1 ligg søraust vendt i nokså ope landskap med gode soltilhøve. Pga lokaliseringa heilt ute i havranda er området generelt hardare påverka av storm, stormflo og bølgepådriv enn stadar lengre inne i fjordane. Men området ligg bra i lé for dei fleste vindretningane. Nordvesten kan av og til skape stort bølgepådriv inn Breidsundet med avbøyging rundt Teigeneset. Då kan det ta hardt på vår lokalitet. Stundom kan også returbølger frå lgesund-sida ta hardt her.

#### 5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar ([www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) og [www.asketadden.no](http://www.asketadden.no)) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Ved forvarslinga vart det sett fram krav om arkeologisk registrering, men dette knytte seg til den nye traséen for Fv21. Denne traséen er ikkje aktuell for bygging i overskueleg tid – vi har bare fått pålegg om å ta den med for å sikre at areala ikkje vert attbygde. Kravet om arkeologisk registrering er difor trekt, og vil bli knytt til Fv-prosjektet når- og viss dette vert aktuelt ein gong i framtida.

#### 5.6 Lokaltopografi og landskap

Planområdet er ein del av den store strandflata på sør-austsida av Nerlandsøya. Bilda på neste side skulle vere godt dekkande m.o.t topografien og landskapet som er her. Det store bildet gir oversikt, medan dei to små bilda viser den lokale topografien på planområdet.





### 5.7 Naturverdiar

I følge kartbasar som [www.artskart.no](http://www.artskart.no) og [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) er det ikkje registrert spesielt sårbare- eller raudlista artar i planområdet.

### 5.8 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Utanom den delen av området som er opparbeidd med naust, er det ikkje kjent at området har særleg verdi som rekreasjonsområde. Sjå bilder på forrige side.

### 5.9 Landbruk

I følge [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no) er det fulldyrka mark på gnr/brnr 5/4 (ovanfor Teigenesvegen), medan alt arealet på sjøsida av vegen er skrin fastmark.

Den delen av vårt planområde som går inn på fulldyrka mark er arealet for framtidig Fv21.

### 5.10 Trafikkforhold

Planområdet skal ha tilkomst frå den eksisterande kommunale «Teigenesvegen». Her er minimal trafikk no, og sjølv med litt trafikkauke når utbyggingane i kommuneplanen er gjennomførde vil trafikkmengda vere svært begrensa. I kommuneplanen ligg ny trasé for Fv21 mot Kvalsвика inne. Denne veglina vart planlagt i 1975 og har sidan figurert som ein raud strek i kommuneplanen. Etter det vi veit er det ikkje aktuelt å gjennomføre slik omlegging av Fv21 i overskueleg tid. Vi er pålagde å ta med areal for vegline til Fv21 i samsvar med plan frå 1975 for å sikre at traséen ikkje vert attbygd. Ved evt gjennomføring av Fv-omlegginga vil nordre delen av vårt planområde måtte få tilkomst direkte frå den nye Fylkesvegen.

### 5.11 Barn og unge sine interesser

Planområdet er som nemnt nokså utligngeleg og ulendt og er i utgangspunktet lite nytta både av born og vaksne. Her er ingen opphaldsplassar eller «barnetrakk» som vi kjenner til.

### 5.12 Universell tilgjengelegheit

Planområdet er i utgangspunktet absolutt ikkje universelt tilgjengeleg. Her er berre ei steinete og ulendt fjøre som kan vere vanskeleg å forsere sjølv for vanleg førige folk.

### 5.13 Teknisk infrastruktur

Planområdet har vegtilknytning til Teigenesvegen.

Det lokale vassverket har leidningsnett til naboområdet i sør.


Kommunal avløpsleidning ligg i Teigenesvegen om lag midt på vårt planområde.

Området har straumtilknytning og tele- / breibanddekning tilliks med resten av Teige.



### 5.14 Grunnforhold - Stabilitet.

Berg-grunnen i planområdet består i følge NGU sine kartbaser ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)) av Glimmergneis, mørk grå, middels- til grovkornet. Planområdet strekker seg litt innpå eit område med tjukk marin strandavsetning. Det er hytteområdet BFF som kjem litt innpå den marine avsetninga, men her er allereide bygd både vegar, hus og andre tekniske anlegg utan at det har vore insidenter som tyder på ustabile masser. Vi meiner difor at det ikkje er behov for nærare vurdering av grunnstabilitet i planområdet.



### 5.15 Støyforhold

Vegtrafikkstøy er ikkje relevant. Einaste uynskte støy kan evt kome frå meir tilfeldig båttrafikk.

### 5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Utarbeidd av beredskapsseksjonen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Oppdatert 26.02.2009

Emne		Er det knytt <b>uakseptabel risiko</b> til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjelskred?	x	
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjelskred i vatn/sjø?	x	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	x	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	x	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	x	
	F	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?		x <sup>1</sup>
	g	Er faren for radon vurdert i området?	x	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		
	i	Anna (Spesifiser)?		

Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare-liggande område?	x	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	x	
Brann/ulykkes-beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykingskjøretøy?		x
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
Krafftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		x
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatt?	x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	x	
Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	x	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	x	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	

Sjekklista er gjennomgått den \_\_\_/\_\_\_ - \_\_\_ av sign: \_\_\_\_\_

Dette punktet i eksisterande situasjon er litt usikkert:

x1: Stormflo – høg vass-stand og bølgepådriv, er dette lagt inn i kommunale føringar?



## 6 Beskrivelse av planframlegget

### Bakgrunn

Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt. Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Med fritidshus og naust vil turistnæringa bli styrka. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp till satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå søre Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga.

### 6.1 Sjøfylling

Berg-grunnen i planområdet (glimmergneis, mørk grå middels- /grovknet) er skifrig, oppsprukken og vanskeleg å ferdast på, og sjøen utanfor er grunn med dårleg tilflot sjølv for småbåtar. For å kunne utnytte areala på ein rekningsvarande måte må vi difor satse på å fylla opp området sopass at vi kan få tilflot med småbåtar. Vi har foreslått ein fyllingsfront ut til ca 1m djupn på middelvass-stand. Her finst ikkje detaljerte sjøkart, og vi har heller ikkje målt djupna, men ut frå flyfoto og lokalkjente sin kunnskap har vi fastlagt eit framlegg til fyllingsomfang. Dette må kanskje justerast i samband med gjennomføring av prosjektet. Fyllingsfrontane går fram av bildet nedanfor:



Raud strek på skissa viser vår fyllingsfront medan blå strek er kartverket sitt fløsmål. (NN2000)


## 6.2 Reguleringsføremål

Føremåla med nemning, sosi-koding, og arelastorleik:

Gruppe	Føremål etter PBL § 12-5:	Nemning	Sosi-kode	Areal
Bebyggelse og anlegg (B)	Fritidsbebyggelse - hytter konsentrert	BFK_1,2	1121	3186m <sup>2</sup>
	BFK_1 = 2315m <sup>2</sup>			
	BFK_2 = 871m <sup>2</sup>			
	Fritidsbebyggelse - hytter frittliggande	BFF	1122	802m <sup>2</sup>
	Fritidsbebyggelse - rorbuder	BFR_1-5	1122	3305m <sup>2</sup>
	BFR_1 = 1080m <sup>2</sup>			
	BFR_2 = 429m <sup>2</sup>			
	BFR_3 = 375m <sup>2</sup>			
	BFR_4 = 728m <sup>2</sup>			
	BFR_5 = 528m <sup>2</sup>			
	BFR_6 = 165m <sup>2</sup>			
	Naust	BUN_1-3	1589	2668m <sup>2</sup>
	BUN_1 = 304m <sup>2</sup>			
	BUN_2 = 2292m <sup>2</sup>			
	BUN_3 = 72m <sup>2</sup>			
Felles uteområde	f_BAU_1,2	1690	932m <sup>2</sup>	
f_BAU_1 = 773m <sup>2</sup>				
f_BAU_2 = 159m <sup>2</sup>				
Nærmiljøanlegg	f_BNA	1440	351m <sup>2</sup>	
Annen tenesteyting – returpunkt renovasjon	f_BAT	1169	93m <sup>2</sup>	
Samferdsle-anlegg (S)	Felles køyreveg (internvegar)	f_SKV_1-3	2011	1186m <sup>2</sup>
	f_SKV_1 = 757m <sup>2</sup>			
	f_SKV_2 = 364m <sup>2</sup>			
	(felles avkørsle til SPP og BFF) f_SKV_3 = 65m <sup>2</sup>			
	Off. veg (Teigenesvegen)	o_SKV	2011	904m <sup>2</sup>
	Samferdsleanlegg (grunn til framtidig Fv21)	o_S	2001	994m <sup>2</sup>
	Parkeringsplassar	f_SPP	2082	569m <sup>2</sup>
	Gangareal (strandpromenade)	f_SGG_1,2	2016	496m <sup>2</sup>
	Annet vegformål – fyllingsfront i sjø	f_SVT_1,2	2018	455m <sup>2</sup>
Annet vegformål f_SVT_3	f_SVT_3	2018	315m <sup>2</sup>	
Grønstruktur (G)	Badeplass	f_GB	3041	670m <sup>2</sup>
Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)	Badeområde i sjø	f_VB	6770	2268m <sup>2</sup>
	Friluftsområde i sjø	f_VFR	6710	753m <sup>2</sup>
	Hamneområde i sjø	o_VHS	6220	4851m <sup>2</sup>
SUM – heile planområdet				24.798m <sup>2</sup>

Sjå kart som syner føremåla på n side.





## 6.3 Omtale av dei ulike føremåla

### 6.3.1 Bebyggelse og anlegg

#### a - Fritidsbebyggelse

Fritidsbebyggelsen i planen består av to areal med konsentrert hyttebygging (BFK\_1 og 2), eit areal med tomter for frittliggande hytter (BFF) samt 5 mindre områder med rorbuder. (BFR\_1-5)


Hytter:

Områda med konsentrert hyttebygging (BFK\_1,2) er områder der tiltakshavar ynskjer å kjede hytter til «dobbelhytter» i kombinasjon med enkelte frittstående hytter. Kvar hytte skal ha frådelt eigedomsgrunn. For området BFK\_1 er det litt uklårt kor mange hytter og kva utforming dei skal ha. Vi har difor valgt å sette utnyttingsgraden der som % BYA innanfor ei nokså romsleg byggegrense. Kvar hytte må likevel følge regelverket for BRA og høgde i føresegnene. Ved byggemelding av første hytte på BFK-1 må utbygger legge fram samla situasjonsplan for utnyttinga av heile BFK\_1.

BFK\_1 skal ha felles parkering på f\_SPP

For BFK\_2 har vi bestemt eit maksimalt antal hytter på området der hytteutforminga og storleiken vert bestemt av regelverket i føresegnene.


Byggegrensene er sett sopass romslege rundt bygga at arkitekten / utbygger kan få nokså bra spelerom innanfor regelverket.





BFF – frittliggande hytter.


BFF skal ha felles tilkomst med den felles parkeringsplassen f\_SPP. PÅ BFF skal det byggast to frittliggande hytter på romslege tomter. Hyttene må byggast i samsvar med regelverket i føresegnene til planen. Hyttene på BFF skal ha parkering på eigen grunn.



Alle hyttene i BFK og BFF skal ha straum og full sanitær standard.

Rorbuder:



Det er sett av i alt 6 ulike areal for rorbuder (BFR\_1-6). Rorbudene er fritidsbebyggelse som skal ha naust-/lager-funksjon i grunnetasjen og rom for varig opphald oppe.




Etter regelverket kan rorbuder ha bruksareal (BRA) inntil 80m<sup>2</sup>. Grunnflata («fotavtrykket») vert då bestemt av fordelinga av bruksareal oppe/nede. Med fullt bruksareal oppe vil grunnflata på bygget bli 40m<sup>2</sup>. Som modell i illustrasjonane har eg generelt teke med 46m<sup>2</sup> BRA nede og 34m<sup>2</sup> oppe. Grunnflata på bygget vert då 50m<sup>2</sup>. Dette vert i siste instans bestemt av utbygger, og vi utformer derfor tomtene- og legg byggegrensene slik at arkitekten skal ha tilstrekkeleg albuerom ved utforminga.

BFR\_1 Området utgjør ei eksisterande fylling med godt tilflot for småbåtar. Som vi ser på bildet frå 1965 (neste s) hadde eigaren allereide då starta fylling her. Eigaren ynskjer no å utnytte tomte til rorbuder. Det er ikkje bestemt kor mange bygg eigaren skal ha på tomte, og vi bestemmer difor utnyttingsgraden med byggegrenser og % BYA. På BFR\_1 er BYA<sub>max</sub> sett til 35%

BFR\_2 er ei tomte der det sto eit stort naust som forsvant i storm for nokre år sidan. Naustet er med på bildet frå 1965 på n.s. Tomte er merkt m gul stipling på bildet nedanfor. Eigaren ynskjer å regulere inn ei rorbud på tomte omtrent der det gamle naustet sto. Rorbuda vil få båtutfar direkte til den opprinnelege gamle støa.






### BFR\_3

På BFR\_3 står eit eksisterande stornaust som diverre er temmeleg prega av tidas tann. Naustet ligg til høgre på bildet frå 1965 ovanfor. Eigarane har nok mest lyst til å rive naustet og i staden sette opp moderne rorbuder på tomta. Det kunne vore aktuelt og ynskjeleg å restaurere det eksisterande naustet og bevare den ytre forma og materialbruken men med rorbud som funksjon. Buda har tradisjonell arkitektur og knytter forbindelseslinjer tilbake til opphavelig maritim arkitektur på staden. Eigarane ynskjer imidlertid nye rorbuder på tomta



### BFR\_4

Området skal i sin heilskap fyllast opp. Området er no overflødd på nomalflo. Eigaren ynskjer å nytte tomta til rorbuder. Vi har lagt inn kjeda buder med 2 + 3 einingar med opning mellom. Opninga er så breid at vi kjem til med bil nedanfor budene. Budene skal ha eigedomstomter. Byggegrenser og tomtegrenser er sett slik at vi kan få ein viss variasjon i forma på bygga innafor regelverket i føresegnene.






### BFR\_5

BFR\_5 er adskilt frå BFK\_1 av ein køyrbar gangveg som skal sikre biltilkomst bak rorbudene og tilkomst til badeområdet GB. Her er nytta same prinsippet som på BFR\_4 med ei dobbeltbud i kombinasjon med ei frittstående. Rorbudene på BFR\_5 er trekte litt lengre vekk frå tilkomstvegen pga at hyttene på naboarealet i sør nyttar sitt areal mot tilkomstvegen til uteplass. For å få tilstrekkeleg manøvreringsareal framom naustdelen av rorbudene på BFR\_5 har vi difor trekt bygga litt inn på tomta.

Rorbudene på BFR\_5 skal ha parkering på f\_SPP.



Grenselina mellom 5/65 og 5/14 innteikna med gul stipla line (bilde t.v). Reguleringsgrensa ligg i teiggrensa. Den delen av hagekonstruksjonen som hytteeigar har lagt inn på 5/14 må fjernast. Her skal vere innkøyring til rorbudene på 5/14.


BFR\_6 er eit eksisterande naust i nordenden av planområdet. Naustet som har lavare golvnivå enn nabonausta har vore stormskadd fleire ganger og har vore naudreparert og er i nokså dårleg stand. Eigaren ynskjer no å rive naustet, heve golvnivået ca 1m og bygge ei ny rorbud på tomta.

### b - Naust BUN 1-3


Det er 3 områder med naustføremål i planområdet:

BUN\_1 er 2 eksisterande naust på frådelte tomter. Desse nausta kan ved modernisering / oppgradering om ynskjeleg utvidast til samsvar med reglane i §4.3 c-j i føresegnene til planen.


Naustet t.v på bildet har lavare golvnivå enn dei hine, og har difor vore stormskadd fleire ganger, medan dei hine har gått klar. Naustet har vore naudreparert og er i nokså dårleg stand. Eigaren ynskjer no å rive naustet, heve golvnivået ca 1m og bygge ei ny rorbud på tomta. Tomta får nemninga BFR\_6



BUN\_2 er eit større område med 5 ulike eigarar som vil samarbeide om utnyttinga av arealet. Teigane er skrå og små og ligg på dels overflødd areal som er vanskeleg å utnytte separat. Eigarane vil gå saman om utfylling og klargjering av området med seinare fordeling av innvunne areal til sjøveigande tomter. Det kan plasserast inntil 9 naust på BUN\_2. Desse kan ha fri formgjeving innanfor rammene i føresegnene. Nausta er tenkt som frittstående bygg med avstand ca 1,5m og med større opening om lag midt i gruppa der ein kan kome ned til sjøsida med bil. Nausta skal ha frådelt sjøveigar-tomter. Tomte- og byggegrenser er sett så stramt at hovudbildet av gruppa vert fastlagt i reguleringa, men arkitekten vil framleis ha litt spelerom til å utfolde seg og skape litt variasjon.



Teigstørrelser 5/37,38,39 og 40




Aktuell utnytting av fyllinga på BUN\_2

Gnr/brnr	Oppr. Areal Tørr land	%	Areal etter fylling	% etter fylling	Tal naust
5/40	98,7m <sup>2</sup>	14,9%	514m <sup>2</sup>	21,9%	2
5/39	206,3m <sup>2</sup>	31,2%	551m <sup>2</sup>	23,5%	2
5/38	124,0m <sup>2</sup>	18,8%	549m <sup>2</sup>	23,4%	2
5/37	232,1m <sup>2</sup>	35,1%	461m <sup>2</sup>	19,6%	2
5/14			273m <sup>2</sup>	11,6%	1

Tabellen syner arealfordeling mellom eigarane på BUN\_2. Fordeling av nytt areal, kven som får mest auke etc kan vere ein nøkkel for kostnads-delninga ved fylling. Gnr 5/14 gå inn og ta sin del av kostnadane

BUN\_3 er ei bitte lita tomt der det før sto ei saltebud. Her er plass til eit lite naust med grunnflate ca 35m<sup>2</sup> (7x5m). BUN\_3 skal vere knytt til eksisterande bustadeigedom lenger oppe i bygda. BUN\_3 skal ha parkering på f\_SPP





### c - Felles uteområder

f\_BAU\_1 skal vere felles ute- /opphaldsområde for hyttene i BFK\_1 og rorbudene i BFR\_5. Dette området skal vere ein samlingsplass og møteplass som ikkje kan bebyggast, men der terrenget i nokon grad kan bearbeidast slik at der vert lettare farbart. Det kan også etablerast aktivitetsanlegg som t.d felles grillplass etc som ikkje framstår som permanente anlegg. Området skal vere felleseige for eigarane i BFK\_1 og BFR\_5 med felles vedlikehaldsplikt.

f\_BAU\_2 skal nyttast som ei lita grøn opning ved enden av strandpromenaden. På området kan det ikkje opprettast permanente anlegg eller bebyggelse, men her kan etablerast beplantning og nokre kvilebenkar.

### d - Nærmiljøanlegg f\_BNA

f\_BNA skal nyttast til felles «klubbhus» / felles møteplass for BFK\_1 og BFR\_6. Huset kan ha kjøken / grill og vanleg sittemøblement, men kan ikkje nyttast til varig opphald / overnatting. Huset skal ha innlagt vatn frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg. Grunngevinga for dette er vel helst at her er sopass mange regn- og havskoddedagar kvar sommar at det er behov for ein innadørs samlingsplass.

### e - Anna tenesteyting.

Ferdig utbygd vil det bli behov for felles bossoppsamling der renovasjonsbil lett kan kome til for tømning, og også få snudd. Ved lengre ferieopphald kan det også vere behov for omdeling av post som vert mellombels omadressert hit. f\_BAT ligg sentralt og lett tilgjengeleg for dei fleste i planområdet. Her kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling, og det kan også settast opp felles postkasse-stativ.

## 6.3.2 Samferdsleanlegg:

### a - Teigenesvegen / Ny trasé for omlegging av Fv21

Teigenesvegen er ein kommunal veg som no ender ved sjøbudene på Teigeneset. Denne vegen vert influert av ein evt. ny fylkesvegtrasé som ligg inne i planen. Arealbruken i nordaustre enden av vårt planområde vil kome i konflikt med den nye Fv-lina dersom den skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 . Vi må då gjere merksam på at dei eksisterande nausta på 5/4(Torbjørn Teige), 5/49(Mona Pettersen), 5/45(Gustav Kvalsund) og 5/3(John Olav Teige) vil kome i konflikt med den nye Fylkesvegen. Kommunen ynskjer likevél at vi skal ta denne lina inn i detaljreguleringa for å sikre at Fv-traséen ikkje vert attbygd.

### b - Internvegane f\_SKV\_1-3

Internvegane f\_SKV\_1og2 er tilkomstvegar til naust- og rorbuder. Desse bygga har portar mot vegen der båtane skal takast inn, og areala mellom bygga og vegen vert utforma som trafikkareal. Dvs at heile areala inklusive internvegane framom bygga vert utforma som ei samanhengande trafikkflate. Vegen skal likevel vere markert for å sikre open ferdsle utan hindringar.

f\_SKV\_3 er ein felles tilkomst til BFF og SPP

### c - Parkeringsplassar f\_SPP

Desse parkeringsplassane skal nyttast som felles parkering til Hyttene på BFK\_1 og rorbudene på BFR\_5. Vi får plass til 14 P-plassar på f\_SPP. Arealet ligg inntil- og er avgrensa mot reguleringsplanen for Kvalsund – Teige (Plan ID: 1515\_200801), men den er i konflikt med den nye Fv-lina slik den er framstilt i planen frå 1975. I reguleringa frå 2008 er imidlertid Fv-lina lagt inn med noko avvikande trasé i høve vegplanen frå -75. I dette bildet vél vi å halde oss til reguleringa frå 2008.

#### d - Strandpromenade f\_SGG

I kommuneplanen er det bestemt at det skal vere høve til fri ferdsel på sjøsida av naust og rorbuder i planområdet. Vi skal fylle ut området slik at vi får høve til tilflot for småbåter framom naust og rorbuder. Vi har valgt å legge ein gangveg (promenade) langs sjøkanten på dei nye fyllingane. Denne er innregulert med 2m breidde utan trapper og høgdeskilnadar. Den vil soleis kunne få Universell Standard.



Fyllingsfronten er tenkt utforma med ein gangveg yst mot sjøkanten. På bildet til venstre er eit døme på ei slik utforming i Volda sentrum med gangveg (promenade) langs sjø-kanten på fyllinga.

### 6.3.3 Grønstruktur:

#### a - Badeområdet (landdelen GB)

Berggrunnen er oppsprukken, skifrig og svært vanskeleg å ferdast på. For at dette skal fungere som badeområde må vi jamne ut grunnen og fylle på noko sand nederst mot øvre flomål og kanskje litt utover mellom skjæra på dei grunnaste områda. Men intensjonen er å beholde litt av naturleg strandline utan vesentleg fylling. Badeområdet skal vere ålment tilgjengeleg via promenadane og internvegane.

### 6.3.4 Bruk og vern av sjø- og vassdrag:

#### b - Badeområde i sjø (f\_VB)

Det kan fyllast sand på den grunne delen av VB ut til skjæret som ligg yst på området. VB kan ikkje trafikkerast av motorgående farty. Det kan plasserast badeflåte og liknande innretningar innanfor VB. Kommunen skal godkjenne plassering av slike innretningar.

#### a - Friluftsområde i sjø (o\_VFR)

Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det er tillate med sjørealterte aktivitetar som bading, roing, segling/brettsegling, alminneleg ferdsel og fiske. Innanfor o\_VFR kan det ikkje etablerast småbåtanlegg som t.d flytebrygger. Her vil vi på ei gitt strekning utforme fyllings-fronten med tilflot for småbåtar.


#### c - Hamneområde i sjø (o\_VHS)

I Hamneområdet VHS er det rett til ålmann båtferdsle. Her kan etablerast småbåtanlegg, t.d flytebrygger, men for alle tiltak i sjø såsom utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. må det søkast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningsloven.


## 6.4 Planlagde offentlege anlegg – Framtidig trasé for Fv21

Teigenesvegen er ein kommunal veg som no ender ved sjøbudene på Teigeneset. Denne vegen vert influert av ein evt. ny fylkesvegtrasé som ligg inne i planen. Denne fylkesvegomlegginga som har hengt ved i det kommunale planverket i 41 år er framleis ikkje aktuell for gjennomføring i overskueleg tid, og med 5 års detaljplanperspektiv har vi difor regulert inn noverande Teigenesvegen som tilkomst til vårt planområde. Planen frå 1975 er synt på neste side med horisontal og vertikal utforming, skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 som også er teke inn i den nye kommuneplanen.


NR.	ENDRING-ERSTATNING	DATO.	SIGN.
		SIGN.	
		ARK.	
		SIGN. 27/II-75. P.S	
		ARK.	
F.V. 21 H.P. : KOPARSTAD-KVALSVIK		MÅLESTOKK:	
PARSELL : Kvalsvik - Teigenes		Hor. 1:1000	
		Vert. 1:200	
DETALJPLAN:		PLAN OG PROFIL	2-20-A0
		PROFIL	



Arealbruken i nordaustre enden av vårt planområde vil kome i konflikt med den nye Fv-lina dersom den skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 som også er teke inn i den nye kommuneplanen. Vi må då gjere merksam på at dei eksisterande nausta på 5/4 (Torbjørn Teige), 5/49 (Mona Petterse), 5/45 (Gustav Kvalsund) og 5/3 (John-Olav Teige) vil kome i konflikt med den nye Fylkesvegen. Kommunen ynskjer likevél at vi skal ta denne lina inn i detaljreguleringa for å sikre at Fv-traséen ikkje vert attbygga.







### 6.4 Universell utforming

Heile planområdet er sopass flatt at vi får universell standard frå P-plass til inngang på dei fleste bygga i planområdet. Gangvegen på sjøsida har små høgdeskilnadar, og ved å unngå trappetrinn og høgdeskilnadar i endene mot fellesvegane denne promenadevegen på universell standard frå parkeringsplassane.

### 6.5 Landbruksfaglege vurderingar

Arealet for framtidig Fv21 – o\_S er den einaste delen av planområdet som går over fulldyrka mark på gnr 5, brnr 3. Omlegging av Fv21 er eit overordna og samfunnsnyttig prosjekt, og det må vel difor akseptertast at det går med noko dyrkamark. Det er ellers ikkje landbruksdrift på 5/3 no.

### 6.6 Kulturminne

Den einaste registreringa i Askeladden i planområdet er eit SEFRAK-registrert objekt: 0003 – 008: Naust. Dette ser ut til å vere det gamle naustet som sto på teig 5/61 – Svein og Magne Teige. Naustet gjekk med i ein storm for ein del år sidan.



### 6.7 Vassforsyning og avlaup – tilknytting til off. nett.

Hytter og rorbuder skal ha full sanitær standard med vassforsyning frå privat vassverk og avlaup til kommunalt nett. Spillvatn (svart- og gråvatn) skal samlast i sentralt punkt og pumpast i fellesleidning til kommunal pumpestasjon: EGS\_punkt, sid 4795. Reg.dato 2014 0908. Derfra pumping til kommunalt utslepp. Prosjektering skal gjerast i samband med byggemelding, og det skal om mogløg samordnast med kloakkløysinga for Teigebogen

### 6.8 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Dei avbøtande tiltaka som ligg i planen i høve ROS er:

- Bygningsplassering i plan og høgd
- Krav til materialbruk som ivaretek omsynet til stormflo.

## 7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

### 7.1 Overordna planar

Planframlegget er i samsvar med overordna plan både m.o.t føremål og utstrekning.

### 7.2 Landskap og omgjevnader - Staden sin karakter

Landskapet endrar seg særleg pga fylling i sjø, og omgjevnadane får eit endra preg pga endra bruk. Det som krakteriserer utviklinga av sjøfronten mellom søreVaulen og Teigeneset dei siste 50 åra er:

-Talet på naust har auka mykje – og vi har fått ein del fritidsbebyggelse (rorbuder) i sjøkanten

-Det meste av auken har kome på oppfylt areal.

-Det er bygd moloar som gir nok ly til at det kan leggast ut flytebrygger for småbåtane

-Bruken har endra seg frå næring/matauk/transport til fritidsbruk/rekreasjon/turisme.

Den gamle maritime bebyggelsen låg i tre-fire klynger på naturlege opptrekks plassar for båtane der det var livd og godt tilflot. Her var 16naust + 7sjøbuder mellom søreVaulen og Teigeneset i 1965.

Den nyare bebyggelsen har kome i tilknytting til dei gamle klyngene på nytt utfyllt areal og med moloar som har gitt ly og høve til flytebrygger. No i 2016 er det på same strekninga 57 naust og 16 rorbuder (inkl dei gamle sjøbudene) No er dei fleste av desse bygga knytt til fritidsbruk / turisme og kanskje noko heimefiske.

Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt.

Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp till satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå søre Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga.

Vår utbygging vil er soleis eit nytt steg i same retninga som utviklinga har gått dei siste 50 åra.

### 7.3 Estetikk og byggeskikk

Vår plan legg opp til totalt 30-35 nye bygg i planområdet. Dette er stor auke på ein sopass liten stad.

Men her er det snakk om utbygging som skal gå over mange år. Grunnlaget for å kunne skape god byggeskikk er lagt i fordelinga mellom naust- og fritidsbebyggelse og orienteringa av bebyggelsen etter sjøfrontane. Mykje vil stå på den arkitektoniske utforminga av kvart einskildt bygg.

Her er mange eigarar på relativt små teigar, og kvar eigar ynskjer å få mest mogleg ut av sin teig. Dette handlar om å posisjonere seg i høve framtidig turistnæring, og skaffe seg grunnlag for framtidig utnytting av sine arealressursar.

Når det kjem til plassering av bygg er der ei grense mellom stivbeint lineær oppstabling av like bygg (slik som t.d på Jensholmen) i motsetnad til det å ha så store variasjonar i møneretning, høgde og materialbruk at plasseringa gir eit tilfeldig og rotete inntrykk.

Tradisjonell naustbygging har møneretning loddrett på strandlina unntatt på stadar der det er bratt eller hardt vérpådriv frå spesielle retningar. Her har vi lagt opp til at sjøtilknytte hus (naust og rorbuder) skal ha møneretning loddrett på sjøkanten. Vi legg også opp til at all naustbygging skal vere frittstående naust. Regelverket frå kommuneplanen om grunnflate, høgder og takvinklar er teke inn i føresegnene

### 7.4 Kulturminne og verneverdi

Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne i området.



### 7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artskart.no](http://www.artskart.no) viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ut frå dette konkluderer vi difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jf. naturmangfaldlova §§8-12.

### 7.7 Friluftsinnteresser

Området er lite brukt til rekreasjon no, og denne utbygginga vil gjere sjøen tilgjengelig for fleire. Den planlagde utbygginga vil auke området sin verdi som rekreasjonsområde både på land og sjø.

### 7.8 Trafikkforhold

Det ligg ein uavklara konflikt i planen i og med at ny trasé for Fv21 er teke med. Dersom den nye vegen skal byggast i samsvar med vegplanen frå 1975 vil det oppstå konflikt med BUN\_1 og BFR\_1 i vår plan. Forbi BUN\_1 vil Fv-lina gå 3-4m bak naustveggane og 2-2,5m høgre enn noverande Teigenesveg. Om ikkje anna vil det bli vanskeleg å kome seg ned frå Fv til nausta og rorbudene på BFR\_1 pga høgdeskilnaden.

### 7.9 Barn sine interesser

For både barn og vaksne vil denne utbygginga, og tilgangen til båt-og sjøliv ha ein positiv effekt. Området vil i langt større grad enn i dag vere eit attraktivt område å oppsøke.

### 7.10 Sosial infrastruktur

Liten relevans utifrå arealbruk.

### 7.11 Universell tilgjengelegheit

Området er utilgjengeleg for rørslehemma no. Vår utbygging vil generelt gi betre tilgang til strandkanten både for rørslehemma og førige personar. Naust og rorbuder vil også kunne gjerast universelt tilgjengelege slik at rørslehemma kan kome inn som kjøparar på denne marknaden tilliks med alle andre.

### 7.12 ROS

#### Ustabile grunnforhold?

I følgje NGU sine kartbaser ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)) ligg planområdet litt innpå eit område med tjukk strandavsetning. Det er hytteområdet BFF som vert berørt, men her er allereide bygd både vegar, hus og andre tekniske anlegg utan at det har vore insidenter som tyder på ustabile masser. Vi konkluderer difor med at det ikkje er behov for nærare vurdering av grunnstabilitet i planområdet.

#### Er området sårbart for stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?

I samsvar med Tek10 §7-2 ligg naust i sikkerheitsklasse F1 og fritidsbebyggelse (rorbuder/hytter) i klasse F2. Innanfor F1 er største nominelle årlege sannsynlegheit for flaum satt til 1/20 (20-års flaum) og F2 til 1/100 (100-års flaum). Rapporten «Havnivåstigning – klimatilpassing Norge», utarbeidd av DSB m.fl, har satt kotehøgda for 100-års stormflo til cote 2,72. I gjeldande kommunedelplan er det i vedtektene til nye naustområda satt krav om at alle konstruksjonar under cote 2,72 skal dimensjonert og utformast for å tole påkjenningar ved stormflo. På bakgrunn av dette er nausta og rorbudene plasserte med golvnivå på kote 2,50, og føresegnene bestemmer at bygningsdeler under cote 2,72 skal tole overfløding og stormpådriv.

#### 7.14 Jordressursar/landbruk

Ca 1da fulldyrka mark på 5/4 vert omdisponert frå landbruk til framtidig vegareal for Fv21.

#### 7.15 Teknisk infrastruktur

##### Vatn og avlaup

Inga endring som følgje av plan. Nausta skal ikkje tilknyttast VA-anlegg. Takvatn førast til terreng/sjø.

#### 7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Tiltaket vil generelt styrke grunnlaget for turistnæringa på sikt gi auka skatteinngang.

#### 7.17 Konsekvensar for næringsinteresser

Opparbeidinga av nausta / fritidsbebyggelse vil kunne generere inntekter til lokalt næringsliv.

Tiltaket vil også kunne stimulere til auka turistnæring på lengre sikt i kommunen

### 8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

### 9 INNKOMNE INNSPEL

9.1 Samandrag og kommentar:

## Teigane, Nerlandsøya

Forvarsling i tida 5.feb – 20.mars 2015

Desse har kome med innspel:

- 1 - Fylkesmannen i M&R
- 2 - M&R Fylkeskommune
- 3 - Statens vegvesen
- 4 - NVE
- 5 - Bergen sjøfartsmuseum - marin arkeologi
- 6 - Runar Teige / Pauline Kvalsund / Paul Teige
- 7 - Svein og Magne Teige
- 8 - Åse Torgersen

Samandrag og Kommentar

#### 1 - Fylkesmannen i M&R

- a) Viser til krav om dokumentasjon i høve naturmangfaldslova §7
- b) Naust og fritidshus må vere fysisk skilde med buffersone mellom. Bør ha opningar mot sjø
- c) Planområdet er større enn areala som er avsett til føremålet i kommuneplanen. Legg til grunn at LNF-område ikkje må bli berørt av reguleringsplanen
- d) Viser til PBL §4-3 som krev ROS-analyse. Viser til Fylkesmannen si «Sjekkliste»



Kommentar

- a) Ingen spesielle registreringar i Naturbase eller Gislink
- b) Vi tek dette til vitande
- c) Avgrensinga på området er gjort i samråd med Herøy kommune. Vi intenderer ikkje å bygge naust / rorbuder utanfor det området som er avsett til slike føremål i kommuneplanen.
- d) Slik utfyllt «sjekklister» ligg ved i utsendt oppstartvarsel.

## 2 - M&R Fylkeskommune

- a) Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering i samb. med off. ettersyn. Området er vurdert til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar må dekke kostnadane med registreringa. Samla økonomisk ramme for det arkeologiske arbeidet (1 veker verk feltarbeid + etterarbeid) vil utgjere kr. 66.250,- Arbeidet bør gjerast så tidleg som mogleg i prosessen.
- b) Det er snakk om fylling i sjø, og Bergen sjøfartsmuseum vert difor kobla inn. (Sjå merknad nr 5)
- c) Oppstartvarselet er fyldestgjerande. Ingen merknad til det planfaglege anna enn at det er ynskje om universell tilkomst på området og at det vert opna for ålmenn tilkomst til sjø.

Kommentar

- a) Vi tek dette til vitande. Undersøking vil bli tinga så snart eigarane har gjeve grønt lys. Vi har no i ettertid konstantert at arkeologiinteressene knyter seg utelukkande til areala som omfattar grunn til ny Fv21. Denne vegn er ikkje inne på nokon prioriteringslister eller budsjett og ligg evt. langt fram i tid. Vårt oppdrag er å ta arealet inn i planen for å hindre attbygging av traséen. Vi har difor fått forståelse for at arkeologisk registrering skal knytast til evt detaljplanlegging / prosjektering av Fv21 når og om den måtte kome.
- b) Bergen Sjøfartsmuseum har kome med innspel. Ingen krav om marin undersøking.
- c) Tek til vitande ynskjet om Universell Tilkomst og opning for ålmenn tilkomst til sjøen.

## 3 - Statens vegvesen

Statens vegvesen har ingen merknadar til varsla arbeid. Vil kome attende til detaljar og avklaringar når planframlegget ligg føre.

Kommentar

Spørsmålet om FV21 skal inn i planframlegget må avklarast, og dette må skje i planprosessen før framlegget ligg føre. Denne avklaringa må skje i samråd med kommunen. Kommunen si haldning er at traséen må takast inn i planen for å sikre areala mot attbygging. Det vert då snakk om rein flateregulering ut frå planen datert 1975 utan noko form for detaljering. Dersom vegparsellen skal inn i planen må Statens vegvesen utarbeide samla detaljplan som vi kan klippe inn i vår regulering.

## 4 - NVE

NVE har ingen innspel til planarbeidet

## 5 - Bergen sjøfartsmuseum - marin arkeologi

- a) Kjenner ikkje til kulturminne som kan bli råka i dette området. Basert på topografien i området ser BS lågt potensiale for funn av marine kulturminne. Krev ikkje undersøkingar, men oppmodar oss om å ta vare på evt. fortøyningsringar i «Teigeviken» i nordenden av området sjølv om desse ringane ikkje er formelt verna.
- b) Dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. pliktar tiltakshavaren å gje melding til museet. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

### Kommentar

*Vi tek dette til vitande. Desse fortøyningsringane i «Teigeviken» ligg ikkje innanfor vårt planområde.*

## 6 - Runar Teige / Pauline Kvalsund / Paul Teige

- a) Ynskjer best mogleg samla arealutnytting for teigane 5 / 37, 38, 39 og 40 uavhengig av noverande parsellgrenser.
- b) Ynskjer naustføremål m. tilhøyrande installasjonar. Ynskjer også tilrettelagt tilflot.

### Kommentar

*Vi noterer dette. Felles utnytting av desse teigane med noko fylling for tilflot er nok den mest rasjonelle måten å bebygge desse skrå og litt vanskelege teigane på.*

## 7 - Svein og Magne Teige

- a) Varsler at eigarane av 5/61 ikkje er interesserte i å vere med på detaljreguleringa som skal utarbeidast for området.
- b) Krev at teigen 5/61 med sjøtilkomst så langt som privat eigedomsrett gjeld ut i sjø vert teke ut av reguleringsplanen ved vidare handsaming.  
Ber om at kart og eigedomslistar vert korrigererte i samsvar med ovanstående

### Kommentar

*Kommuneplanen stiller krav om reguleringsplan for å kunne føre opp ny bygning i dette området. Vi får ikkje lov til å sette att «kvite flekkar» inne i eit reguleringsområde, og eigarane får heller ikkje føre opp nytt naust på tomte utan at den først er regulert, sjølv om der har stått naust før. Vi ber om at eigarane tek kontakt med Hallvard Rusten i Herøy kommune (tel. 70081371) for nærare informasjon om dette.*

## 8 - Åse Torgersen

Gjer merksam på at gnr.5 / bnr. 25 og 35 har tinglyst rett til å nytte hovudbruket 5/3 sin landingsvór i fjøra.

### Kommentar

*Dette er eit privatrettsleg spørsmål som ikkje kan fastleggast i reguleringsplanen. (Så lenge landingsvoren har tilkomst frå både land- og sjøsida skulle det ikkje vere noko i vege for å*

*oppretthalde ein slik klausul. Dersom landingsvoren vert omarbeidd til eller etstatta av ein meir tidhøveleg landingsplass eller kai kan kanskje retten overførast til denne nye plassen?)*

## KONKLUSJON:

- 1) Naust og rorbuder må vere fysisk avskilde. Det må vere opninger (sjøgløtt) i rekkene.
- 2) Det kan berre førast opp bygninger på dei områda som er avmerkte til føremålet i kommuneplanen.
- 3) Det er reist krav om arkeologisk registrering. Tinging bør gjerast snarast råd i samråd med tiltakshavar som må betale for registreringa.  
Kravet om arkeologisk registrering vart fråfalle då det nesten utelukkande var knytt til areala for ny Fv21. Det skal ikkje gjerast tiltak der i overskueleg tid, og kravet om registrering vil difor bli knytt til utarbeiding og gjennomføring av detaljplan for vegutvidinga.
- 4) Parsellane 5/37,38,39og40 kan utnyttast samla uavhengig av noverande parsellgrenser
- 5) Vi kan ikkje utelate 5/61 frå planen. Eigarane vert oppmoda om å ta kontakt med Hallvard Rusten i kommunen for nærare informasjon om regelverket .

## 10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planframlegget er utarbeidd i samsvar med overordna plan og i stor grad tilpassa innkomne merknader. Med dette vurderer vi planframlegget som tilstrekkeleg opplyst, og klart for politisk handsaming.



## KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Deres ref.:                      Vår ref.:                      Arkiv nr.:                      Saksbehandler:                      Dato:

2015/615-4

Torill Hestholm Myklebust

30.05.2017

### **Uttalelse - Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentlig ettersyn**

Vi viser til oversendelse datert 04.04.17 vedlagt forslag til detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5, bnr. 1 mfl..

#### **Formål og planstatus**

På vegne av grunneierne er det utarbeidet et forslag til detaljreguleringsplan for Teigane på Nerlandsøya i Herøy kommune. Planen er avgrenset og har innhold som er i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Området skal benyttes til kombinert bygge- og anleggsformål AN/FR1 for naust, rorbuer og eventuelt hytter.

#### **Kort om Kystverkets ansvar**

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsel. Etaten er et forvaltningsorgan underlagt Fiskeri – og kystdepartementet, og har det faglige ansvaret for sikkerhet og fremkommelighet i norske farvann og havner.

Kystverket skal sikre god fremkommelighet, trygg ferdsel, og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet, samt effektiv og sikker sjøtransport og havnevirksomhet.

Kystverket skal ivareta nasjonale interesser og føringer i blant annet:

- Lov av 17. april 2009 nr. 19 om havner- og farvann (havne- og farvannsloven).
- Ot.prp. nr. 75, (2007-2008) om lov om havner- og farvann.
- Losloven, og tilhørende forskrifter.
- Nasjonal transportplan 2014-2023 St. meld nr. 26 (2012-2013).
- Kystverkets handlingsprogram 2010-2019.
- St. meld. nr. 14 (2004-05) På den sikre siden – sjøsikkerhet og oljevernberedskap.
- St. meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsonen (FKD)
- St. meld. nr. 46 (1996-97) Havner- og infrastruktur for sjøtransport (FKD)
- Kystverket – en nasjonal etat for sjøsikkerhet, beredskap og sjøtransport.

#### Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 8025 ALESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson



For å ivareta sjøsikkerheten i norske farvann, har Kystverket etablert en omfattende infrastruktur og maritime tjenester. Den fysiske infrastrukturen består av fyr, sjømerker, skilting, etablering og utbedring av farleder og fiskerihavner.

De maritime tjenestene omfatter blant annet lostjenesten, utstedelse av farledsbevis, trafikkovervåking og trafikk kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemidler, meldings- og informasjonstjenester (is-, bølge-, strøm- og vindvarsling samt navigasjonsvarsler).

Kystverket har også ansvaret for statens beredskap mot akutt forurensing, og havnesikkerhet i norske havner med internasjonal trafikk (ISPS).

#### **Merknader**

Etter det vi kan se, ligger planområdet innenfor kommunens myndighetsområde etter havne- og farvannsloven.

Tiltak i kommunens sjøområder som kan påvirke sikkerheten og fremkommeligheten, er søknadspliktig og krever tillatelse, jf. havne- og farvannsloven § 27, 1. ledd.

Kystverket har utover dette ingen merknader til planforslaget.

Med hilsen

Harald Tronstad  
regiondirektør

Torill Hestholm Myklebust  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2014/778	
- 1 JUNI 2017	

## Herøy kommune

### Detaljregulering - reguleringsplan Teigane gnr5 bnr14 m.fl Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Målet med reguleringa er å legge til rette for bygging av naust og rorbuer/hytter innanfor planområdet. I gjeldande kommuneplan er området lagt ut til kombinert bygge- og anleggspåleggsmål, AN/FR1. Dette er område sett av til naust og fritidsbebyggelse (rorbuer/hytter). I tillegg strekkjer planområdet seg i nordvest litt inn på LNF-område. Utbygginga vil medføre om lag 30 – 35 nye bygg innanfor planområdet.

#### Natur- og miljøvern

Planområdet går noko lenger aust i sjøen enn det som er avklåra i overordna plan. Det ligg mellom anna ein liten utstikker/tange om lag midt i planområdet, som etter kommuneplanen er utanfor område sett av til AN/FR1. Ut frå kartet ser ut til at denne utgjør eit fint landskapselement, og den kan kanskje også vere eigna til ferdsel og opphald. Vi rår til at ein vurderer å ta vare på denne tungen og justere planen slik at planområdet er i tråd med overordna planverk.

Tiltaket inneber utfylling i sjø, og ein må vere sikker på at sjøbotn ikkje er forureina. Undersøkingar om sjøbotn er forureina, må gjerast i tråd med rettleiar «Håndtering av sedimenter» M-350/2015, som er tilgjengeleg på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Dersom sjøbotn er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11 før utfyllinga kan starte opp.

Det er positivt at det setjast av eit område til badeplass innanfor planområdet, men påfyll av sand til ei kunstig sandstrand kan krevje løyve etter forureiningslova. Tiltaket er søknadspiktig etter forureiningslova viss det er mistanke om at botnen har forurensa sedimenter. Tiltakshavar skal alltid vurdere om etablering og vedlikehold av den aktuelle sandstranda krev løyve etter forureiningslova. Ein bør ta kontakt med fylkesmannen viss det er tvil. Relevante moment i ei slik vurdering er storleik på tiltaket og verknader sammenhalde med tilstanden til resipienten. Vi viser også til:

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Friluftsliv/Friluftslivsomrader/Soknad-om-a-etablere-og-vedlikeholde-kunstige-sandstrender/>

Vi legg til grunn at sanda som fyllast på utgjør reine masser.

#### **Samfunnstryggleik**

I plandokumenta kjem det fram at det er gjort ei konkret vurdering av kor høgt over havet bygg må plasserast for å stå tilstrekkeleg trygt mot havnivåstiging. Vurderinga konkluderer med at ei kote på 2,5 for ferdig golv er tilstrekkeleg for naust og rorbu og at alt under kote 2,72 må dimensjonerast for å tole påkjenningar ved stormflo. Vi gjer merksam på at høgda for havstiging frå DSB sin rettleiar er utan ei lokal vurdering av vind- og bølgepåslag som vil gjere den reelle høgda høgre. Vi saknar derfor ei synleggjering av kva vurderingar som er gjort for at ein har konkludert med at kote 2,5/2,72 er tilstrekkeleg for tiltaket.

Sidan naust og rorbuer høyrer til to forskjellige tryggleiksklassar kan det derfor vere naudsynt å stille ulike krav til trygg byggjehøgde for dei ulike tiltaka. Spesielt syns vi kravet til kote og dimensjonering av rorbuer er noko lågt.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)  
fung.samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

#### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

#### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 29.05.2017 14:53:35

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Ingen merknad til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Teigane.

---

**Fra:** Systad Terje [mailto:tes@nve.no]

**Sendt:** 29. mai 2017 13:29

**Til:** postmottak

**Emne:** Ingen merknad til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Teigane - Nerlandsøya - GBnr 5/14 mfl - Herøy kommune

NVE har ingen merknad til offentlig ettersyn av detaljplan for Teigane.

Med helsing

**Terje Systad**

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 59

E-post: [tes@nve.no](mailto:tes@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)





Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no] Sendt: 29.05.2017 08:24:42 Til: Hilde Bringsvor Skinnes Tittel: Detaljreguleringsplan for Teigane, 2014/778

---

**Fra:** Anne-Kathrine Løberg

**Sendt:** 26. mai 2017 20:03

**Til:** postmottak

**Emne:** Detaljreguleringsplan for Teigane, 2014/778

Vi sett krav om at jordvernet vert prioritert.

Arealet som er sett av til ny FV21 må ikkje verte større enn 1 dekar fulldyrka jord slik planen viser.

Helsing

Anne-Kathrine Løberg

Landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Tlf. 70084670 Dir. 70084671

[www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	06.04.2017	48138/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	22.05.2017

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Teigane, Nerlandsøya gbnr 5/1 mfl. - fråsegn ved offentlig ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Automatisk freda kulturminne i sjø

Viser til punkt 5.5 i Planomtalen: 5.5 Kulturminne og kulturmiljø, jf. tilgjengelege kartbasar ([www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) og [www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Ved varsel om oppstart blei det sett fram krav om arkeologisk registrering. Dette var knytt til ny trasé for fylkesveg 21, for å unngå at aktuelle areal for fylkesvegen blei bygd att. Kravet om arkeologisk registrering til denne planen er difor trekt, og vil bli knytt til fylkesvegprosjektet, når- og viss denne ein gong blir aktuell.

### Automatisk freda kulturminne i sjø

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Teigane gbnr. 51-1 mfl., i Herøy kommune, som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har tidligare gjennomført marinarkeologiske undersøkingar like sør for reguleringsområdet. Basert på topografien i planområdet ser me at det er et lågt potensial for funn av marine kulturminne. Me kjenner til at det skal ha vore fortøyingsringar då det har vore ankringsplass i Teigeviken, noko nord for planområdet. Me anmoder om at eldre fortøyingsboltar/ringar vert ivareteken, sjølv om dei ikkje har eit formelt vern. Museet har ingen fleire merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt friggeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

### KONKLUSJON

- Automatisk freda kulturminne land; tidlegare krav om arkeologisk registrering er knyta til fylkesveg 21. og er derfor trekt.
- Automatisk freda kulturminne sjø; Bergen sjøfartsmuseum anmoder om at eldre fortøyingsboltar/ringar vert ivareteken, sjølv om dei ikkje har eit formelt vern, og viser elles til varslingsplikt ved eventuell opparbeiding.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Innsendt: 22.05.2017 20:42

Ref.nr: FSKWVY

## Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

## Offentlig høring - høringsvar

<b>Innsender</b>		
Innsender er: Privatperson		
Fornavn og ev. mellomnavn Petter Mathias	Etternavn Olsen	
Adresse Nystulia 136	Postnr. 2022	Poststed Gjerdrum
E-postadresse <a href="mailto:annkristinwaldal@gmail.com">annkristinwaldal@gmail.com</a>		Mobilnr. 99530223

<b>Saken gjelder</b>
Hvilken sak vil du uttale deg om? Detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl.
Saksnr. 2014/778
Høringsvar Høringsvar på vegne av Eva og Petter Olsen Gårdsnr. 5 Bruksnr. 65 Seksjonsnr.7
<p>1. Innsigelse på fyllingsgrense ut i sjøen med bakgrunn i at det vil utgjøre store inngrep i fauna/fugleliv.</p> <p>2. Bekymret for om fylningsgraden mht. mulig konsekvens ved ekstremvær og framtidig høyere vannstand/stormflo/bølgepådriv vil påvirke vår eiendom.</p> <p>3. Viser til det generelle forbudet mot bygging i 100 meters belte. Nasjonale føringer for strandsonen og statlige planretningslinjer, der det fremkommer flg; "at det i 100-metersbeltet skal tas særlig hensyn til naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. I tillegg er lovfestede unntak fra forbudet tatt ut, slik at behovet for tiltak skal vurderes i plan."</p> <p>4. Er så store inngrep, som beskrevet i dette forslaget i tråd med statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen?</p> <p>5. Vi ønsker en generell utbygging med hytter og naust velkommen men er skeptisk til at dette forslaget utgjør så store inngrep i naturen og mener at en utbygging bør forholde seg til den eksisterende strandlinjen uten å fylle ut i sjø. Det er få områder igjen med naturlige sjø elementer.</p>
Med vennlig hilsen Ann-Kristin Waldal



Dokumentasjon		
Beskrivelse	Last opp dokumentasjon	Ettersendes per post

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 26.04.2017 08:04:27

Til: Brit Berge

Tittel: VS: 15/00663-15 - Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentleg ettersyn

---

**Fra:** Norleif Nordal [mailto:Norleif.Nordal@Morenett.no]

**Sendt:** 25. april 2017 12:53

**Til:** postmottak

**Emne:** 15/00663-15 - Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentleg ettersyn

Uttale til reguleringsplan **Detaljreguleringsplan for Teigane, 2014/778:**

Mørenett reknar med dei flest bygga i denne planen skal ha straumtilkopling og då vert truleg eksisterande lavspentsnett i området for svakt og vi må føre fram høgspenkabel til området og sette opp ein ny nettstasjon. Etter det vi forstår vil det komme tilsvarende reguleringar også nord for dette området og den ny nettstasjonen bør derfor plasserast nord i reguleringsområdet. Aktuelle plasseringar kan vere i område BFR\_1 eller i o\_S, men det siste er vel regulert i ein mogleg framtidig veg og vil då ikkje vere aktuell.

Vennleg helsing



Norleif Nordal  
Ingeniør Plan  
Mørenett AS

+47 913 49 904

[norleif.nordal@morenett.no](mailto:norleif.nordal@morenett.no)

*Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon. Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.*

**Fra:** [ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no](mailto:ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no) [mailto:ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no]

**Sendt:** 6. april 2017 14:41

**Til:** [Anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:Anders.smith-ovland@mrfylke.no); [ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no](mailto:ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no); [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no); [postmottak@fmmr.no](mailto:postmottak@fmmr.no); [firmapost-midt@vegvesen.no](mailto:firmapost-midt@vegvesen.no); [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no); [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no); [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no); [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no); [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no); [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no); Mørenett Firmapost ; [camilla.storoy@heroy.kommune.no](mailto:camilla.storoy@heroy.kommune.no); [mona-grethe.ryssevikk@heroy.kommune.no](mailto:mona-grethe.ryssevikk@heroy.kommune.no); [arve.moltubakk@tussa.com](mailto:arve.moltubakk@tussa.com); [smvr54@hotmail.com](mailto:smvr54@hotmail.com); [ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no](mailto:ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no)

**Emne:** Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentleg ettersyn

*Denne e-posten inneheld plandokument sendt gjennom skjemaløysninga for oversending av plansaker på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune.*

*Vi ber om at mottakar journalfører oversendinga og eventuelle vedlegg for vidare saksbehandling/dokumentasjon.*

*For meir informasjon om skjema for oversending av plansaker, sjå [Møre og Romsdal fylkeskommunes nettside](#).*

*Vedlegga for denne saka er for store for å kunne sende på epost.*

# REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan – detaljplan

Teigane Gnr.5, brnr: 1,4,13,14,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61

Nerlandsøya, Herøy kommune

Plan ID: 201410

Plan dato: 31.des 2016

Sist revidert: 10.08.2017 av Herøy kommune som følge av innspel frå Mørenett AS

## 1 - Generelt:

- 1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL av 2008.  
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.
- 1.2 Etter at planen er godkjent er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtaler som kan hindre gjennomføring av planen.

## 2 - Reguleringsføresmål:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A):	Fritidsbebyggelse hytter konsentrert (1122) BFK1,2 Fritidsbebyggelse hytter frittliggande (1121) BFF Fritidsbebyggelse Rorbuder (1122) BFR_1-6 Naust (1589) BUN_1-3 Felles uteområde f_BAU_1,2 (1690) Nærmiljøanlegg f_BNA (1440) Annen tenesteyting – returpunkt renovasjon f_BAT (1169)
Samferdsleanlegg (S):	Felles køyrevog (2011) f_SKV_1-3 (internvegar) Off. veg o_SKV (2011) (Teigenesvegen) Samferdsleanlegg o_S (2001) (grunn til framtidig Fv21) Parkeringsplassar (2082) f_SPP Gangareal f_SGG (2016) (strandpromenade) Annan vegggrunn – Fyllingsfront f_SVT_1 (2018) Annan vegggrunn – Tekn. Anlegg – båtopptrekk f_SVT_2
Grønstruktur (G):	Badeplass (3041) f_GB
Bruk og vern av sjø og vassdrag:	Friluftsområde i sjø (6710) f_VFV Badeområde i sjø (6770) f_VB Hamneområde i sjø (6220) f_VHS

## 3 - Fellesføresegner:

- 3.1 Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet
- 3.2 Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.

- 3.3 Innanfor byggeområdet kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar og andre tekniske innretningar der det er nødvendig.
- 3.4 Vegar og tekniske anlegg innanfor eit delområde skal vere opparbeidde før det kan gjevast bruksløyve til nye bygg i det aktuelle delområdet..
- 3.5. Utfylling i sjø:
- Dei delane av byggeområda som grenser til sjø skal fyllast til sjøfront i samsvar med reguleringskartet. Fyllinga skal i front ha høgde 2m over NN2000. Ferdig golv på bygg som står på fyllinga skal golvhøgde på cote 2,5 over NN2000. Alle bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,7 må tole sjøvatn og stormflo / bølgepådriv.
  - Det skal vere ålment tilgjenge langs fjøra på tilrettelagt strandpromenade (f\_SGG) i sjøkanten langs fyllinga i samsvar med reguleringskartet. f\_SGG skal ha høgde minimum 1,9m over NN2000 og skal konstruerast slik at den toler overfløding og stormpådriv. Sjøfronten på fyllinga / strandpromenaden kan utformast slik at den kan nyttast som tilflot med småbåtar. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg eller andre stengsler som kan hindre ferdsla langs f\_SGG

## 4 - Bebyggelse og anlegg

### 4.1 – Fritidsbebyggelse – Frittliggende hytter BFF (sosi 1121)

- Området merka BFF skal nyttast til 2 frittliggende hytter
- Bygga kan ha fri formgjeving og moderne materialbruk, men mønehøgda (raftehøgda v pulttak) skal ikkje overstige 5,5m over topp grunnmur / fundament. Kvar hytte kan ha bruksareal (BRA) inntil 100m<sup>2</sup>
- Det kan førast opp eit uthus/anneks pr. hytteeining max 10m frå hytta med storleik inntil 15 m<sup>2</sup> BRA og med mønehøgde inntil 3m
- Ved byggemelding av første bygg skal det leggjast fram situasjonsplan for heile BFF der plassering, storleik, materialbruk og utforming av uteareala skal dokumenterast og illustrerast.
- Hyttene i BFF skal ha full sanitær standard med avlaup til kommunalt anlegg.
- Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.

### 4.1 – Fritidsbebyggelse – konsentrert hyttebygging BFK\_1,2 (sosi 1122)

- Områda merka BFK skal nyttast til konsentrert fritidsbebyggelse - hytter.
- Utnyttingsgraden på dei ulike delfelta skal vere:  
BFK\_1: BYA<sub>max</sub> = 35%,  
BFK\_2: Området kan ha 3 hytter i samsvar med tomtedelinga på reguleringskartet.
- Bygga kan ha fri formgjeving og moderne materialbruk, men mønehøgda skal ikkje overstige 5,5m over topp grunnmur / fundament. Kvar hytte kan ha bruksareal (BRA) inntil 100m<sup>2</sup>
- Det kan førast opp eitt uthus / anneks pr. hytteeining inntil 10m frå hytta med storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> BRA og med mønehøgde inntil 3m. Uthus i BFK\_2 skal ikkje innreidast for varig opphald
- Ved byggemelding skal det leggjast fram situasjonsplan for heile delområdet der plassering, storleik, høgde, materialbruk og utforming av uteareala skal dokumenterast og illustrerast.
- Hyttene i BK\_1 og 2 skal ha full sanitær standard med avlaup til kommunalt anlegg.
- Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.
- BFK\_1 skal ha tilkomst frå Teigenesvegen / f\_SKV2, og BFK\_2 frå f\_SKV1.
- BFK-områda skal ha ein parkeringsplass pr hytte.



BFK\_1 skal ha felles parkering på området SPP, og BFK\_2 skal ha parkering på eigen grunn.

#### 4.2 – Fritidsbebyggelse, Rorbuder BFR\_1-6 (sosi 1122)

- a. Rorbudene på BFR\_1-6 kan først opp i to etasjar med BRA inntil 80 m<sup>2</sup> der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der 2.etasjen er innreidd for overnatting og opphald.
- b. Mønehøgde rekna frå topp golv nærast sjøen kan vere inntil 6,5m.
- c. Dei delane av bygningane som ligg lavare enn 2,7 m over NN2000 må byggast i materiale som toler sjøvatn og bølgepådriv.
- d. Rorbudene skal ha vassforsyning frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg.
- e. Utnytting på dei ulike rorbudområda:
  - BFR\_1 kan BYAmax=30%. Rorbudene i BFR\_1 skal ha tilkomst frå o\_SKV (Teigenesvegen)
  - BFR\_2 kan ha 1 rorbud med tilkomst frå Teigenesvegen
  - BFR\_3 kan ha 2 rorbuder med tilkomst frå f\_SKV\_1
  - BFR\_4 kan ha 5 kjeda rorbuder med tilkomst frå den søraustlege greina av f\_SKV\_1
  - BFR\_5 kan ha 3 rorbuder. Tilkomst frå f\_SKV\_2
  - BFR\_6 kan ha 1 rorbud med tilkomst frå o\_SKV (Teigenesvegen)
- f. Kvar rorbu skal ha min.1 parkeringsplass på eigen grunn.  
Rorbudene i BFR\_5 skal ha ein p-plass kvar på f\_SPP
- g. Ved byggemelding av første bygg på eit delområde skal det leggjast fram samla situasjonsplan for heile det aktuelle delområdet der byggplassering, fasadar, utforming av uteareal og parkering for alle bygga på delområdet vert illustrert.

#### 4.3 Naust, BUN\_1-3 (sosi 1589)

- a. I områda merka BUN skal det byggjast naust i ein etasje. Garnloft kan tillast.  
Nausta i BUN kan ikkje innreist for varig opphald.
- b. BUN\_1 utgjer 2 eksisterande naust. Ved evt. påbygg / fornying av desse skal nedanforståande reglar (4.3 c-j) gjelde.  
På området BUN\_2 kan det byggast 9 nye naust. Frittstående naust skal ha min.1m opning / passasje til nabonaust. Eventuelle dobbeltnaust med storleik over 60 m<sup>2</sup> må ha brannskilje-konstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.  
På BUN\_3 kan det oppførast eit naust med grunnflate maks 35m<sup>2</sup>
- c. Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 2,3 – 2,5 over NN2000 avhengig av terrenghøgda på staden. Bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,7 skal ha berande bygningsdelar i betong / anna materiale som toler sjøvatn og verknadane av stormflo og bølgepådriv.
- d. Nausta skal ha saltak.
- e. Nausta kan oppførast med bruksareal (BRA) inntil 60 m<sup>2</sup>.
- f. Mønehøgde, rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m eller kan tilsvare breidda på naustet.
- g. Vindauga må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen.  
Vindaga si dagslysflate skal ikkje overstige 3% av grunnplanet sitt bruksareal (BRA)  
Nausta kan ikkje ha kvist/takoppløft, karnapp eller andre fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.
- h. Nausta kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar.
- i. Det er ikkje tillate med gjerde / levegg eller andre stengsler som kan hindre ferdsle i området.
- j. Kvar naust skal ha min.1 parkeringsplass på eigen grunn.

#### 4.4 Annan tenesteyting – returpunkt for renovasjon: f\_BAT - sosi1169

På f\_BAT kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling. Det kan også settast opp felles postkassestativ

#### 4.6 Felles uteområde f\_BAU\_1,2 – sosi1690

f\_BAU\_1 er felles uteopphaldsområde for fritidshusa i BFK\_1 og BFR\_6. Området kan opparbeiddast og nyttast som samlingsplass for vaksne og born. Det kan plasserast leikeapparat i området om ynskjeleg.

f\_BAU\_2 skal nyttast som ei lita felles grøn «lomme» ved enden av promenadevegen.

Plassen kan opparbeiddast parkmessig, og det kan settast opp benkar på området.

#### 4.5 Nærmiljøanlegg f\_BNA – sosi 1440

f\_BNA skal nyttast til felles «klubbhus» / felles møttestad for BFK\_1 og BFR\_5. Huset kan ha kjøken / grill og vanleg sittemøblement, men kan ikkje nyttast til varig opphald / overnatting. Huset skal ha innlagt vatn frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg.

Huset skal vere i ein etasje, maks 60m<sup>2</sup> BRA og mønehøgde 4,5m. Tilkomst frå f\_SKV\_1

## 5 – Samferdsleanlegg

#### 5.1 Teigenesvegen (o\_SKV)

o\_SKV skal nyttast som hovudtilkomstveg med noverande standard

#### 5.2 Privat felles tilkomstveg (f\_SKV\_1-3)

f\_SKV\_1 skal vere felles privat køyreveg for alle eigedomane innanfor planområdet

f\_SKV\_2og3 skal vere felles private køyreveggar for dei eigedomane som er tilknytta desse vegane.

#### 5.3 Parkering (f\_SPP):

f\_SPP skal nyttast som felles parkeringsareal for fritidshusa på BFK\_1 og BFR\_6.

#### 5.4 Gangareal – Strandpromenade (f\_SGG – sosi 2016)

Det skal leggjast vekt på å gje fyllingsfront/promenade ei estetisk og funksjonell utforming.

f\_SGG skal utformast med universell standard. Alle har rett til ferdslé på f\_SGG

#### 5.5 o\_S er parsell av framtidig areal for ny Fv21. På o\_S kan det ikkje førast opp bygningar eller etablerast varige anlegg som kan vere til hinder for gjennomføring av Fv-prosjektet.

#### 5.6 Annan veggrunn (f\_SVT\_1,2)

a Båtopptrekket skal vere felles for alle eigedomane innanfor planområdet.

b Fyllingsfronten utgjer enden på fyllinga og skal utformast i samsvar med reglane i §3.4

## 6: Grønstruktur

### 6.1: f\_GB Felles badeplass – landdelen (sosi 3041)

- a. f\_GB skal vere felles badeplass knytt til den gjennomgåande strandpromenaden i planområdet.
- b. Området kan tilordnast med påfylling av sand til sandstrand.

## 7: Bruk og Vern av sjø og vassdrag

### 7.1 Friluftsområde i sjø (o\_VFR)

Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det kan tillatast utfylling i sjø, som følgje av nødvendig vegfylling med tilhøyrande sikring. Det er tillate med sjørealterte aktivitetar som bading, roing, segling/brettsegling, alminneleg ferdsle og fiske.

### 7.2 Badeområde – sjødelen (VB) sosi 6770:

Det kan fyllast sand på den grunne delen av VB ut til skjæret som ligg ytst på området. VB kan ikkje trafikkerast av motorgåande farty. Det kan plasserast badeflåte og liknande innretningar innanfor VB. Kommunen skal godkjenne plassering av slike innretningar.

### 7.3 Hamneområde i sjø (o\_VHS) sosi 6220

Innanfor f\_VHS er det rett til ålmenn småbåtferdsle. Alle tiltak i sjø innanfor f\_VHS så som utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. må omsøkast og gjevast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningslova.

**Herøy kommune, dato:**

---

ordfører

---

rådmann



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2014/1994
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
126/17	Formannskapet	22.08.2017
86/17	Kommunestyret	31.08.2017

### SLUTTHANDSAMING EGGESBØJORDA - DETALJREGULERING

#### Møtebehandling:

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i Formannskapet - 22.08.2017

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for del av Eggesbøjorda*, med plankart og føresegner datert 21.04.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

#### Tilråding:

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for del av Eggesbøjorda*, med plankart og føresegner datert 21.04.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.



Særutskrift:

Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Statens Vegvesen, region midt.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

NVE

AG Plan- og arkitektur As, Webjørn Swendsen gt 12 6150 Ørsta

Sindre Løseth, Lisjebøvegen 16 6091 Fosnavåg

Barnerepresentanten

### **Vedlegg:**

- Innspel til planforslag (etter F-sak 153/16).
- Revidert plankart, datert 21.04.2017
- Revidert føresegner, datert 21.04.2017
- Revidert planomtale.
- Sol-/skuggeanalyse.
- Illustrasjonsskisse for mogleg MUA.
- Innspel etter revidert planforslag.

### **Samandrag av saka:**

Planområdet ligg i Herøy kommune, på Myklebust, nærare bestemt på Eggesbøjorda. Frå planområdet er det om lag 2,5 km til Fosnavåg sentrum. Målet med reguleringsendringa er å leggje til rette for konsentrert småhusbusetnad med tilhøyrande infrastruktur samt endre tilkomst til allereie regulerte byggeareal. Reguleringsendringa vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3 og området inngår i den gjeldande reguleringsplanen Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38/2 m.fl. frå 2012. Tiltakshavar/forslagstillar er Ørsta Byggservice AS. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Jorunn Beate Lillebø Lande (JBLL) som oppdragsansvarleg/ planleggar.

### **Saksopplysningar:**

Planområdet ligg på nordsida av Grønhaugvegen i botnen på ei slak helling mot sør. Ved eksisterande løde er der ein liten markant haug, med unntak av denne varierer terrenghøgder frå ca kote c + 2 i søndre del til c + 3 i nordre del. På sørsida av Grønhaugvegen startar høgdedraget som den karakteristiske Eggesbøsteinen inngår i. Dette høgdedraget samt mindre kollar og høgdedrag på vestsida gir planområdet noko skjerming for vår og vind og definerer eit landskapsrom som orienterer seg ned mot Eggesbøvågen i aust. Planområdet er ikkje utbygd med

unntak av ei løde og fundament til tidlegare garasje på gnr 38 bnr 133 og 176. Området framstår som mark etter tidlegare landbruksdrift med innslag av høgare tre som fungerer som vern mot vind for ikring liggande busetnad.

### **Oppsummering av kva reguleringsendringa vil omfatte:**

- Endra føremål frå frittliggjande småhusbusetnad til konsentrert småhusbusetnad. Dette for å leggje til rette for oppføring av 4-mannsbustadar.
- Justering av interne tomtegrenser. Dette for å tilpasse tomtene dei bygga tiltakshavar ser føre seg.
- Køyreveg V3 vil verte forlenga austover for å gi tilkomst til dei austlegaste tomtene. Såleis vil gangvegen vidare nordover verte tilsvarande avkorta.
- Vendehammar i tilknytning til forlenging av V3
- Ny køyreveg V4 frå V3 og inn til inste bustadtomt.
- Del av veg FV2 vert endra til bustadareal. Dette med bakgrunn i at med den forlenga tilkomstvegen i nord (V3) vil det ikkje lenger vere behov for FV2.
- Byggjegransene vil verte tilsvarande justert. Ein beheld del av FV2 mellom vegkant og byggjegrænse som felles avkøyrsløse frå Grønhaugvegen.
- Etablering av areal for leikeplass for bustadane.

AG Plan og Arkitektur AS drøfta reguleringsssaka med kommunen i slutten av 2014. Det blei avklara at saka kunne handsamast som ein mindre reguleringsendring. Saka vart såleis varsla med skriv til råka grunneigarar og naboar, samt fylkesmannen og fylkeskommunen i brev datert 18.12.2014. Frist for merknader var 19.01.2015. Det kom inn 6 merknader. I etterkant av denne varslinga vart det avklart at ein ønska reguleringsendring frå frittliggjande til konsentrert småhusbusetnad. I tillegg ville ein utvide planområdet noko. Med bakgrunn i endra planføresetnader vart det halde oppstartsmøte med Herøy kommune 13.5.2015 i samsvar med PBL § 12-8. Ein konkluderte med at det planlagde tiltaket var ei vesentleg reguleringsendring, og at ein difor måtte varsle saka på nytt pga. at sak må handsamast som ei vanleg reguleringsendring. Det vart varsla oppstart av planarbeidet for andre gong, ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til råka partar 09.10.2015, med frist for å kome med innspel sett til 24.11.2015.

Planforslaget vart fremja formannskapet i F-sak 153/16 og vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det kom inn sju innspel, deriblant ei motsegn til planforslaget. Motsegna var fremja av Møre og Romsdal Fylkeskommune (vedlagt). Motsegna vart fremja på grunnlag av at det mangla "*eigna areal for uteopphald og leik innanfor byggeområda*" i plandokumenta. Motsegna vart trekt (vedlagt) etter revidering av plandokumenta (april 2017). Saman med reviderte plandokument vart det også utarbeidd sol-/skuggeanalyse, samt ei planskisse med moglege MUA-areal innanfor planområdet.

Reviderte plandokument vart i tillegg sende til naboar for offentleg ettersyn. Det kom inn eitt innspel frå Sindre Løseth, v/ Advokatfirmaet Engelsen (vedlagt). Løseth v/

advokat meiner ei fortetting av bustader er “*unødvendig*” og at det er “*et fremmedelement i området*”. Herøy kommune viser her til politiske vedtak om at Bergsøya skal ha fortetta bustadareal. Ein viser også til at revidert planforslag legg opp til eit redusert tal på firemannsbustader frå to til ein på BKS3. Vidare er BKS 3 delvis erstatta med området BFS1 som legg opp til oppføring av ein tomannsbustad. Vegløyisingane og tilkomst til området er vurderte som akseptable innanfor kommunens rettningslinjer. BFS2 er teikna inn i planen for å sikre at ny tilkomstveg til BKS3 ikkje skal kunne etablerast over eigedomen til Løseth og naboen på gbnr. 38/44. Her er det regulert ein veg (Fv2) i detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda gnr. 38/2 m. fl (planid 201208). Denne omreguleringa sikrar dermed at dette området står urørt og er avsett til formål “frittliggande småhusbebyggelse”.

### **Vurdering og konklusjon:**

Herøy kommune vurderer det til at tiltakshavar har kome i møte dei innspela som kom til revidert planforslag. Tiltakshavar har mellom anna justert MUA og vist til ei sol-/skuggeanalyse. Når det gjeld eigedomsspørsmålet er dette ei sak for vidare byggesøknad å vurdere, og ein ser ikkje dette som ein del av plansaka. Konsentrert busetnad er i tråd med politiske vedtak i Herøy kommune, samstundes er det vist til ei utbygging og eit tal på bueiningar som ikkje utløyser krav om utbetring av eksisterande veg. Konklusjonen er difor at administrasjonen er positiv til planforslaget.

Fosnavåg, 09.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

**Fra:** Systad Terje [<mailto:tes@nve.no>]

**Sendt:** 11. oktober 2016 18:47

**Til:** postmottak

**Emne:** Ingen merknad til offentlig ettersyn - Reguleringsendring del av Eggesbøjordet - GBnr 38/2 mfl - Herøy kommune

NVE har ingen merknad til reguleringsendring for del av Eggesbøjordet.

Med helsing

**Terje Systad**

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 59

E-post: [tes@nve.no](mailto:tes@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)





**Fra:** [jo-egge@online.no](mailto:jo-egge@online.no) [mailto:jo-egge@online.no]

**Sendt:** 10. oktober 2016 10:48

**Til:** postmottak

**Emne:** Reguleringsendring del av Eggesbøjorda

Herøy kommune,  
Utviklingsavdelinga,  
Postboks 274,  
6099 Fosnavåg

Som eigar av G.nr.38,br.nr.2 og br.nr.273 har eg innvendingar.

Køyreveg V 3 er frolenga og dermed er gangvegen forkorta. Dette fører til at det vert teke meir av mi jord når det vert køyreveg og ikkje gangveg.

Eg kan ikkje akseptere at ein berre tek seg til rette slik.

Ingen har kontakta meg i forhold til dette.

Tidlegare har eg gitt Bolig Partner/ Ørsta Byggservice AS grunn til halve vegen etter den forrige reguleringa. Eg har gitt nok grunn til utbygging på min eigedom.

Ifølge den nye reguleringa synes det som svingen frå veg V4 inn på veg V3 tek eit hjørne av tomta 38/273.

Det må vel vere mogleg å ordne vegreguleringa på Ørsta Byggservice AS sitt areal.

Johannes S. Eggesbø  
Eggesbøvegen 10.

WTV

Herøy kommune  
Utviklingsavdelingen  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.no:	Saksbeh.
13 OKT. 2015	
Ark. kode: P	
Ark. kode: S	
Tid:	Tidspunkt:
Maksimum:	

Engelsen

Torgeir H. Langva  
Christian Garmann  
Merete Lossius Opdahl  
Kristen Øie Braute

Adv.firm  
Sjur Engelsen Lange

postmottak@heroy.kommune.no

**Vår ref.:**

A2015006  
Ansvarlig partner: Christian Garmann  
E-mail: [christian@advo.no](mailto:christian@advo.no)

**Deres ref.:**

2014/1994

**Dato:**

12.10.2016

**REGULERINGSENDRING DEL AV EGGESBØJORDA – OFFENTLIG ETTERSYN – INNSPILL FRA SINDRE LØSETH**

Det vises til framlegg til reguleringsendring for del av Eggesbøjorda som ble vedtatt lagt ut til offentlig ettersyn 16.08.2016. På vegne av Sindre Løseth gis med dette følgende innspill til forslaget:

**1. Reguleringsforslaget kommer i konflikt med private rettigheter**

Planlagt område BG2 dekker deler av garasjetomten og steinhaugen mellom den og låven. Dette kommer i konflikt med Sindre Løseths etablerte rettigheter til garasje plass og låve. Disse rettighetene er etablert gjennom avtale og hevd.

Sindre Løseths mor kjøpte låven og fikk løyve av eier av tomten til å sette opp garasjen. At rettigheten ikke er tinglyst, er uten betydning idet senere overdragelse av eiendommen har skjedd gjennom arv, hvilket ikke ekstingverer Løseths rettigheter.

Løseth har under enhver omstendighet brukt garasjen til forskjellige formål, den siste tid til lagring. Han har også brukt låven. Løseth har som et minimum hevdet en bruksrett, eventuelt også en eiendomsrett til garasjen og låven.

AG Plan og Arkitektur AS har blitt informert om Løseths rettigheter. Verken nåværende eier eller senere rettighetshavere kan derfor antas å være i god tro.

Reguleringsforslaget må derfor tilpasses at området BFS1 utvides til å gjelde hele det området Løseth har rettigheter til. Dette på bekostning av området BG2, og slik som vist på tegning i vedlegg 1.

Det vises for øvrig til at deler av stykke BFS2 tilhører Sindre Løseth og bør ikke være en del av planen.

## **2. Vegløsningen er uheldig**

Slik veien nå er planlagt tilknyttet Grønhaugvegen, går den i sin helhet ut over eiendommene på nordsiden av veien. Dette er vanskelig å forstå da det langs storparten av sørsiden av veien er ubenyttet disponibelt terreng. Det er videre uakseptabelt at all trafikk skal legges forbi et område som allerede er utsatt for mye trafikk og det er mange barn som leker ved og på veien.

Dette er for øvrig ett syn som deles av flere av naboene i området. Se vedlagte liste med underskrifter.

## **3. Fortettet bebyggelse ødelegge områdets karakter og påfører eksisterende bebyggelse store ulemper**


I opprinnelig plan er området lagt ut til småhusbebyggelse. At man nå forandrer dette først til 2 mannsboliger og nå sist til 4 mannsboliger innebærer en fortetning som ødelegger området.

Løseths tomt blir «innkapslet» i prosjektet. Bygningene vil ta det meste av ettermiddags og kveldssol. Det gjelder spesielt feltet BKS1. At feltet BG1 er avsatt til garasje / biloppstilling hjelper lite da kveldssola stort sett blir tatt av BKS1.

## **4. Reguleringsplanen omfatter områder som tilhører andre enn søker**

Det er vanskelig å se hvorfor området BFS2 skal være en del av planen. Dette tilhører ikke utbygger, men Sindre Løseth. Å legge føringer på utnyttelse av Løseths eiendom på denne måten, blir feil. Forslaget til endring for dette området bør eventuelt komme fra Sindre Løseth.

Med vennlig hilsen  
Advokatfirmaet Engelsen DA

  
Christian Garmann  
Advokat

Vedlegg: Tegning  
Underskriftsliste







## Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
15/204730-7

Dykkar referanse:  
2014/1994

Vår dato:  
19.10.2016

### Herøy kommune – Reguleringsendring del av Eggesbøjorda i Herøy kommune – Offentleg ettersyn – Uttale

Viser til brev av 30.8.2016 frå Herøy kommune.

Saka gjeld framlegg til reguleringsendring del av reguleringsplanen Eggesbøjorda.

Statens vegvesen har ingen særskild merknad til endringsframlegget.

Med helsing  
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

#### Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadso



---

**Fra:** Sveinar Frøysa [mailto:sveinar@mimer.no]

**Sendt:** 13. november 2016 22:02

**Til:** postmottak

**Emne:** PROTEST MOT REGULERINGSENDRING DEL AV EGGESBØJORDA SAK NR. 153/16

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Eggesbønes 04.11.2016

PROTEST MOT REGULERINGSENDRING DEL AV EGGESBØJORDA SAK NR. 153/16

Protester herved mot endra føremål frå frittliggjande småhusbusetnad til konsentrert småhusbusetnad og dermed leggje til rette for oppføring av 4-mannsbustadar.


Dette vil sperre for kveldssol og vil doble trafikken på Grønhaugvegen.

Vil be om at det blir vurdert å gå tilbake til opprinnelig plan ang. småhusbusetnadar og at vegen til desse går som visst i vedlegg.


Sveinar Frøysa

2 vedlegg (PDF)

Utsnitt under viser gjeldende plan og planforslaget med endring frå gjeldende plan.



Gjeldende plan for området



Forslag til ny plan og reguleringsendring.

**PROTEST**  
**mot veibygging angående del av Eggesbøjord –**  
**Saksnummer 2014/1994 – F-sak 153/16.**

Vi vil på det sterkeste protestere mot de fremlagte veiplanene for den tenkte utbyggingen. Dette da det blir mye mer trafikk på en vei der mange unger leiker og som alt i dag har mye trafikk.

At veien skal legges på sørsiden av dette området er helt ubegripelig da det er en mye bedre løsning å bruke den muligheten som finnes på nordsiden. Der blir det uansett aldri den trafikkmengde og heller ikke mulig med det antall boliger og tilsvarende mengde beboere som på sørsiden.

Vi vil på det sterkeste protestere mot de fremlagte veiplanene og anmode om at hensynet til ikke minst våre barn blir tatt til følge.

Lindre Løseth

Lillian Stenersen Løseth

Bjørnar Trøysa

Thanyachai Chunchuang  
Kjell Toft

Thorbjørn Toft

Linda Løseth

Somporn Knutsen.

Veit Stenrud

Andreas Bryn

Ben Krum

Lilli-Janne S. Stenersen

Lyra Eide

Mona Frantzen

Ase Gerde

Sivert Gjende



FYLKESMANNEN  
I MØRE OG ROMSDAL


Saksbehandlar, innvalstelefon  
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

*Kari Bjørnøy*

Vår dato  
14.11.2016  
Dykkar dato  
30.08.2016

Vår ref.  
2015/6024/KABJ/421.4  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
17 NOV. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

**Herøy kommune**  
**Reguleringsendring del av Eggesbøjordra sør gnr38 bnr2 m.fl.**  
**Offentleg ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Fylkesrådmannen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1994	30.08.2016	103965/2016/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	16.11.2016

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - endring - Eggebøjord - fråsegn ved offentlig ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Barn og unge

#### Byggeområda BKS1-3

Planforslaget legg opp til konsentrert småhusbebyggelse innanfor byggeområda BKS1-3. Byggegrensene for desse byggeområda er sett til 4-5 meter og er slikt sett ikkje nytta for å lokalisere og sikre tilstrekkeleg og egna utomhusareal. Vi viser til at rikspolitiske retningslinjer har 10 meter som minste bredde for at eit areal skal vere eigna til leik.

Det er heller ikkje utført lys og skuggeanalyse for å dokumentere at utomhus og leikeareal har tilstrekkeleg kvalitet ved utbygging etter maksimal ramme. Vi vurderer ei lys og skuggeanalyse å vere nødvendig og at denne må dokumentere minst 50% sol, kl. 15 ved vårjamndøgn, for at utomhus og leikeareal skal vere tilstrekkeleg egna.

I reguleringsføresegna er det opna opp for at det innanfor byggeområda BKS1-3 kan byggast lågblokker med fire einingar. Samstundes er det opna for inntil 40% BYA. Både talet på einingar og storleiken på utnyttingsgraden er i mange tilfelle ei utfordring ved denne typen bebyggelse. Vi ser særskilt utfordringar med korsdelte firemanns lågblokker (både vertikal og horisontaldeling), ettersom denne bustadtypen krev god planlegging for at uteareala skal vere tilgjengeleg og egna til bruk for alle bebuarane.

#### Byggeområda BFS1-2

For byggeområda for frittliggande småhusbebyggelse, BFS, er det sett ein utnyttingsgrad på inntil 30% BYA. Vi ser at til dømes tomta BFS1 har ei langstrakt form og ser at det kan vere behov for også å dokumentere kvaliteten på denne.

### Samandrag

Planforslaget legg til rette for ei relativt tett utbygging, utan at vi kan sjå at kvalitetskrava i lov forskrift og RPR etterkomme. Vi har derfor **motsegn** til planforslaget inntil plandokumenta dokumentere at byggeområda vil få tilstrekkeleg og egna utomhus og leikeareal.

### **Konklusjon**

Vi har **motsegn** til planforslaget inntil tilstrekkeleg og eigna areal for uteopphald og leik innanfor byggeområda, blir dokumentert i plandokumenta.



Motsegna er heimla i plan og bygningslova § 28-7 (den ubebygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal). Kva som er meint med eigna areal er nærare beskrive i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

# TEKNIKFORKLARING

PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 DMSYNSSDONER

## 1 BYGNINGAR OG ANLEGG

(PBL § 12-5 nr. 1)

- BFS** BUSTADER - PARTTILGJANDE SMÅHUSBETNAD
- BKS** BUSTADER - KONSENTRERT SMÅHUSBETNAD
- BG** GARASJE-/PARKERINGSANLEGG BUSTADER
- BLK** LEKERPLASS

## 2 SAMEFERDSEL SANLEGG OG TEKNISK

INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 2)

- SKV** KØYREVEG
- SGG** GANGVEG

## 3 SIKRINGSSONE

(PBL § 11-8 o.1, jf. § 12-6)



- FRISKT (H40)**
- REKKEFØLGERAV (H450)**

### LINJESYMBOL

- Planngrense
- Føremålsgrense
- Grense for sikringssone
- Regulert tomtegrense
- Eigedomsgrense som opphevet
- Byggjegnelse
- Bygg som kan inngå i planen
- Regulert senterlinje
- Frisktiltline
- Måle- og avstandslinje

### EGARFORM

0. SKV3 = Offentleg føremål  
1. SKV4 = Felles føremål



GEODETISK DATUM	HØGDEREFERANSE	EKVIDISTANSE	KARTGRUNNLAG
EURIP89 UTM-sone 32	NN954	1 m	Grunnkart Herøy kommune

REVISJONAR:	REVISJONAR:	REVISJONAR:	REVISJONAR:
Endring av BLK, BKS3, byggegrenser mv. som følge av motsegn frå MR-fylke			

SAKSHANDSAMING:	SAK	DATO	SAK	DATO	SAK
Planutval					
Offentleg ettersyn					
Kommunestyret, eigen godkjenning					



HERØY  
kommune

REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR  
DEL AV "EGGESBJØRDA" I HERØY KOMMUNE

Forslagstiltar: Ørsta Byggservice AS	Tegn: KG	Dato: 11.4.2016	Målestokk: 1:1000 (A3)
	Ktr.: JBL		

Utarbeidd av:

**AG Plan og Arkitektur AS**

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta  
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no

Nasjonal arealplan-ID: 1515201501  
Tekningsnummer: 2223-100  
Revisjon:

## **"REGULERINGSENDRING FOR DEL AV EGGESBØJORDA GNR. 38 BNR. 2 M.FL"**

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
201208	XXX	xx.xx.2017	Herøy kommunestyre

### **Områdeomtale/plangrense:**

I nord: Gnr 38 bnr 2 og 273.

I aust: Gnr 38 bnr 22 og 273.

I sør: Grønhaugvegen, gnr. 38 bnr. 22, 44, 51, 132 og 133.

I vest: gnr. 38 bnr. 2.

### **§§ 1-3 GENERELT**

#### **§ 1 - Gyldighetsområde.**

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

#### **§ 2 - Andre bestemmingar.**

- Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.
- Når særlege grunnar ligg føre kan bygningsrådet gjere mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen, men då under føresetnad av at desse endringane ligg innanfor ramma av plan- og bygningslova og byggjeforskriftene.
- Føresegnene i gjeldande plan Reguleringsplan for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr 2 m.fl. er føresett oppretthaldne, men unntak av bestemmingar som er fastsett i desse føresegnene.

#### **§ 3 - Privatrettslege avtalar.**

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### **§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

##### Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr.1)

- Bustader ("BFS")
- Bustader ("BKS")
- Garasjeanlegg for bustad («BG»)
- Leikeplass («BLK»)

##### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2)

- Køyreveg («V3» og «f\_V4»)
- Gangveg («SGG»)

##### Sikringsone (pbl § 11-8 a.1, jfr. § 12-6)

- Frisiktsoner i vegkryss, langs veg (i kurver)

##### Infrastruktursone (pbl § 12-7 nr 10)

- Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430)
- Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450)

## § 5 - FELLESFØRESEGNER

- a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar teknisk forskrift (TEK). BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkering utomhus skal reknast inn i grunnlaget for BYA. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.
- b. Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

## § 6 – AREALBRUK

- a. I område merka "BFS" kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.  
I område merka "BKS" kan byggjast konsentrerte bustadhus med inntil fire (4) bueiningar på kvar tomt.  
I område merka "BG" kan det byggast felles garasjeanlegg og parkeringsplass for bustadane i BKS-områda.  
I område merka "BLK" kan det byggast nærleikeplass felles for bueiningane i planområdet.

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane og anlegga sin funksjon.

Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midletidige konstruksjonar innan områda som denne planen omfattar.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):  
Maks BYA for dei enkelte delområda:
  - BFS-område: 30 %
  - BKS - område: 40 %
  - BG - område: 50 %
- c. Innan byggeområda kan det setjast opp mindre naudsynte bygningar til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

## § 7– BYGNINGAR OG ANLEGG

### 1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i pbl.

### 2. Bustadbygg:

- a. I område merka "BFS" og "BKS" skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.
- b. I område merka "BFS" skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m<sup>2</sup> grunnflate og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

- c. I område merka «BKS» 2 og 3 skal det etablerast HC-biloppstillingsplass på bakken i nærleiken av inngang til kvar av firemannsbustadane. På område merka BKS3 kan det også oppførast sportsbuder på bakken.
- d. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektonisk uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne. For å bryte ned storleiken på firemannsbustadane skal større vegg- og takflater brytast opp med ulike material-/ fargebruk for å tilpasse seg skalaen til eksisterande/kringliggande bustadhus.
- e. Som del av byggjemelding for BKS-områda, skal det utarbeidast utbyggingsplan for BG - område og tilhøyrande BKS-område. Planen skal syne tomtegrenser, byggjetrinn og arealbruk i samsvar med pbl. § 69, her i også minste uteopphaldsareal (MUA).

### 3. Garasjelegg:

- a. I område merka "BG" kan det oppførast felles garasjelegg og parkeringsplass for «BKS»-områda. I tilknytning til garasjelegg kan det også oppførast sportsbuder for bueiningane. Kvart garasjebygg kan ha inntil 6 biloppstillingsplassar. For kvar bueining skal det etablerast 1 biloppstillingsplass i garasje og 0,5 biloppstillingsplass på bakken. Det skal vere min. 1 HC-biloppstillingsplass i garasje pr firemannsbustad. Der garasje parallelt off. veg ligg nærare enn 3 m, skal den delen av garasjekonstruksjonen (veggflate med tilhøyrande fundament) oppførast i betong slik at det ikkje oppstår skader grunna vegen sitt vedlikehald.
- b. Gesims- og mønehøgdd gjeld for "BG" område som for garasjar i "FS" område.
- c. BG1 er felles for bueiningar i BKS 1 og BKS 2.  
BG2 er felles for bueiningar i BKS3.

### 4. Leikeplass:

- a. Leikeplass BLK er felles for bustadane i planområdet.
- b. Leikeplassen skal ved utbygging leikeplassen skal ferdigstillast med min. 700 m<sup>2</sup> målbart areal i hht T-2/08 og setjast i ein slik stand at den er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplassen skal ha gjerde mot køyreveg.
- c. Leikeplass skal vere opparbeidd med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.
- d. Felles leikeplass, Fe.I, vist i «Reguleringsplan for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m.fl.» er felles også for bueiningane i planområdet, BFS1, BFS2, BKS1, BKS2 og BKS3.

## § 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabo tomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere over 0,7 m, ved avkøyrslé maks. 0,5 m, rekna utifrå vegnivået.



- d. Ev. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
- e. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- f. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- g. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- h. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- i. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivå. Ved avkøyrslø gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.
- j. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på bustadareal opparbeidast min. 20 m<sup>2</sup> areal eigna til leik pr. bueining. MUA-areal skal ha gjerde mot køyreveg.

## **§ 9 – SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl . § 25.3)**

### **1. Offentleg køyreveg**

Køyreveg SKV3 skal opparbeidast med breidder som vist på plankartet.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggest på nabogrunn.

### **2. Felles veg**

- a. Vegområde merka SKV4 er felles veg for bueiningane innanfor BKS3.
- b. Køyrevegen skal opparbeidast med breidder som vist i plankartet.
- c. Gangvegen SGG er felles for bueiningane innanfor BKS1 og BKS2 og skal syte for tilfredsstillande gangtilkomst til BLK. Skjeringar/fyllingar kan gå inn på tilstøytande eigedomar.
- d. Gangveg SGG skal ha vegbreidd minimum 1,5 m.
- e. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrslø gjeld ovannemnde, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m.

## **§ 10 – SIKRINGSSONE (pbl. § 12-6)**

Frisiktsone (H140):

I omsynssone for friskt, kode H140, er det forbod mot fyllingar, bygningsmessig arbeid og planting o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgda på 0,5 m over vegplanet.

## **§ 11 – INFRASTRUKTURSONESONE**

Rekkefølgjekrav infrastruktur (H430):

Som omsynssone, kode H430, er det vist krav om opparbeiding av felles gangveg SGG. Viser elles til § 12 c i føresegnene.

Rekkefølgekrav grøntstruktur (H450):

Som omsynssone, kode H450, er det vist krav om opparbeiding av felles leikeplass BLK. Viser elles til § 12 b i føresegnene.

### **§ 12 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (pbl. § 12-7 Nr. 10)**

- a. Leikeplass BLK skal vere opparbeidd før bueiningar tilhøyrande leikeplassen vert tekne i bruk/bruksløyve vert gitt. Leikeplassen skal minimum ha sandkasse, benk og eitt leikeapparat.
- b. Gangveg SGG skal ferdigstillast seinast når første bueining i BKS1 og 2 vert teken i bruk/bruksløyve vert gitt.
- c. Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkomande sjølve utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar vegar med gatelys, leidningsnett til vatn, avløp og overvatn samt EL- og teleforsyning.

### **§ 13 – AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE**

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeid straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

Reguleringsføresegner godkjend i K-sak xx/xx, den xx/xx/2017

Reguleringsendring godkjent  
Herøy kommune, xx/xx/2017

---

ordførar

---

rådmann

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
Postboks 2500  
6404 MOLDE

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/1994	L12		UTV	09.05.2017

## **DETALJREGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA - REVIDERT PLANFRAMLEGG.**

Med bakgrunn i revidert plankart, føresegner, sol-/ skuggeanalyse og notat vedkomande endringar sendt til M&R fylkeskommune 24.04 (vedlagt), samt e-post frå Anders Smith-Øvland (M&R fylkeskommune) til AG plan- og arkitektur AS datert 28.04 ber vi om ein formell uttale der Møre og Romsdal fylkeskommune trekk motsegna datert 16.11.2016 til planforslag i saknr. 14/1994.

### **Svarfrist vert sett til 23.05.2017**

Svar vert bede sendt til Herøy kommune, Pb. 274, 6099 Fosnavåg, eller til [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) innan oppgjeve frist.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Erlend Sporstøl Vikestrand, [erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no](mailto:erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no) - 94159680

Med helsing

Jarl Martin Møller

Erlend Sporstøl Vikestrand

Kommunalsjef  
Samfunnsutvikling

Sakshandsamar  
Utviklingsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

Kopi til:

Kopi:

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2520	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Kamilla Bjørlykke Storøy	Nærøyvegen 34	6094	Leinøy
Tone Fiona Remøy	Valvegen 12	6092	Fosnavåg
Alexander Lambach	Valvegen 12	6092	Fosnavåg
Nils Henning Nesje	Skarhaugen 5	6030	Langevåg
Sveinar Frøysa	Grønhaugvegen 14	6092	Fosnavåg
Sindre Løseth	Lisjebøvegen 16	6091	Fosnavåg
Marie Bendal	Bendalsvegen 9 D	6091	Fosnavåg
Edith Kristin Eidheim	Berte Kanutte-Vegen 24 E	6150	Ørsta
Ida Elisabet Eggesbø	Dalsfjordvegen 96	6133	Lauvstad
Per Sindre Eggesbø	Velsvikvegen 718	6133	Lauvstad
Liv Brekke	Grønhaugvegen 28	6092	Fosnavåg
Sindre Bøe	Valvegen 16	6092	Fosnavåg
Vilde Othilie Røyset	Valvegen 16	6092	Fosnavåg
Lill-Janne S Stenersen	Valvegen 10	6092	Fosnavåg
Ove Stenersen	Valvegen 10	6092	Fosnavåg
Kjell Ove Furesund	Valvegen 23	6092	Fosnavåg
Ann Kathrin Strand	Valvegen 23	6092	Fosnavåg
Johannes S Eggesbø	Eggesbøvegen 10	6092	Fosnavåg
Jack-Erik Sande	Valvegen 18	6092	Fosnavåg
Haldis Røttingen	Åsvegen 13	6080	Gurskøy
Andreas Sjur Berge	Valvegen 14	6092	Fosnavåg




**SOL – SKUGGEANALYSE «del av EGGESBØJORDA SØR»**  
**Vårjamdøgn 20 mars 2017 kl. 15:00 – utan skugge**  
**(Leikeplass vist med raud strek. Lengde/breiddegrad: Fosnavåg)**





**SOL – SKUGGEANALYSE «del av EGGESBØJORDA SØR»**  
**Vårjamdøgn 20 mars 2017 kl. 15:00 – med skugge**  
**(Leikeplass vist med raud strek. Lengde/breiddegrad: Fosnavåg)**





**SOL – SKUGGEANALYSE «del av EGGESBØJORDA SØR»**  
**Vårjamdøgn 20 mars 2017 kl. 15:00 – med skugge, perspektiv frå søraust**  
**(Leikeplass vist med raud strek. Lengde-/breiddegrad: Fosnavåg)**







Møre og Romsdal  
fylkeskommune

AG Plan og Arkitektur AS  
Webjørn Svendsengt. 12,  
6150 ØRSTA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	25.04.2017	52441/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	28.04.2017

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - endring - Eggesbøjorda - foreløpig vurdering

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Planfagleg vurdering

Vi viser til e-post datert 25.04.2017, med forslag til revidering av planforslag. Ved offentlig ettersyn fremma vi motsegn grunna manglar i forhold tilstrekkeleg og eigna uteopphalds- og leikeareal. Motsegna var heimla i plan- og bygningslova (PBL), teknisk forskrift (TEK10) og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging (RPR).

Utfordringa var - og er - at ein i planforslaget legg opp til ei relativt høg utnytting samstundes med at ein arbeider med ein svært krevjande bustadtype, horisontal og vertikaldelt firemannsbustad. Problemet med denne bustadtypen er at uteareal på bakkeplan i stor grad vert oppfatta som utilgjengeleg for bueiningar lenger oppe i bygget.

Vi har gjennom vårt arbeid for å sikre barn og unge interesser sett mange tilfelle kor tiltaksharar har hatt utfordringar med å utforme planforslag med denne bustadtypen. Vi har derfor i mange samanhengar gått ut og rådd dei som finn denne bustadtypen vanskeleg, til å vurdere bustadtypar utan horisontaldeling, eksempelvis rekkehus og kjedehus. Dei som likevel ønsker å planlegge for horisontaldelte bustader bør under planlegginga ha tilstrekkeleg fokus på utforminga av uteareala, slik at det endelege planforslaget tilfredstillar krava i lov, forskrift og rikspolitiske retningsliner.

Revidert planforslag viser at byggeområdet BFS1 er teke ut og erstatta av eit utvida leikeareal BLK. Arealet avsett til garasjelegg BG2 er og redusert, til fordel for at den delen av BLK som ligg framføre BG2 skal ha tilstrekkeleg breidd. Vi registrerer også at byggeområdet BKS3 er endra og at byggegrensene er sett meir presist. Vi vurderer fellesarealet som leikeplassen BLK representerer å vere vesentleg forbetra i revidert utkast.

Utfordringane i forhold til utomhusareala innanfor byggeområda BKS1-3 vurderast å framleis vere tilstade, sjølv om byggegrensene no er skjerpa. Dette blir tydeleg når vi

ser plankart og sol-skuggeanalyse, med volummodell, i sammenheng. Vi vurderer dette å ha direkte sammenheng med opninga for horisontal og vertikaldelt firemannsbustad.

#### Konklusjon

Vi legg vekt på fellesarealet BLK er vesentleg meir eigna som leikeareal og vil på dette grunnlaget trekke motsegn, når dei føreslåtte endringane er innarbeidd i eit revidert planforslag.

Vi tilet oss likevel å problematisere at enkelte bustadtypar er vanskeleg å kombinere med tilstrekkelege og eigna private uteareal, når utnyttingsgraden er høg. Kanskje bør kommunen vurdere i kva grad dette påverkar det samla bumiljøet, om bruken av horisontal og vertikaldelt firemannsbustad er akseptabelt, eller ønskeleg.

Vi vil ikkje sjå bort i frå at vi vil måtte følge problemstillinga rundt bruk av denne bustadtypen nærare, også ved seinare høve.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*


Vedlegg:

Kopi:  
Herøy kommune  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal





Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr	Saksbeh.
24 MAI 2017	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr	Dirk nr
Kassett	

**Herøy kommune**  
**Reguleringsendring del av Eggesbøjorda - revidert planframlegg**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)  
fung. plansamordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fornavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Prosjekt	Saksnummer <i>Erk101</i>
13 JULI 2017	

*Engelsen*

Torgeir H. Langva  
Christian Garmann  
Merete Lossius Opdahl  
Kristen Øie Braute

Adv.firm  
Sjur Engelsen Lange

**Vår ref.:**

A2015006 / CSS  
Ansvarlig partner: Christian Garmann  
E-mail: christian@advo.no

**Deres ref.:**

**Dato:**

13.07.2017

**DETALJREGULERING EGGESBØJORDA – BEMERKNINGER FRA SINDRE LØSETH**

Det vises til tidligere bemerkninger inngitt fra Sindre Løseth.

Vi registrerer nå at også Møre og Romsdal fylkeskommune uttrykker bekymring over antall enheter og størrelsen på utnyttingsgraden. Fylkeskommunen har i stor grad tatt fokus på uteareal for lek, men etter vårt syn støtter fylkeskommunens bemerkninger opp under de innvendinger som Løseth allerede har kommet med når det gjelder hvordan reguleringsforslaget vil påvirke området karakter.

Det er lagt opp til en fortetting som er helt unødvendig i forhold til det behovet som finnes i kommunen. Firemannsboliger er et fremmedelement i området.

En av grunnene til at utenomhusarealene er utilfredsstillende er at husene er lagt slik at de omkranser Løseths eiendom, som derfor blir liggende der hvor det hadde vært naturlig å hatt et leke/oppholdsområde.


Dersom han hadde lagt opp til eneboliger i stedet for firemannsboliger vil området bevart sin karakter og presset på utendørsarealene ville blitt mye mindre.

Vi kan for øvrig ikke se at man har adressert problemstillingen rundt Løseths rettigheter i området. Det må forventes at kommunen har et bevisst forhold til dette.

Videre er problemet med veiløsningen uheldig og vil bli desto mer problematisk med fortettet bebyggelse og mange barnefamilier.

Videre har vi fortsatt ikke fått noen forklaring på hvorfor området BFS2 fortsatt er en del av planen. Dette området tilhører Sindre Løseth, som ikke står bak planforslaget.

Med vennlig hilsen  
Advokatfirmaet Engelsen DA

  
Christian Garmann  
Advokat



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1994	09.05.2017	59868/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	22.05.2017

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - endring - Eggesbøjorda – avklaring av motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Planfaglege merknader

Vi viser til revidert planframlegg, sendt 09.05.2017.

Ved utbygging skal det leggest vekt på estetisk utforming, tilpassing til landskap og terreng. Nye bygningar skal utformast i samsvar med eksisterande stadtypiske bygningar.

### Universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal leggest til grunn ved alle plansaker, ved planlegging og utbygging av publikumsretta bygg, alle kommunale bygg og offentlege eller felles private anlegg og uterom. Det skal gjerast greie for korleis desse omsyna er ivaretatt.

### Energi

Bygg skal plasserast og utformast med omsyn til lokale klimatiske tilhøve for å redusere samla energibruk.

### Støy

I samband med utarbeiding av reguleringsplanar og søknadspåttige tiltak som grensar mot industriområde med støyande verksemder, fylkesveggar, riksveggar og andre støykjelder, skal støyforhold vurderast.

### Støy

Støyforhold skal oppfylle Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Avbøtande tiltak skal omtalast i regulerings- og byggjesakene, samt innarbeidast i føresegnene til reguleringsplan. Ved vurdering av tiltak i støysoner bør ein til ei kvar tid nytte oppdaterte støysonkart frå Statens vegvesen.

### Universell utforming

For vurdering av universell utforming vert det vist til kriteria for tilgjenge nedfelt i teknisk forskrift, nasjonale retningslinjer og nasjonale føringar.

## 2.12 Tiltak langs sjø og vassdrag (jf. Pbl §§ 1-8 og 11-9 nr. 5)

I byggeområde er det ikkje tillate å gjennomføre tiltak etter Pbl § 1-6 inntil 20 meter frå strandlinja, dersom det ikkje anna er bestemt i reguleringsplan.

For dei områda der byggegrensene ikkje går spesifikt fram av plankartet er byggegrensa lik føremålsgrensa.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte, jf. vassressurslova § 11. Breidda på vegetasjonssona skal vurderast i samband med reguleringsplan.

### Vilkår for nyetablering og utviding av havner

Båthavner med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområder skal vere utstyrt med oljeskillar. Det skal leggest til rette for kjeldesortering av avfall i småbåthavner, og miljøfarleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Bryggeanlegg og bølgebrytarar bør utformast og plasserast med tanke på å oppretthalde tilstrekkeleg vassgjennomstrøyming for å oppretthalde god vasskvalitet.



Alle tiltak i sjø som t.d. bygging av kai, utfyllingar, utlegging av flytebrygger og leidningar i sjø, krev løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningslova.

Ved planlegging i tilknytning til sjøareal, skal planane så tidleg som mogleg leggjast fram for Bergen Sjøfartsmuseum via Møre og Romsdal fylkeskommune, for uttale.

### 2.13 Grad av utnytting (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

For bustadområde skal utnyttingsgrad reknast i % BYA (inkl. biloppstillingsplass og garasje) og utbyggingshøgde skal fastsettest i reguleringsplan.

Bustadområde for einebustad og tomannsbustad skal BYA vere maks. 30 %, for konsentrert småhusutbygging (kjede-, rekkehus) maks. 40 %, for lavblokker og blokker vert å fastsetje i kvar einskild sak.

Naust kan oppførast med bruksareal (BRA) inntil 60 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. (unnateke rettsverknad)

Rorbu kan førast opp i to (2) etasjar med bruksareal (BRA) inntil 80 m<sup>2</sup> der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der 2. etasjen er innreidd for overnatting og opphald.

Hytter, fritidsbustadar kan førast opp med bruksareal(BRA) inntil 100 m<sup>2</sup>.

Ved utrekning av utnyttta areal skal Miljøverndepartementet sin rettleiar for grad av utnytting leggast til grunn.

I sentrumsnære område(Bergsøya, Kvalsund, Leine og Frøystad) bør ein leggje vekt på eit sterkare utnyttingsgrad og fortette der det er mogleg. Busette i sentrumsnære område vil måtte pårekne mindre «friareal» og tettar busettingsmønster.

Det vert oppfordra til å vektlegge variert tomtestørleik, gode fellesareal og grøntområde utover minstekrava for å skape særprega og attraktive bustadområde.

I område med næringsbebygg og krav om reguleringsplan skal utnyttingsgrad fastsetjast i kvar enkelt sak.



## 2.14 Krav til uteareal (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

### Parkering

Krav til parkering er regulert gjennom vedlegg til føresegna, Parkeringsvedtekt for Herøy kommune.

### Leikeplass

Ved planlegging av bustadfelt skal det for kvar buening settast av min. 50 m<sup>2</sup> til leikeplass og andre friområde. Uteopphaldsareal for den enkelte buening skal etablerast i tillegg til leike- og friområde.

Leikeplassar og uteopphaldsareal skal ha tilfredsstillande støyforhold (maks. 55 dbA). Leikeplassane skal ha solrik plassering, vere skjerma mot forureining, trafikkfare og sterke elektromagnetiske felt. Areal brattare en 1:3 og areal for kvartalsleikeplassar og fellesleikeplassar smalare enn 10 meter skal ikkje reknast med.

Leikeplassar skal gje eit allsidig leiketilbod med følgjande oppdeling:

#### Nærleikeplass:

Alle bueningar skal innan gangavstand på 50 meter ha ein nærleikeplass med storleik på minst 200 m<sup>2</sup>. Maks. 20 bueningar kan være felles om leikeplassen som min. skal ha sandkasse, benk og noko fast dekke.

#### Kvartalsleikeplass:

Alle bueningar skal innan gangavstand på 250 meter ha ein kvartalsleikeplass med storleik på minst 1500 m<sup>2</sup>. Maks. 50 bueningar kan være felles om leikeplassen som skal leggjast til rette for varierte aktivitetar som til dømes balleik, aking, sykling og liknande.

#### Fellesleikeplass:

Ved ein samla utbygging over 150 bueningar skal det i tillegg etablerast eller leggjast til rette for ein fellesleikeplass. Leikeplassen med storleik på minst 3000 m<sup>2</sup> skal ligge i ein gangavstand på maks. 500 meter frå bustaden. Fellesleikeplassen skal leggjast til rette for balleik og andre aktivitetar som er plasskrevjande.

Ved omdisponering av areal som i plan er avsett til felles areal og friområde skal det skaffast fullverdig erstatning.

Nærleikeplassar skal settast av i alle område der det vert etablert 5 eller fleire bueningar.

Kvartalsleikeplassar skal settast av i alle område der det vert etablert 20 eller fleire bueningar.

## 2.15 Funksjonskrav (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

I buområde på meir enn 10 bustadar kan kommunen ved oppstart av regulering nytte utpeikingsretten, jf. Pbl § 17-3, for å sikre at 5-10% av bueningane er tilpassa variert bustadbygging i forhold til standard og behov for spesielle bebuarar/brukargrupper. Antallet fastsettast i reguleringsføresegna.



## 2.16 Naust (AN) (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

Føresegna er gjeldande for einskildsaker og ved regulering av nye naustområde eller der føresegna til reguleringsplanane ikkje seier noko om storleik, form og funksjon.

Naust er definert som eit uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. I naustområde kan det ikkje førast opp bygg anna enn i risikoklasse 1, jf. byggteknisk forskrift § 11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald.

Når naustgrupper får større samla areal enn 480 m<sup>2</sup>, skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. Alternativ til 8 m avstand er brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60. Dobbeltaust med storleik over 60 m<sup>2</sup> må ha brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.

Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over NGO kote 0 avhengig av terrengetilhøva på staden. Alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonerast og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo.

Mønehøgde, rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m eller kan tilsvare breidda på naustet.

Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30 – 40 grader.

Vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper.

Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.

Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også på lister og annan detaljering.





### 2.17 Rorbu (FR) (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

Føresegna er gjeldande for einskildsaker og ved regulering av nye område for rorbu eller der føresegna til reguleringsplanane ikkje seier noko om storleik, form og funksjon.

Fritidsbustad kombinert med naust ved sjøen.

Mønehøgde rekna frå topp golv nærast sjøen skal ikkje vere større enn 6,5 m.

Ved oppføring av rorbuer som danner grupper på to eller fleire, kan kommunen krevje utarbeiding av reguleringsplan før løyve vert gitt.

Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer.

Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, platting eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona.

### 2.18 Hytte, fritidsbustadar (FH) (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

Føresegna er gjeldande for einskildsaker og ved regulering av nye område for hytter eller der føresegna til reguleringsplanane ikkje seier noko om storleik, form og funksjon.

Fritidsbustad frittliggjande eller i rekke på land.

Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 5,5 m og gesimshøgda til 4,0 m frå topp grunnmur / fundament

Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> BRA, mønehøgde inntil 3 m og gesimshøgde inntil 2,5 m. Avstand frå hytte maks 10 m.

Det kan lagast til terrasse/utegolv på inntil 30 m<sup>2</sup>.

Innlagt vatn føreset utsleppsløyve.

### 2.19 Kombinert bygg- og anleggsmål (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

Innanfor areal avsett til kombinert bygg- og anleggsmål kan det leggast til rette for forretning, næring og bustadar.

Innanfor sentrumsområde bør 1.etasje/gateplan avsettast til forretning eller kontor som er publikumsretta. Bustad/leiligheiter bør etablerast på etasjer ovanfor.



## 2.20 Kulturminner og kulturmiljø (jf. Pbl § 11-9 nr. 7).

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og anna utbygging skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast i planomtalen, og det skal visast korleis ein har søkt å ta omsyn til desse. Dersom kulturminne eller kulturmiljø blir råka av tiltaket, eller tiltaket kan verke inn på hittil ukjente automatisk freda kulturminne, skal saken leggst fram for regional kulturminnemynde (jf. PBL § 11-9, nr. 7 og Kulturminnelova (KML) § 8, 1. og 4. ledd.). Tiltakshavar har undersøkingsplikt, og det kan bli stilt krav om arkeologisk registrering, jf. KML § 9 og 10.

Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekt automatisk freda kulturminne, eller det viser seg at tiltaket kan verke inn på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservator orienterast for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Tiltak som rører ved kulturminne eller kulturminnet sine omgjevnader skal utformast med omsyn til kulturminnet. Tiltaket skal ha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og med omsyn til tiltaket sin funksjon og tiltaket sine bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Endring av eksisterande byggverk, oppussing og rehabilitering skal ta omsyn til historisk, arkitektonisk eller annan kulturell aktivitet. Verneverdige enkeltbygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad bli tatt vare på som bruksressurs og bli sett i stand.

## § 3. VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET (jf. Pbl § 11-7 nr.2)

Avkjørsler frå fylkesvegar skal leggst, brukast og utformast i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande vegnormal og rammeplan for avkjørsler, utarbeidd av Statens vegvesen.

Nye vegtraséar vist på arealdelen til kommuneplanen er retningsgivande. Detaljert linjeføring for samle-, tilkomst- og gangvegar skal avklarast gjennom ei detaljregulering.

## § 4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (jf. Pbl § 11-7 nr.5)

### 4.1 Unntak for byggjeforbod i 100-metersbeltet (jf. Pbl § 11-11 nr. 2 og 4, jf. § 1-8).

I 100-meters beltet langs sjø kan eksisterande bygg gjenreisast etter brann og storm.

Nye landbruksbygg som er nødvendig for næringa, kan oppførast innan 100-meters beltet i særskilde tilfelle der det ikkje fins alternativ lokalisering på eigedommen. Dette omfattar også andre nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag for å oppretthalde det lokale landbruket, fiske, fangst og ferdsel på sjøen, jf. PBL § 11-11, nr. 4.

I turområde og ved badeplassar innanfor 100-meters beltet, kan ein tillate tiltak med tanke på tilrettelegging for ålmenn bruk og tilgjenge.



**4.2 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 a)**

Innafor LNF-område skal det ikkje tillast ny eller vesentleg utviding av bustad-, nærings- eller fritidsutbygging eller frådelling til slike formål. Forbodet gjeld ikkje utbygging som har direkte tilknytning til stadbunden næring.

**4.3 LNF-område der spreidd utbygging vert tillate (SB) (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 b)**

Bustadtomter skal så langt det er råd ikkje plasserast på dyrka jord. Nye bygg skal så langt råd plasserast i nærrområde til eksisterande busetnad. Tomtene kan ha ein storleik på inntil 1,5 daa. Før byggjeløyve vert gitt skal byggjesøknadar oversendast fylkeskonservatoren til høyring i dei saker der automatisk freda kulturminne kan bli berørt og omsyn til desse skal såleis vere avklara i høve til lov om kulturminne, jf. §§ 8 og 9. Tilfredstillande vassforsyning og kloakklysing må dokumenterast. Tomt skal kartleggjast med omsyn til vegtrafikkstøy (jf. rettleiar T-1442) og skredfare, og eventuelle tiltak etablerast.

Innanfor desse nummererte områda kan spreidd bustad-, fritidshus tillast. Det kan gjerast frådelling med sikte på bygging innanfor fylgjande omfang:

Nr.	Namn	Antal tillate frådellingar i ny kommuneplan
1.	Skorpa	3
2.	Kopparstad	7
3.	Vikane	6
4.	Voldsund	5
5.	Sande	6
6.	Torvik	3
7.	Frøystad	5
8.	Arhaug	7
9.	Bø	8
10.	Vike	5
11.	Goksøyra	5
12.	Espeset	8
13.	Tarberg	6
14.	Slettebakke	4
15.	Stokksund	6
16.	Stynehaugen	4
17.	Tuftene	7
18.	Kalveneset	7
20.	Raudvika	5
21.	Kleppestranda	6



22.	Jøsok	10
24.	Aspevik	3
	<b>Nye område</b>	
23.	Goksøyra 2	2
25.	Runde	10
27.	Espeset 2	5
28.	Måløya	4
29.	Røyra	4
31.	Myrvåg	4
32.	Langeneset	4
<b>Totalt antal frådelingar tillate i kommuneplanen</b>		<b>159</b>

For vatn og avløp vert det sett krav til teknisk utforming i følgje til ei kvar tid gjeldande forskrifter og regelverk.

Det er ein føresetnad at følgjande vilkår er oppfylte:

- 1) Frådeling og bygging på areal som er klassifisert som verdifull dyrka jord innanfor omsynsone landbruk, skal unngåast.
- 2) Frådeling og bygging på areal som er klassifisert som verdifullt kulturlandskap innanfor omsynsone landbruk skal dokumentere at det vert teke omsyn til landskap og landbruksdrift i område.
- 3) Lokalisering nær eksisterande busetting, eller samlokalisering av inntil 5 bustadar vert tilrådd.
- 4) Innanfor kvart område kan inntil 5 bustadar samlokaliseras utan plankrav. Krav til nærleikeplass skal stettast.
- 5) Løyve til avkøyrsløve, herunder utvida og endra bruk, med heimel i veglova må ligge føre frå Statens vegvesen v/regionvegkontoret.  
For kommunal veg skal det ligge føre avkøyrsløve frå kommunal vegmynde.  
For køyring på privat veg skal det ligge føre skriftleg vegrett frå heimelshavar(-ar) til vegen.
- 6) Frådeling skal berre skje i samsvar med veglova (§ 29) sine krav til byggjegrænse til offentleg veg: 50 m til fylkesveg, 15 m til kommuneveg og 15 m til gang- og sykkelveg. Alle avstandar målt frå midtline veg.
- 7) I LNF-område gjeld byggjeforbod inntil 50 meter frå strandlinja til vassdrag.
- 8) Ved frådeling skal det haldast ein minsteavstand til eksisterande eller planlagde turveg/stiar/skiløyper på 20 m.
- 9) I alle frådelingssaker skal det innhentast uttale frå berørte regionale instansar.
- 10) Frådeling skal ikkje skje i område som er registrert som viktig for biologisk mangfald, i område med spesielle naturtypar eller som er leveområde for sjeldne planter eller dyr, jf. Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune.
- 11) Ved frådeling innanfor mogleg risikoutsett areal, jf. ROS-analyse for kommunen, må ein kunne dokumentere akseptabel tryggleik gjennom detaljkartlegging og evt. avbøtande tiltak.
- 12) SF 28 vert avgrensa til å gjelde fritidsbustadar.
- 13) Ved frådeling innanfor SB1 (Skorpa) skal det gjerast nærare undersøkingar i samband med val av lokalisering av tomt. Naturmangfaldet skal takast omsyn til.





## § 5. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (jf. Pbl §11-7 nr.6)

### 5.1 Fellesføresegn

Før det vert føreteke inngrep i sjøbotnen, skal saka eller tiltaket leggest fram for Bergens Sjøfartsmuseum som rette mynde etter forskrift til lov av 9. juni 1978 nr. 50 om *Kulturminner*, § 14. Bergens Sjøfartsmuseum kan kreve å undersøke om det kan være skipsfunn eller marine kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekkje utgiftene til undersøkingane.

Dette gjeld særleg på følgande område:

- Sjøbotnområde på Runde, med mellom anna Akerendamfunnet
- Området kring Flåvær fyr
- Området kring Skorpa

### 5.2 Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF)

Sjøareal avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor område.

I NFFF-område som grensar til område for akvakultur, kan forankring av akvakulturanlegg strekke seg inn i sone for NFFF, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, er utan bøyemarkering eller anna som kan vere till hinder for skipsfarten.

#### Friluftsområde, badeområde (BO)

Innanfor område avsett til badeområde skal dei oppgjevne omsyna tilleggast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken, bygg- og anleggstiltak. Ålmen interesse i strandsona skal prioriterast innanfor desse områda.



### 5.3 Område for natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur (NFFFA)

Sjøområde for natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur i kombinasjon. Lokalisering av akvakulturanlegg skal skje etter ei avveging der interessene for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv ikkje vert vesentleg skadelidande. Avveginga skal skje i samband med konsesjonshandsaminga etter oppdrettslova og saltvassfiskeklova. Etter at konsesjon ligg føre, skal tiltakshavar sende melding til planutvalet i kommunen om dei konkrete utbyggingsplanane med kartfesting av anlegget.

#### Område for akvakultur (A) og sjøbasert akvakultur (AS)

I desse sjøområda kan det etablerast anlegg for akvakultur. Samla merdvolum og/eller tal anlegg innan kvart område vert fastsett gjennom konsesjonshandsaming etter oppdretts- og saltvassfiskeklova.

Nye akvakulturområde skal ikkje lokaliserast nærare enn 200 meter frå friluftsområde og badeplassar, jf. Pbl § 11-11 nr.6. Akvakulturanlegg skal ikkje lokaliserast nærare enn 50 meter frå land. Anlegg skal ikkje hindre eller sperre tradisjonelle ferdselsårer for småbåttrafikk.

Anlegg kan strekkje fortøyingar og forankringar ut i areal utanfor avsett til akvakulturområde, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, og ikkje er til hinder for skipsfarten og fri ferdsel langs strandsona.

#### Fiske (Fi)

Område avsett til fiske er registrerte område for aktive reiskap og kaste- og låssettingsstadar i kommunen. Arealføremålet omfattar all hausting av viltlevande marine ressursar.

#### Hamneområde (H)

I desse sjøområda er det viktige interesser for skips- og båtferdsel i tilknytning til etablerte og planlagde hamneanlegg. Desse bruksinteressene skal ha prioritet. Nærare bruksreglar kan fastsetjast av kommunestyret etter hamnelova. For småbåthamner skal areal som inngår i bryggeanlegg omfattast av reguleringsplan.

### § 6. OMSYNSSONE (jf. Pbl § 11-8)

Omsynssone skal vise kva omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet. Utlegging av omsynssone vil gjere kommunal planlegging meir føreseieleg ved at tiltakshavar er kjend med sona sin karakter før det blir fremma søknad om å gjennomføre tiltak. Omsynssonene vil vere eit grunnlag for å vurdere nye planinnspele eller gje rettleiing ved handsaming av dispensasjonssøknadar.

#### Nedslagsfelt for drikkevatt H110 (jf. Pbl § 11-8 pkt. a)

Innanfor omsynssone som i plankartet er vist som nedslagsfelt for drikkevatt vert ikkje tiltak som kan føre til forureining av vassforsyningssystemet tillate (Drikkevassforskrifta § 4).





Faresone for ras- og skredfare (H310) (jf. Pbl § 11-8 pkt. a)

I samband med byggjetiltak innanfor omsynssone for ras- og skredfare skal det gjerast eiga risikovurdering for å sikre trygg plassering av bygg. Kravet gjeld i samband med regulering av byggeområde, ved byggesaker innanfor LNF-spreidd busetting, og ved eventuelle dispensasjonssaker innanfor andre LNF-område.

Evt. avbøtande tiltak skal gå fram av risikovurderinga.

I sonene skal dei oppgjevne omsyna tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken, bygge- og anleggstilltak.

Omsynsone støy (jf. Pbl § 11-8 pkt. a)

I samband med byggjetiltak innanfor omsynssone for støy skal det gjerast eigne støyvurderingar som grunnlag for å vurdere støydempande tiltak. Kravet gjeld også i samband med regulering av byggeområde, ved byggesaker innanfor LNF-spreidd busetting, og ved eventuelle dispensasjonssaker innanfor andre LNF-område.

Omsynsone friluftsliv (H530) (jf. Pbl § 11-8 pkt. c)

I sonene skal dei oppgjevne omsyna tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken, bygge- og anleggstilltak.

I sonene bør ein særleg ta omsyn til fri ferdsel for ålmenta og unngå nedbygging av område som kan vere attraktive for rekreasjon og friluftsliv.

Omsynsone landbruk (H510) og omsynsone kulturlandskap (H550) (jf. Pbl § 11-8 pkt. c)

I sonene skal dei oppgjevne omsyna tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken, bygge- og anleggstilltak.

Dyrka jord som kan drivast på ordinær måte (maskinelt eller beitebruk) skal etter jordlova sin intensjon haldast i hevd.

I soner med særleg omsyn til kulturlandskapet må ikkje kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkelar o.a. fjernast eller forfalle. Det må ikkje gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i nemnande grad terrengprofilen utan at det er gjeve løyve til det.

Omsynsone bevaring naturmiljø (H560) (jf. Pbl § 11-8 pkt. c)

For område S1 i Fosnavåg er det lagt omsynsone på Kleivavika for at det skal takast særleg omsyn til naturmiljøet i område. Område har status som *sentrumføremål* og gjennom detaljregulering må verdien av område som ei grøn lunge i eit framtidig bymiljø vurderast opp mot verdien område har som utbyggingsareal og tap av eit sentrumsnært grøntområde.



Fire utvalde A-lokaliteter for biologisk mangfold i Herøy:

- Mulevika
- Kaldalsbukta
- Skorpa
- Goksøybeita

Innanfor områda skal biologisk mangfold ivaretakast, og det skal leggest stor vekt på å sikre grunnlag for biologisk mangfold. I og inntil områda skal omsyn til biologisk mangfold tilleggest stor vekt i all forvaltning og planlegging.

Automatisk freda kulturminne (H730) (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)

Omsynssone for automatisk freda kulturminne (H730 (kml) §§ 4 og 6. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminna innanfor desse områda, utan løyve til inngrep frå kulturminnemynda jf. Kml §§ 3 og 8. Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor områda vist som utbyggingsområde (bygg og anlegg, samferdsel og teknisk infrastruktur) skal, med tilstrekkelig vernesone, jf. Kml § 6, bevarast gjennom bruk av omsynssone i kombinasjon med grøntområde/friområde eller liknande i framtidig område/detaljregulering.

Herøy mellomalderkyrkjestad (ID 84565) (H730) (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)

Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.

Kulturmiljø (H570) (jf. Pbl § 11-8 pkt. c)

I verdifulle kulturmiljø kring utvalde automatisk freda kulturminne skal det først ein streng dispensasjonspraksis. Områda har stort potensial for nye funn, og det er viktig å opprette den visuelle opplevinga av landskapet som grunnlag for kunnskap og oppleving. Alle tiltak skal sendast regional kulturminnestyresmakt for vurdering.

Område med bandlegging etter naturvernlova (H720) (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)

I desse områda gjeld vernevedtaket med tilhøyrande verneforskrifter.

Område verna etter naturvernlova:

- Runde nordside: Runde fyr – Terneneset, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Runde vestside: Runde fyr – Moganaset, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.





- Runde austside: Hellesteinen – Blåfjellet – Kløfjellet – Geita, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Fuglelivsfredning for øya Runde og tilgrensande sjøområde: Nordsida av Remøya, Nordaustsida av Nerlandsøya og minimumsavstand 2km frå Runde – verna 30.4.1981.
- Goksøymyrane naturreservat – verna 13.12.1996.
- Muleneset naturreservat – verna 28.5.2010.
- Myklebustvatnet naturreservat – verna 27.5.1988.
- Stokksund – Blikkvågane, fuglefredningsområde – verna 27.5.1988,
- Tjørvågosen naturreservat – verna 8.11.2002.

Areal der reguleringsplan framleis skal gjelde(jf. Pbl § 11-8 pkt. f)

Omsynssone for område der reguleringsplan framleis skal gjelde er vist med omsynsone H910. På plankartet er Planidenten vist.

Oversikt over kva planar som framleis skal gjelde og kva planar som skal opphevast går fram av vedlegg til føresegna.

## § 7. DISPENSASJONAR

Kommunen kan jf. Pbl § 19-2, gi varig eller mellombels dispensasjon frå planen, men berre dersom omsynet til formåla i plan og føresegner ikkje vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved dispensasjon vere klart større enn ulempene, og det skal leggjast særleg vekt på helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og på statlege og regionale rammer og mål.

Kommunen sitt høve til å gi dispensasjon er avgrensa. Dispensasjon krev grunngjeven søknad og det må liggje føre ei klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon. Planen representerer ein gjennomtenkt heilskap, og det skal difor ikkje vere kurant å få dispensasjon.

Før eventuell dispensasjon vert gitt, skal kommunen hente inn fråsegn frå regionale og statlege styresmakter som har interesse i område.



## § 8. VEDLEGG

## 8.1 Oversikt over godkjente reguleringsplanar

Ikrafttreding	PlanID	Plannamn
07.02.1968	196801	Nykrem
06.03.1969	196901	Kvalsund/Nerlandsøy
19.10.1973	197301	Bergsøy/Bendal
24.08.1976	197601	Trolldalen/Storneset
30.09.1976	197602	Frøystad
24.06.1977	197701	Kvalsvikeidet
07.02.1978	197801	Dragsund
17.12.1979	197901	Feirelia
06.07.1981	198101	Fosnavåg/Kleiva
11.05.1982	198201	Bø/Arhaug
22.12.1982	198202	Remøy
23.03.1986	198601	Eggesbønes/Grønhaugen
21.11.1986	198602	Eggesbønes alders- og sjukeheimsområde
27.03.1987	198701	Fosnavåg sentrum
22.05.1987	198702	Røyra
08.09.1989	198903	Jensholmen
14.12.1989	198902	Fiskerihavn Leinevika
13.09.1991	199101	Buholmlina
29.11.1991	199102	Veg Moltu-Tarberg
26.10.1992	199201	Myrvåg
18.12.1992	199202	Langeneset Runde
29.01.1993	199301	Leine 1
26.11.1993	199302	Veg Tuftene-Tjørvåg
26.11.1993	199303	Lisjebøvegen
27.05.1994	199401	Vike/Toftedal
10.04.1997	199701	Veg Sande grense-Tarberg
06.05.1997	199702	Myrvåg (sjukeheim m.m)
06.06.1997	199703	Grisholmen
21.11.1997	199704	Runde Bustadfelt
02.09.1998	199801	Holmsildkvartalet i Fosnavåg
06.11.1998	198801	Vikane
12.02.1999	199902	Mjølstadsneset
03.09.1999	199901	Hjelmeset
25.04.2000	200002	Kvithaugsmyra
15.12.2000	200001	Leinøy skule
09.03.2001	200101	Veg Mjølstadneset
28.05.2001	200102	Myklebuståsen





## HERØY KOMMUNE - FØRESEGNER TIL AREALDELEN

12.10.2001	200103	Bergshaugen
23.11.2001	200104	Fosnavåg sentrum
07.02.2002	200201	Herøy kyrke
03.07.2002	200202	Eggesbønes Aust
19.12.2002	200203	Remøy skuleområde
10.02.2005	200501	Parkeringsplass m.v ved Herøy kulturhus
01.09.2005	200502	Sunnfisk Eiendom gnr.34 Bnr.22
24.05.2006	200601	Remøy gravplass
02.11.2006	200602	Fosnavåg sentrumvestre del av hamneområde
14.12.2006	200603	Runde Miljøsentert
14.12.2006	200604	Røyra 2
25.01.2007	200701	Myklebustvatnet vest
28.06.2007	200702	Vålnesset hyttefriluftsområde
07.09.2007	200204	Fosnavåg sentrum Huken ved Fosnavåg Brygge
22.11.2007	200703	Straumane småbåthamn
11.12.2008	200801	Kvalsund - Teige
05.03.2009	200901	Skotholmen
11.06.2009	200902	Torvik Resort
11.06.2009	200903	Huldal
22.10.2009	200904	Fosnavåg sentrum aust - parkeringsanlegg
10.12.2009	200905	Joakim-Marka sjukeheimsområde Bergsøy
28.01.2010	201001	Hestholmen
25.02.2010	201002	Vågsholmen
25.02.2010	201003	FV18 Leine-Remøyholm
19.05.2011	201103	Budaneset
25.08.2011	201101	Gnr 34 Bnr 99,374-Sentrumsteigen m.fl
15.12.2011	201102	Gang og sykkelveg Torsethøgda-Kalveneset
26.01.2012	201201	Hotell og Konsertsal i Fosnavåg sentrum
26.01.2012	201202	Aspevika
23.02.2012	201205	Espeset 22/2
23.02.2012	201209	Myklebustvatnet vest gnr.37 bnr.380 mfl.
23.02.2012	201256	Hjelmeset 4
19.03.2012	201203	Rådhuskvartalet
22.03.2012	201204	Bustadfelt på gnr.37 bnr.12 og 17 mfl.
26.04.2012	200911	Campus Fosnavåg, del av gnr. 29 og 37
26.04.2012	201206	Gang og sykkelveg Hjelmeseth
26.04.2012	201207	Gnr 45 bnr 9 i Dragsund
26.04.2012	201208	Eggesbøjorda gnr. 382 m.fl
30.08.2012	201280	Koparstad 34-11
27.09.2012	201255	Tovågen bustadfelt
25.10.2012	201253	Feriesentert Røyra
25.10.2012	201279	Herøysentert 37/384 mfl.

DLS



HERØY KOMMUNE - FØRESEGNER TIL AREALDELEN

---

22.11.2012	201257	Planfri kryssing Frøystadskaret
04.12.2012	201251	Hjelmeset 2
04.12.2012	201283	Frøystad bustadfelt II
28.02.2013	201252	Hjelmeseth3
25.04.2013	201246	FV 654-Ny innfartsveg til Fosnavåg
25.04.2013	201258	Indre Leine
25.04.2013	201266	Nærøykrysset- FV 18
27.06.2013	201263	Fosnavåg hamn





## 8.2 Parkeringsvedtekt for Herøy kommune.

1. På eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter skal det sikrast areal for følgjande antal biloppstillingsplassar:
  - a. Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering. Dersom samla antal bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med 11. bueining. For sjølvstendige einbustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass pr. hybeleining utan krav til gjesteparkering.
  - b. Forretningsbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. 50 m<sup>2</sup> golvflate BRA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
  - c. Industri-, verkstad- og lagerbygg skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 100 m<sup>2</sup> brutto golvflate BTA. For bilverkstader og servicestasjon er kravet 3 biloppstillingsplassar pr. 100 m<sup>2</sup> brutto golvflate BTA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
  - d. Hotell skal ha oppstillingsplass for 2/3 bil pr. rom.
  - e. Restaurantar, kafear o.l. skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 sitjeplassar.
  - f. Skular og barnehagar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. tilsett. I tillegg skal vidaregåande skular ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 elevar og barnehagar for 1 bil pr. 5 barn.
  - g. Sjuke- og aldersheimar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. sengeplass.
  - h. Forsamlingslokale, her under kyrkjjer, bedehus, ungdomshus/grendahus, teater og kino, skal ha biloppstillingsplassar fastsett etter skjønn. Kravet skal likevel vere minst 1 biloppstillingsplass pr. 10 sitjeplassar.
  - i. For andre bygningar og anlegg skal talet på biloppstillingsplassar fastsett etter skjønn.
  - j. Nye naustområdeskal det stillast krav om parkeringsdekning på ½ bil pr. naust
2. For tilbygg/påbygg gjeld kravet i punkt 1 for dei deler av bygningar som arbeidet omfattar. Hovudombygging eller delvis ombygging krev ikkje fleire biloppstillingsplassar etter punkt 1 dersom bygninga etter ombyggingsarbeidet samla sett framleis skal nyttast til same formål som tidlegare.

Skal bygninga eller ein del av bygninga, etter hovudombygging eller delvis ombygging, nyttast til anna formål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksformålet, jfr. punkt 2, gjerdet naudsynt med fleire biloppstillingsplassar enn det tidlegare bruksformålet. Talet på nye biloppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det antal plassar som vert kravd etter punkt 1 og krav etter tidlegare bruksformål for same del av bygninga.
3. Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshavar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglysast på eigedomen. Endeleg innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygg/anlegg vert teke i bruk.



4. Beløp pr. manglande parkeringsplass er fastsett til kr 300.000. Denne summen står fast og vert regulert kvart år pr. 1. januar (første regulering 01.01.2015) i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for veganlegg. Utgangspunktet for reguleringa er indeksen pr. 3. kvartal året før reguleringstidspunktet.



### Sunnmørskart

**Søkeresultater**

Adresse 118 breff

Stedsnavn 0 treff

Eiendom 4 treff

38/2 Herøy

5 teiger

38/2 Grunneierdom Herøy

38/2 - 1 Grunneierdom Herøy

38/2 - 2 Grunneierdom Herøy


38/2 - 3 Grunneierdom Herøy

38/2 - 4 Grunneierdom Herøy

Plan 2 treff

Interesspunkt 0 treff

Fjern søkemarkeringer



03.2017

**PER MULVIK A/S**  
 RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF  
 BYGNINGSTEKNIKK  
 VOLDA







# REGULERINGSFØRESEGNER

## § 1 Arealbruk

### Arealbruk etter § 25 i plan- og bygningslova

Det regulerte området er på planen vist med plangrense.

Arealet innanfor denne grensa er regulert til:

1. Byggeområde
  - Område for industri
3. Offentlege trafikkområde
  - Køyreveg
  - Hamneområde i sjø

T 1242  
Støytraf

## § 2 Generelt

### Andre lover og vedtekter

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Herøy kommune.

### Unnatak

Unnatak for reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av kommunen innanfor ramma av plan- og bygningslova § 7 og bygningsvedtektene.

### Byggemelding

Ved handsaming av byggemelding skal ein sjå til at bygga får ei god og harmonisk form, og at bygga i området harmonerer med kvarandre og omgjevnadene med omsyn på form, storleik, materialval og farge.

### Ubygde område

Saman med byggesøknad skal det leggest fram plan for den ubygde delen av tomta. Planen skal vise trafikkeareal, parkeringsareal i samsvar med kommunen sine krav, utelagerplass, plantefelt m.m. Utomhusplanen skal og omfatte tilkomst til Grønholmen for dei som har vegrett dit. Herunder kjem tilkomst for framtidig bygging av molo og vedlikehald/drift av denne.

Det skal ligge føre avtale om vegrett underskriven av begge partar for byggearbeida tek til.

Ubygde område må ein søke å gje ei tiltalande utforming.

## § 3 Område for industri

### Utnytting av området

Området kan nyttast til industribygg med tilhøyrande anlegg.

Bygga kan ikkje nyttast til bustadføreemål, med unnatak av vaktmeisterbustad og liknande.

### Utnyttingsgrad

Den delen av tomta som kan vere dekt av bygningar,

### Teknisk forskrift §2-3

BYA= maks. 50%. Byggehøgda skal ikkje overstige 15 m.

03.2017  
PER MULVIK A/S  
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF  
BYGNINGSTEKNIKK  
VOLDA

Johannes Eggesbø  
Eggesbøvegen 10  
6092 Fsonavåg

Offl. § 14

Saksnr 2016/1167	Arkiv 611	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV	Dato 10.05.2017
---------------------	--------------	------------	---------------------------	--------------------

## **EIGEDOM 38/2 GRØNHOLMEN - REVIDERT TILBOD 10.05.2017**

Viser til samtale og møte den 9.5. 2017 og siste tilbod datert 27.4.2017.

Ein har revurdert tilbodet på samla 1 923 580 kroner for Grønholmen og vil setje fram nytt tilbod:

**Erverv av heile Grønholmen med alle tilhøyrande sjørettar for rund sum kroner 2 000 000.-.**

Tilbodet forutsetter kommunestyret si godkjenning. Alle kostnadar med kjøp og fradeling kviler på kommunen.

Tilbodet er satt fram med grunnlag i verditakseringa og utifrå potensialet med eigedom slik kommunen ser det.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Jarl Martin Møller,  
jarl.martin.moller@heroy.kommune.no - 97506761

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Kommunalsjef  
Samfunnsutvikling

Jarl Martin Møller  
Sakshandsamar  
Utviklingsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

Kopi til:



**AVTALE**  
Om  
Grunnkjøp/innløsning av eiendom  
mellom  
Herøy kommune (kjøpar)  
og eigar av gnr. **38**, bnr. **2** (seljar)

1. Seljar sel og overdreg deler av gnr 38 bnr 2 til kjøpar, slik eiendomen går fram av vedlagde kartutsnitt, datert 19.07.2017.
2. Kjøpesummen skal vere kr **2 000 000**.
3. Avtalen omfattar landareal og alle sjø og tilflotsrettar. Herøy kommune vil ha eigedomsrett til alt sjøareal som vist på kart dagsett 19.07.2017.
4. Seljar er kjend med at arealet skal nyttast til industriområde og vil ikkje motsette seg at området vert regulert, fylt ut og tatt i bruk til dette formålet .
5. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks avtalen er inngått. Det skal utbetalast 90 % av kjøpesummen ved avtale inngåelse og resterande 10 % av kjøpesummen når kjøpar mottok heftefritt skjøte.
6. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.
7. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer kostnadene ved dette.
8. Avtalen er ikkje gyldig før den er handsama og godkjent av kommunestyret i Herøy.

Fosnavåg 15/7-2017

\_\_\_\_\_  
Herøy kommune

Johannes S. Fagstad  
Eigar av gnr.38 bnr.2

**Vedlegg:**

1 – Kartutsnitt datert 19.07.2017




# Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 19.07.2017





Målestokk: 1:5000

Koordinatsystem: UTM 32N





## Tegnforklaring

<i>Eiendomsinformasjon</i>	
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
	Eiendomsteig
Abc	Gårds- og bruksnummer
<i>Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)</i>	
	Godkj. Nybygg
	Godkj. Tilbygg
	Omriss Tiltak
	Godkj. Nyb./Tilb./Påb.
	Uspes. Tiltak
<i>Bygninger</i>	
	Bygningsdelelinje
	Grunnmur
	Taksprang Bunn
	Bygning - Boligbygg
	Bygning - Andre bygg
	Annen bygning
	Bygning punkt
	Takplata
	Takriss
	Takoverbygg
	Takoverbygg kant
	Trapp inntil bygg, kant
	Veranda
	Bygningslinje
	Taksprang
	Mønelinje
	Låvebru
	Bygningsbru
<i>Adresser</i>	
Abc	Matrikeladresse
Abc	Gateadresse
Abc	Adressepunkt tekst



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/286
		Arkiv:	141

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
130/17	Formannskapet	22.08.2017
89/17	Kommunestyret	31.08.2017

### LOKAL KULTURMINNEPLAN - FASTSETJING AV PLANPROGRAM OG VAL AV POLITISK REPRESENTANT TIL ARBEIDSGRUPPE

#### Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth møte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 22.08.2017

I samsvar med pbl §11-13 fastset kommunestyret planprogram for kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi.

#### Tilråding:

I samsvar med pbl §11-13 fastset kommunestyret planprogram for kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi.

Særutskrift:

Ressurs-/referansegruppe; Komite for næring, kultur og idrett  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen Region Midt  
Til politikar vald til arbeidsgruppa

## Vedlegg

- 1 Planprogram, kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi
- 2 Herøy kommune - kommunedelplan - kulturminne av lokal verdi - fråsegn ved varsel om oppstart
- 3 Merknader til oppstart og høyring av planprogram.
- 4 Varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan kulturminne av lokal verdi - Uttale sendt fra Statens vegvesen

## Samandrag av saka:

Kommunestyret vedtok i sak 26/17 den 09.03.17 å starte opp arbeid med kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi og samstundes å legge eit forslag til planprogram ut til høyring/offentleg ettersyn.

Det har kome inn tre merknader; frå Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Statens vegvesen. Berre Fylkeskommunen har merknad som også gjeld planprogrammet.

Ein takkar for gode innspel til planarbeidet og tek merknadane til vitande i det vidare arbeidet med planen. Her er ikkje motsetnader mellom innspela og utarbeidd planprogram, så ein rår til at planprogrammet vert vedteke slik det var lagt ut til høyring.

Planprogrammet skisserer ei arbeidsgruppe beståande av kulturleiar, planleggar og ein politisk representant.

## Saksopplysningar:

Det har kome inn tre merknader til oppstart/planprogrammet.

1. Møre og Romsdal fylkeskommune, 24.04.2017.  
Meiner planprogrammet bør konkretiserast i høve innhald og kva som skal bli resultatet av arbeidet med planen. Meiner planen bør innehalde historisk utvikling for ulike tema og liste over utvalde kulturminne tilpassa innlegging i Riksantikvaren sin database Askeladden. Forventar at kulturminne frå nyare tid vert teke med, nemner spesielt Rådhuset og Borga. Meiner planprogrammet bør ha med at planen skal innehalde kart over dei utvalde kulturminna med omsynssoner til bruk i kommuneplan og Askeladden. Viser elles litt generelt til pbl sine krav om handlingsprogram, samordning med kommunen sine øvrige planar og medverknad.
2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 25.04.2017.  
Ingen merknad til planprogrammet, men viser til at kulturminneplan i lag med kommuneplanen vil vere eit viktig grunnlag for forvaltning av areal og kulturbetinga naturmangfald. Nemner landbruk som ei næring med mange truga kulturminne pga nedlegging av drift og at det vil vere viktig å ta vare på eit utval av driftsbygningar for å vise den historiske utviklinga i næringa.
3. Statens vegvesen, Region Midt, 28.04.2017.  
Ingen merknad til planprogrammet, men gjer merksam på bruvaktarbustaden i



Dragsundet og historikk om denne omtalt i "Vegminner i Møre og Romsdal fylke" (Statens vegvesen 2001).

Det er berre Fylkeskommunen som har innspel direkte til planprogrammet.

### **Vurdering**

Planprogrammet er enkelt, men ganske konkretisert med tanke på prosess, ikkje så konkretisert på innhald i plan. Dette er gjort med hensikt for muligheit for styring/justering etter innspel og erfaringar undervegs i prosessen. Målet med kulturminneplanen er at den skal vere eit godt arbeidsverkty for kommunen og at arbeidet med planen skal auke kompetansen om lokal kulturarv, sette kulturminne på den politiske dagsorden og oppnå auka samarbeid med lokalsamfunnet. Presentasjonsform er sett på som viktig, så arbeidet med utarbeiding av høveleg kart og formålstenlege tekster er vektlagt i prosessen.

For øvrig er informasjonsmøte og alle bygdemøte heldne i tråd med skissert framdriftsplan (i april og mai 2017). Det arbeidast no med innsamling og kategorisering av data og ein tek sikte på å halde skissert framdriftsplan og fremje sak om utlegging til offentleg ettersyn i løpet av oktober 2017.

### **Konklusjon**

Ein tek innspela til vitande og vil samordne desse i vurderinga av korleis planarbeidet skal presenterast. Kommunen sitt overordna mål er å få fram ein første kulturminneplan som gir oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø av lokal verdi, samt ein handlingsplan for forvaltninga av dei viktigaste av desse.

Ein rår til at planprogrammet vert stadfesta slik det vart lagt ut til høyring.

Fosnavåg, 20.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

# KOMMUNEDDELPLAN FOR KULTURMINNE AV LOKAL VERDI

2018-2021

HERØY KOMMUNE

## PLANPROGRAM



## 1. Intro

Plan- og bygningslova § 4-1, 2: *“Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten”.*

## 2. Føremål med planarbeidet

Målet med kulturminneplanen er at den skal vere eit godt arbeidsverktøy for kommunen og at arbeidet med planen skal auke kompetansen om lokal kulturarv, sette kulturminne på den politiske dagsorden og oppnå auka samarbeid med lokalsamfunnet.

Dette er saksa frå Riksantikvaren si heimeside: *«Ein kulturminneplan gir kunnskap om fortida og avklarar kva kulturminner ein vil ta vare på i framtida. Med bakgrunn i ei oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, utarbeider kommunen ein plan for forvaltninga av desse. Kommunane definerer sjølv kva kulturminner som er verneverdige og som skal inngå i kulturminneplanen».*

Kulturminneplanen lokaliserer kulturminne av lokal verdi (som ikkje er med i regional kulturminneplan) og å definerer eit utval av desse som ein antek vil ha ein verneverdi for framtida.

## 3. Planprosess og fristar

**Februar 2017.** Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn.

**Mars-mai 2017.** Arbeid med innsamling og kategorisering av data på kulturminne i Herøy. Herunder innspel til oppstart, administrasjonen si eiga innsamling, bygdemøte, interesse møte m.m.

**Mai 2017.** Fastsetjing av planprogram.

**Oktober 2017.** Framlegg til kulturminneplan leggst ut til offentlig ettersyn.

**Desember 2017.** Stadfesting kulturminneplan. Gjeldande frå 2018-2021.

## 4. Organisering

Utviklingsavdelinga er ansvarleg for gjennomføringsprosessen medan kulturavdelinga har fagleg hovudansvar.

### **Ein foreslår slik arbeidsgruppe:**

Ein planleggar

Kulturleiar

Ein politisk representant

Formannskapet fungerer som styringsgruppe for planen medan komitè for næring, kultur og idrett vil vere ressurs-/referansegruppe.

## **5. Medverknad**

Ein vil søkje å nytte frivillige og/eller særskilt eigna personar til bistand for gjennomføring av kartleggingsarbeidet. Det vil vere ope for alle å kome med innspel undervegs i planarbeidet.

Bygdemøter skal gjennomførast i perioden mars- mai. Ein foreslår slik områdevis inndeling:

Leikong/Myrvåg

Tjørnvåg/Nautøy/Moltustranda

Frøystad/Torvik/Bø/Sande

Leine/Remøy/Runde

Bergsøy

Skorpa/Kvalsund/Kvalsvik

Privatpersonar med interesse for kulturminnevern, aktuelle lag og organisasjonar og eigarar/drivarar av aktuelle verneverdige lokale kulturminne skal i søkjast involverast i planprosessen i størst mogleg grad.

## **6. Behov for utgreiingar**

Det er vurdert at det ikkje er behov for utgreiingar eller konsekvensanalyse i samband med planarbeidet då dette er eit kartleggingsarbeid som ikkje utløyser utbygging. Arbeidet er antatt å ha positiv verknad på samfunn i det ein vonaleg får ei auka merksemd kring verdien av lokale kulturminne for folk flest.



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/286	16.03.2017	39017/2017/KOMMUNEPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	24.04.2017

## Herøy kommune - kommunedelplan - kulturminne av lokal verdi - fråsegn ved varsel om oppstart med planprogram

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

#### Generelt

Planprogrammet er ryddig og enkelt, men det manglar ein del konkret om innhald og det bør tydeliggjerast ytterlegare kva som skal bli resultatet av arbeidet med planen.

Planprogrammet bør ha med kva planen skal innehalde:

1. Historisk utvikling i Herøy på ulike tema: til dømes fiske, landbruk, handel, samferdsel, barndom og oppvekst, kultur- og åndsliv, frå vogge til grav for ulike samfunnslag.
2. Liste over utvalte kulturminne med informasjon tilpassa til innlegging i Riksantikvaren sin database Askeladden. Vi forventar at det vert teke med kulturminne lengre fram i tid enn det som har vore vurdert tidlegare. Herøy har eit flott rådhus som markerer samfunnsbygginga i Noreg etter 2. verdskrig og det sosialdemokratiske Noreg. Dette er bakgrunnen for at vi i år vert kåra til det «lykkelegaste folket i verda». Skulen «Borgen» i Fosnavåg er ein monumental bygning og eit anna minnesmerke over økonomisk framgang og fordeling av godar (Dette er døme på aktuelle nyare kulturminne).
3. Kart over dei utvalte kulturminna med omsynssoner til bruk i kommuneplan og Askeladden.
4. Handlingsprogram. Bygde kulturminne forfell om dei ikkje vert halde i hevd. Det er difor viktig å finne bruk for kulturminna. Nokre er lettare å finne bruk for enn andre, men med god kjennskap til kulturminna er det enklare å kome på dei når det er aktuelt. Handlingsplanen skal rullerast som i andre planar, og må vere enkel, gjerne tiltak i samarbeid med andre tiltak, turvegar mm.

Kommunedelplanen er forankra i plan- og bygningslova og må følgje prosessreglar i § 11-1, tredje ledd. For kommunedelplanen skal det også utarbeidast ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgast opp i dei fire påfølgande åra eller meir. Handlingsdelen skal gje grunnlag for kommunens prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Kommuneplanens handlingsdel skal konkretiserast med tiltak

innafor kommunens økonomiske rammer. Kommuneplanens handlingsdel skal oppdaterast årleg.

Planarbeidet er også knytt til pågåande arbeid med kommuneplanens arealdel, og skal bidra med teamkart over registrerte kulturminne og kulturmiljø. For kulturminne av regional og nasjonal verdi er grunnlaget på plass gjennom vedtatt regional delplan, og registrering og verdsetting av lokale kulturminne blir dermed ei viktig oppgåve i dette planarbeidet.

#### Folkehelse/friluftsliv

Kommunen bør vurdere om planprogrammet også skal inkludere utgreingar og vurderingar av samvirke mellom kulturminneformidling og fysisk aktivitet/friluftsliv. Ny eller betra tilrettelegging av turstiar/turvegar som tilkomst til kulturminne eller som rundløyper i tilknytning til kulturminne/kulturmiljø kan både bidra til betre formidling og auka fysisk aktivitet for grupper i befolkninga.

#### Medverknad

Vi meiner det kan være nyttig å møte og samtale med ulike generasjonar i arbeidet med kulturminneplanen, og da særleg knytte kontakt med barn og unge, og eldre. I tillegg vil landbruksmynde i kommunen og fiskerimynde viktige i samband med innspel/medverknad til planen.

#### I NNSPEL TIL PLANARBEI DET

##### Planfaglege råd

Herøy kommune har brukt litt til på å kome i gang, men har lagt opp eit tett program for å kome i mål. Dette trur vi er bra, men ser ikkje at det er eit problem om det tar litt lengre tid på slutten med å få alt på plass. Vi ser andre stader at det kjem nye innspel, både og objekt som bør med, og tiltak som passar inn når planen har fått så mykje form at folk ser kva som er tenkt.

I planarbeidet vil ein truleg arbeide med mange kjelder og få fram mange skriftlige og munnlege bidrag til kunnskap om lokale kulturminne. Vi rår til at den endelege planen gir ei god oversikt over kjelder, men at skriftstykke og nedskrivne opplysningar blir synleggjort hovudsakleg i vedlegg ti planen, slik at ikkje sjølve plandokumentet blir for omfattande.

##### Automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid

Nokre kommunar legg opp til å lage retningsliner for handsaming av ulike saker som vedkjem kulturminna: Byggesaker, søknader om tilskot, råd om istandsetting, ny bruk, mm. Automatisk freda kulturminne høyrer berre med i planen i den grad det er aktuelt med til dømes tilrettelegging for bruk av området med infoskilt mm. Elles er alle kulturminne frå før 1537 automatisk freda og har eit strengt lovverk. Kulturminna som bør med i kulturminneplanen er særleg dei som høyrer med under plan- og bygningsloven sitt regelverk.

##### Barn og unge

Planarbeidet bør vurdere i kva grad ein skal ha særskilte mål og strategiar for kulturminneformidling til barn og unge. Vi rår kommunen til å vurdere samarbeid med skular og barnehage, også innanfor praktisk oppfølging av planen ved t.d. skjøtsel av utvalde kulturmiljø eller kulturlandskap.

#### Universell utforming

Vi ber om at ein i planarbeidet også vurderer tilgjenge til kulturminne og om det for utvalde kulturminne skal prioriterast tiltak for å betre tilgjenge og universell utforming av skilting og informasjon.

#### Konklusjon

Fylkeskommunen viser til merknader og innspel over og ser elles fram til å bidra på ulike måtar i planarbeidet.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann  
rådgiver

#### Fagsaksbehandlar

Automatisk fredda kulturminne: Arve Eiken Nytnun, arkeolog, tlf 71280325  
Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, tlf 712 80 337

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt  
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal  
Kystverket Midt-Norge  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
2017/286	Saksnr.
27 APR. 2017	
Frikode P	
Frikode S	
Utt	Dokument
Innsigelse	

## Herøy kommune Kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi Oppstart og høyring av planprogram

Herøy kommune har utarbeidd eit enkelt og kortfatta planprogram. Ein kommunal delplan for kulturminne av lokal verdi vil vere eit viktig grunnlag for kommunen si arealforvaltning og regionale etatar sin medverknad i planprosessane, samt for forvaltning av kulturbetinga naturmangfald. Kommunedelplanen vil her naturleg måtte sjåast i samanheng med viktige rammer og føringar knytt til kommuneplanens samfunns- og arealdel.

Kulturminne vil gjerne vere del av større samanhengande kulturmiljø. Dette vil vidare kunne inngå som viktige element i natur- og kulturlandskapet. Landbruket er ei næring med mange kulturminne. Mange av desse kulturminna er truga på grunn av strukturendringane i næringa. Vi vil særleg peike på situasjonen for driftsbygningane i landbruket. Mange av desse står tomme etter at drifta på gardane er lagt ned. Det vil vere viktig å ta vare på eit utval av driftsbygningar for å vise den historiske utviklinga i næringa. Kulturminna i landbruket er nært knytt til landbruket sitt kulturlandskap. Skal ein ta vare på kulturminna i landbruket, må ein sjå natur- og kulturverdiar i samanheng

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde elles ikkje vesentlege merknader til planprogrammet eller innspel til planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)  
samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde



**Statens vegvesen**



**Møre og Romsdal  
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
17/41353-2

Dykkar referanse:  
2017/286

Vår dato:  
28.04.2017

## **Herøy kommune – Varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi – Uttale**

Viser til brev av 16.3.2017 frå Herøy kommune.

Saka gjeld varsel om oppstart av utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi og offentlig ettersyn av planprogram.

Av vegrelatert kulturminne i Herøy gjer vi merksam bruvaktarbustaden i Dragsundet. Kulturminnet har i Askeladden ID 226936. Sjå elles historikk om Dragsundbrua og vaktarbustaden i vedlagde kopi av side 33 i «*Vegminner i Møre – og Romsdal fylke*» – utgjeven av Statens vegvesen 2001.

Utover dette har vi ikkje særlege kommentarar/innspeil til varsla planarbeid og planprogrammet.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

---

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### 3: Dragsundbrua



Den gamle Dragsundbrua vart bygd i 1875 som den fyrste brua i Herøy kommune. Brua var ei kombinert vippe- og rullebru. I 1912 vart ei ny rullebru bygd på same stad. I dag er det berre landkara og eit brukar som står igjen av den eldste brua. Ei heilt ny bru vart bygd over Dragsundet (229 meter) i 1953. Brukaret frå den eldste brua er nytta som fundament for brukaret for 1953-brua. På sørvestleg side går pilarane på "nybrua" inn mot landkaret som er bygd i naturstein. Det er vanskeleg å avgrense landkaret, då det truleg er omforma og utfyllt i samband med plassering av ei betongblokk som ligg framom karet. I tillegg er det plassert noko betong i det gamle landkaret som er i mindre god stand.

Det nordlege landkaret er også bygd i naturstein og er i god stand. Det er 6,5 meter breitt og plassert ut i sundet slik at det framstår som ein lang tarm. Frå fjøra og ut til enden av karet er det 26 meter. På denne strekninga er det nyleg påført ein del pukkmasse. Ved enden av karet ligg tre store steinar. Lenger oppe på karet er breidda 4 meter. Vest for karet står Dragsundbrua frå 1953.

Til Dragsundbrua høyrde det òg bruvaktarteneste. Til denne tenesta vart det reist både bustad og låve. Låven blei reven for mange år sidan, men vaktarbustaden står framleis. Huset er bygd i tre og måla i ein gulbrun farge. Huset er 8,6 meter langt og 5,4 meter breitt. Grunnmuren er ca. 60 cm høg og består av naturstein blanda med betong. Vaktarbustaden er i mindre god stand, og ligg sør for det sørlege landkaret. Huset ligg inntil fjellknausen som er det sørlege fundamentet for Dragsundbrua frå 1953. Eit par av brubeina står like til venstre for huset. Vegen ned til gamle Dragsundbrua går like nedanfor huset mot sjøen. Mot aust ligg ein stor fjellknaus. Sør for bruene ligg det m.a. eit bilverkstad og ei småbåthamn. Brua frå 1953 går høgt over heile området. Ned til brua går ein grusveg i ein lengde på ca. 250 meter og breidde på 3,7 m. Inn mot restane av den gamle Dragsundbrua svingar vegen inn på ein større gruslagt plass. Langsetter sjøkanten går det ein støttemur i naturstein fram til landkaret. Muren er 34,3 m lang og med ein 40-50 cm høg støypekant øvst oppe. Ved nordre landkar er det ein del naust og bustader.





Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/741
		Arkiv:	000

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/17	Valnemnd	21.08.2017
131/17	Formannskapet	22.08.2017
90/17	Kommunestyret	31.08.2017

### DEMOKRATIPROSJEKTET

#### Møtebehandling:

Tilråding frå valnemnda vart utdelt.

#### Samrøystes tilråding i Formannskapet - 22.08.2017

Herøy kommune ønskjer å delta i demokratiprojektet.

#### Samrøystes tilråding i Valnemnd - 21.08.2017

Fylgjande faste representantar i kommunestyret i Herøy kommune deltek i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS:

Medlem:

1. Stian S. Elveseter
2. Ole Brubakk
3. Solveig H. N. Båtsvik
4. Svein Gjelseth
5. Kjell Runde

Personleg vara:

- Marthe Vågsholm Sævik
- Linn Therese H. Sævik
- Thor Sigmund Garvik
- Gerd Kopperstad
- Frank Roy Moltu



## Tilråding

Følgjande faste representantar i kommunestyret i Herøy kommune deltek i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS:

6. \_\_\_\_\_
7. \_\_\_\_\_
8. \_\_\_\_\_
9. \_\_\_\_\_
10. \_\_\_\_\_

Særutskrift:

- Sunnmøre regionråd IKS, v/Erlend Krumsvik – [erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no](mailto:erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no) (*Politisk sekretariat sender namn og kontaktinformasjon (epost og mobiltelefonnummer) som del av vedtaket.*)
- Økonomiavdelinga, her
- Rådmannen si leiargruppe

### Samandrag av saka:

Demokratiprojektet er eit interkommunalt innovasjonsprosjekt som skal tilføre kommunane kunnskap og kompetanse for å utvikle eigen kommune til å møte framtidens utfordringar. Prosjektet er forankra i representantskapen i Sunnmøre regionråd, og finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom skjønnsmidler.

Nettverket for folkevalte er eit av satsingsområda for prosjektet, der «fritidspolitikarane» gjennom samlingsbasert nettverksarbeid med andre politikarar frå heile Sunnmøre, vil få tilført kunnskap og kompetanse til å utvikle relevant politikk for eigen kommune. Hovudformålet med nettverket er å utvikle rolla som folkevald og stimulere til offentleg innovasjonsarbeid frå ein politisk ståstad.

Kvar kommune på Sunnmøre, inkl. Hornindal kommune, kan delta med inntil 5 representantar. Kommunestyret blir oppfordra til å stille med både erfarne og mindre erfarne folkevalde. Det blir stilt som krav at deltakarane er faste representantar i kommunestyret. Nettverket for folkevalte vil ha opp til tre samlingar per halvår.

### Saksopplysningar

Norge har over fleire tiår hatt ein økonomisk vekst og lav arbeidsløyse. Vi har gode velferdsordningar og ein profesjonell offentleg sektor, med stor tillit blant

innbyggjarane våre. Dette har gjort at de har vore gode rammevilkår for å løyse våre samfunnsutfordringar, ikkje minst med tanke på solide inntekter frå oljeindustrien.

Folketalsframskrivingane viser at vi frå ca. 2025 og framover vil vi få ei strukturendring som vil doble antal eldre og halvere yrkesaktiv befolkning. Truleg vil den samla inntektsutviklinga i samfunnet vårt bli slik at det blir meir krevjande å oppretthalde velferdstenestane våre, særleg dersom kommunane fortsetter med den ressursinnsats ein nyttar i dag. Det vil derfor bli behov for å finne nye måtar å forvalte velferdstenestane våre på.

Kommunereforma og folkehelsearbeidet har vore to statlege strategiar som har sin forankring i forventa framtidig samfunnsending. Kommunereforma har som mål å styrke den kommunale organisasjonen, medan folkehelsearbeidet har som formål å utsette eller unngå etterspørsel etter kommunale tenester. Demokratiprosjekter bygger vidare på grunnideane i begge desse strategiane.

Den teknologiske utviklinga og bruk av ny teknologi gjer at samfunnet endrar seg stadig raskare, noko som setter krav til endring i offentleg sektor også. Å utvikle kommunenes handlingsrom for innovasjon er ei viktig utfordring. Det må opnast opp for nye idear, til og med jaktast på nye idear. Innovasjonsarbeid treng gode pådrivarar, og i den samheng står den politiske rolla sentralt. Det må skapast rom, tid og ressursar til å finne ut og prøve ut nye løysingar, både internt, ilag med innbyggjarar, forskarar, frivillige lag og organisasjonar, og næringslivet.

Representantskapen i Sunnmøre regionråd ønsker eit felles løft for alle kommunane på Sunnmøre, basert på ei erkjenning at ein gjennom samla innsats vil kunne løyse utfordringane betre enn om ein står åleine kvar for seg. Prosjektet bygger vidare på det gode samarbeidet ein har etablert i arbeidet med kommunereforma, men deltakinga i prosjektet er for alle kommunane på Sunnmøre. Alle kommunane vil møte den same framtida.

Prosjektet har fylgjande overordna mål:

«Tilføre kommunene kompetanse for å auke samfunnets velferdsnivå gjennom eldrebølga»

Prosjektets formål er definert i fem punkt:

1. Utvikle politikerrollen for «fritidspolitiker»
2. La digitalisering bli;
  - a. ..ein naturleg arena for medvirkning, og
  - b. ..ein naturleg del av kommunal organisasjonsutvikling.
3. Legge til rette for betre innovasjonsklima i kommunene
4. Skape grunnlag for samskaping mellom kommunar og andre samfunnsaktørar
5. Auke tillit mellom offentleg sektor og samfunnet for øvrig.

Nettverket for folkevalte vil oppfylle fleire av desse formåla. Gjennom indre og ytre prosessar vil deltakarane i nettverket få tilført kunnskap og kompetanse til å utvikle den rolla dei folkevalde har. Verdien av nettverket vil utvikle seg over tid, då ein

gjennom vennskap og kjennskap vil begynne å tilføre kvarandre verdiar som vil ligge over prosjektets kunnskapsformidling.

Digitalisering omfattar i stor grad endring og fornying av tenester, prosessar og arbeidsmåtar der teknologi står sentralt. Ein viktig føresetnad for dette er knytt til kunnskap, leiing, kultur og haldningar som kriterie for å få det realisert. Digitalisering representerer eit sentralt innovasjonselement i offentleg sektor, for å utvikle nye og betre tenester som er effektive, pålitelige, og enkle å bruke. Datasystem som kan forutsjå behov, tilpasse tenester og avdekke feil, kan automatisere delar av sakshandsaming og forvaltning, og frigi fleire ressursar til utvikling, forebygging og stadavhengige tenesteleveransar som td. skule og helseomsorg, eller redusere kommunal etterspørsel etter framtidig arbeidskraft.

Det er godt dokumentert gjennom norsk arbeidslivsforskning av gode arbeidsmiljø er meir produktive. Eit godt arbeidsmiljø har som føresetnad at det er samsvar mellom dei krav som blir stilt til arbeidstakaren, og den kontroll som kvar einskild opplever å ha over sin eigen arbeidssituasjon. Gode arbeidsmiljø vil betre løyse komplekse oppgåver, finne løysingar på tvers av fagmiljø, frigi innovasjonskapasitet, fordele ansvar og aktivt ta i bruk den enkeltes kompetanse i organisasjonen. I denne samanheng er både administrativ leiing og politisk leiing viktig for å legge til rette for optimale arbeidsforhold for kommunalt tilsette. Det vil stå sentralt å kunne bygge gode kollektive arbeidslag som har tillit og lokalt handlingsrom for å eksperimentere og finne nye løysingar. Dette har betydning både for sjukefråvær, men også for utviklingskompetansen til organisasjonen. Desse prinsippa er truleg også gjeldande innad i det politiske arbeidsfellesskapet, og særleg i samspelet mellom politikk og administrasjon.

I Norge er kommunesektoren gitt ei sentral rolle som demokratisk arena, tenesteytar, samfunnsutviklar og myndigheitsutøvar. Kommunesektoren skal handtere komplekse oppgåver med høge krav til kvalitet, fornying og effektivitet i eit samfunn i stadig endring. Erfaringar frå Danmark gir signal om at samfunnsutviklarrolla vil bli utvida med det som blir omtalt som «samskaping», der kommunane går inn i velferdsleveransar ilag med andre samfunnsaktørar. Samskaping er Sunnmørskommunane kjent med gjennom prosjektarbeid, som til dømes bygging av hamner, idrettshallar og fotballbaner. Samskaping i denne samanheng er knytt til varig partnerskap over tid, der både kommune og andre samfunnsaktørar løyser og leverer velferd ilag. I denne samanheng viser dansk erfaring at rolla som folkevald bli utfordra. Nettverksarbeidet vil ta opp denne utfordringa.

Tillit mellom innbyggjarar og offentleg sektor blir omtala som ein sentral byggestein i vårt velferdssamfunn. Den er kanskje så sentral at den kan omtalast som «hjørnesteinen». Høg grad av tillit til at den skatt som blir betalt inn til fellesskapet blir levert tilbake som velferd, gjer at den skandinaviske velferdsmodellen har blitt best i verden. Vårt samfunn blir påverka av internasjonal politikk, og samfunnstrukturen har blitt endra gjennom auka geografisk mobilitet. Ved å ha god kompetanse om kva som bygger tillit i vårt samfunn, kan ein bygge politisk handlingsrom for å styrke velferdsstrukturen vår ytterlegare.

## Arbeidsmetodikk for Nettverk for folkevalte

Det er lagt opp til tre samlingar i halvåret for Nettverk for folkevalde, der det blir skapt ein relevant møteplass for alle kommunane på Sunnmøre. Samlingane er delt i to delar, der den eine består av foredrag, og den andre nettverks- og gruppearbeid.

Det vil bli henta inn relevant kompetanse frå Skandinavia, både kommunalt og innan forskning. Mange kommunar i Sverige og Danmark har gått før oss i løypa, og det er formålstenleg å lytte til gode eksempel og erfaringar. Samstundes vil vi løfte fram lokale prosjekt som kan være gode døme på korleis kommunar jobbar på Sunnmøre.

Sidan dei fleste «fritidspolitikarar» er yrkesaktive, legg ein opp til samlingar som startar etter lunsj og er ferdige på sein ettermiddag. Møtestadane vil flyttast rundt om på Sunnmøre, slik at reiseulempe blir fordelt noko lunde likt mellom alle deltakarane. Sunnmøre er delt med ferjer, og ein må nok pårekne litt variert reisetid til dei ulike samlingane.

Nettverket vil få sin fulle verdi når kjennskap og vennskap er etablert mellom deltakarane, og ein kan begynne å være ein ressurs for kvarandre. Prosjektet gir ei unik mulighet til å møte andre folkevalte på Sunnmøre, uavhengig av erfaring og politisk forankring.

## Ulike arbeidsfelt for prosjektet

Demokratiprojektet i si heilheit har fleire arena å jobbe på. I tillegg til Nettverk for folkevalde blir ordførarnettverket på Sunnmøre brukt, samt også rådmannsgruppa i Sunnmøre regionråd. Prosjektet knyter også til seg forskingsmiljø, der høgskulane i Møre og Romsdal står sentralt. Prosjektet har ambisjon om å bli del av Horizon 2020 forskning, då særleg knytt til tillitsforskning.

Dei forskingsmiljøa som kjem inn i arbeidet med Demokratiprojektet vil få krav til seg å delta aktivt inn i dialogen som pågår. Både gjennom foredrag, prosessdialog og sjølvstøtt skriftleg arbeid.

## **Økonomiske konsekvensar**

Arbeidet med demokratiprojektet er finansiert av ulike offentlige ordningar, der grunnfinansieringa er finansiert av skjønnsmidlar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er ingen direkte kostnader knytt til deltaking i prosjektet, bortsett frå at kommunane må dekke reisekostnader og evt. frikjøpskostnader for deltakarane. Dette er eigenandelen som ligg til grunn for bruken av skjønnsmidlane frå fylkesmannen.

Samlingane vil bli gjennomført i ulike kommunar på Sunnmøre, og reisekostnader vil derfor variere frå gong til gong. Samlingane tek høgde for at deltakarane er



yrkesaktive, og vil derfor legge beslag på ein halv arbeidsdag, samt litt sein ettermiddag. Det er ingen planlagt aktivitet knytt til helg.

## **Vurdering og konklusjon**

Den politiske innretninga i Demokratiprojektet vil tilføre folkevalde kunnskap og kompetanse til å legge til rette for framtidig utvikling i kommunen. Samspelet mellom politikk og administrasjon er viktig, særleg med tanke på dei endringsprosessar ein må forvente kjem inn i framtida vår. Ved å ta del i dette arbeidet no vil ein jobbe strategisk i forkant av samfunnsendingane, og unngå å kome i ein posisjon der ein blir styrt av nødvendig endring i etterkant.

Prosjektdeltakinga vil gi ein forståing av utfordringane knytt til digitalisering, både økonomisk og praktisk. Dette har gode ringverknadar for arbeid knytt til økonomiplan og budsjettarbeid, men også knytt til dei målsettingar som blir satt for kommunens arbeid. Erfaringsdelinga som prosjektet legg opp til, gjer at ein kan spegle kommunens politiske arbeid opp mot andre kommunale erfaringar, og gode dømer som blir presentert.

Rådmannen rår til at Herøy kommune tek aktivt del i Demokratiprojektet.

Utkast utarbeida av: Erlend Krumsvik, rådgjevar, Sunnmøre regionråd IKS

---

Fosnavåg, 08.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/112
		Arkiv:	028

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	05.09.2017
91/17	Kommunestyret	31.08.2017

### LOKALDEMOKRATIUNDERSØKING 2017.

#### Tilråding:

Kommunestyret merkar seg at Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati og at det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

Kommunestyret merkar seg vidare at vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

Kommunestyret vil drøfte tiltak for å møte utfordringane, som har kome fram i undersøkinga, og ønskjer at KS Folkevaltprogram bistår med dette.

#### Særutskrift:

- Gruppeleiarane
- KS Folkevaltprogram
- Rådmannen si leiargruppe

## Vedlegg:

- Lokaldemokrati innbyggjarar
- Lokaldemokrati folkevalde

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/>

### Samandrag av saka:

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla. Vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

### Saksopplysningar:

KS inviterte kommunane i landet til å undersøkje korleis innbyggjarar og folkevalde oppfattar lokaldemokratiet i eigen kommune. Grunnlaget for undersøkinga er at innbyggjarar og folkevalde i kommunestyret svarte på 14 spørsmål om korleis dei oppfattar lokaldemokratiet i eigen kommune. Innbyggjarane svarte på spørsmål i telefonintervju. Folkevalde svarte i tillegg på 29 spørsmål om arbeidet i kommunestyret.

Spørsmåla som vart stilte innbyggjarar og folkevalde, dekkjer ulike sider ved eit godt lokaldemokrati: påliteleg styre, ansvarleg styre, borgarnært styre og effektivt styre.

Det er så langt 17 kommunar som har gjennomført både innbyggjar- og folkevalddelen av KS Lokaldemokratiundersøking.

### Påliteleg styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit påliteleg styre.

### Ansvarleg styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Innbyggjarane her i kommunen er likevel noko meir positive enn landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit ansvarleg styre.

### Borgarnært styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit borgarnært styre.

### Effektivt styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Innbyggjarane her i kommunen er likevel noko meir positive enn landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit effektivt styre.

### **Fornyning og solidaritet**

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi kommunen utviklar og fornyar seg heile tida i måten ein løyser oppgåvene på.

### **Om arbeidet som folkevalt**

På desse spørsmåla har vi større avvik mellom svara frå dei folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

- 3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
- 4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
- 17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

Eg merkar meg elles at rådmannen kjem dårlegare ut enn landsgjennomsnittet når det gjeld:

- 24. Rådmannen er flink til å synleggjere det lokalpolitiske handlingsromet i sakene (-0,2)
- 25. Rådmannen sine saksframlegg er lettfattelege (-0,2)

### **Vurdering og konklusjon:**

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er størst avvik mellom svara frå innbyggjarane og dei folkevalde på spørsmål **B** «*Her i kommunen misbruker ikke de folkevalgte sin makt til personlig fordel*» (0,7). Det er minst avvik mellom innbyggjarane og dei folkevalde på spørsmål **F** «*Stort sett vet innbyggerne nok om forholdene her i kommunen til å bruke stemmeseddelen sin på en fornuftig måte i kommunevalget*» (0,0)

Lokaldemokratiet i Herøy har dermed ei omdømeutfordring på lik line med gjennomsnittet av kommunane. Det er likevel grunn til å merke seg at innbyggjarane her i kommunen på dei fleste spørsmåla er meir positive til lokaldemokratiet enn gjennomsnittet av kommunane i undersøkinga.

Det er elles små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla. Herøy har størst avvik på fylgjande spørsmål om arbeidet som folkevald:

- 3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
- 4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
- 17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

Rådmannen rår til at kommunestyret drøftar tiltak for å møte utfordringane på desse områda.

Rådmannen vil på si side drøfte tiltak for å synleggjere det lokalpolitiske handlingsromet i sakene betre og gjere saksframlegga sine meir er lettfattelege.

Fosnavåg, 03.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann





Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/483
		Arkiv:	028

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
132/17	Formannskapet	22.08.2017
92/17	Kommunestyret	31.08.2017

### INNBYGGJARUNDERSØKING 2017

#### Møtebehandling:

Ap v/Svein Gjelseth kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret merkar seg at der er mange positive tilbakemeldingar med dei kommunale tenestene. Her er likevel potensial for vidare utvikling.

Kommunestyret er ikkje tilfreds med resultatata for områda transport og tilgjenge (3,1), møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8). I det vidare arbeidet med organisasjonsutvikling må service og tiltak for å bygge tillit vere sentrale tema.»

Tilrådinga frå Ap vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 22.08.2017

Kommunestyret merkar seg at der er mange positive tilbakemeldingar med dei kommunale tenestene. Her er likevel potensial for vidare utvikling.

Kommunestyret er ikkje tilfreds med resultatata for områda transport og tilgjenge (3,1), møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8). I det vidare arbeidet med organisasjonsutvikling må service og tiltak for å bygge tillit vere sentrale tema.

#### Tilråding:

Kommunestyret er glad for at innbyggjarane i kommunen er meir fornøgde med tenestene enn landsgjennomsnittet. Her er likevel potensial for vidare utvikling.

Kommunestyret er ikkje tilfreds med resultatata for områda transport og tilgjenge (3,1), møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8). I det vidare arbeidet med organisasjonsutvikling må service og tiltak for å bygge tillit vere sentrale tema.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe

## Vedlegg:

### - Resultat frå innbyggjarundersøkinga 2017

#### **Samandrag av saka:**

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatata samsvarar også med resultatata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar.

#### **Saksopplysningar:**

Gjennomføringa vart gjort etter mal frå KS. Det vart sendt ut spørjeskjema til 2000 innbyggjarar. 433 innkomne svar gir ein svarprosent på 22 %. Deltakinga ligg under landsgjennomsnittet (ca 3% under) og resultatet totalt ligg akkurat på landsgjennomsnittet (4,3).

#### Resultat:

For dei fleste området ligg ein likt eller 0,1 over eller under landsgjennomsnittet. Det som vidare vert kommentert, er der ein har eit avvik (positivt eller negativt) som er 0,2 eller meir.

#### **Teneste (totalt 0,1 over snittet):**

I positiv retning skal ein spesielt merke seg desse områda for dei som tek imot tenesta:

- internettbaserte tenester (+ 0,2)
- barnehagetenester (+ 0,2)
- bibliotek (+0,2)

For dei som ikkje har tenester, men som svarer på inntrykket ein har, er resultatet slik:

- internettbaserte tenester (+0,2)
- barnehagetenester (+0,3)
- heimehjelp (+0,3)
- heimesjukepleie (+0,2)
- heildøgns omsorgsteneste/sjukeheim (+0,3)
- fastlegetenesta (-0,6)
- bibliotek (+0,3)

Totalt svarer dei som har tenester meir positivt enn dei som ikkje har tenestene. Det har gjerne samanheng med at media gjerne er mest opptatt av det som ikkje fungerer og mindre opptatt av det som fungerer.

Dei som har svart på inntrykk og dermed ikkje har motteke tenester, gir likt resultat eller over snittet med unnatak for området fastlege. Her ligg Herøy heile 0,6 under snittet. Dette har vel samanheng med mediafokuset over tid på legesituasjonen i kommunen.

### **Næring og arbeid: (0,3 over snittet)**

Her ligg ein over både på det å kunne skaffe seg arbeid i rimeleg avstand frå heimen (+ 0,2) og det å kunne etablere eiga verksemd i kommunen (+ 0,4).

### **Transport og tilgjengelegheit: (0,3 under snittet)**

Her ligg ein under for alle spørsmåla som er stilt slik:

- standard på vegar (-0,2)
- tilrettelegging for fotgjengarar (-0,4)
- tilrettelegging for syklistar (-0,4)
- kollektivtilbod innanfor kommunen (-0,2)
- kollektivtilbodet inn og ut av kommunen (-0,3)

### **Miljø i kommunen: (på landsgjennomsnittet)**

Ligg på snittet – ingen merknader.

### **Klima og energi: (0,1 over snittet)**

Ligg over snittet – ingen merknader.

### **Natur, landskap og friluftsliv:**

Her ligg ein litt over snittet – ingen merknader.

### **Levekår:**

Ligg på snittet – ingen merknader.

### **Bumiljø og sentrumfunksjonar: (0,1 under snitt)**

Ein ligg over snittet både på møteplassar, folkeliv og aktivitetar i kommunen. 0,1 over for alle dei områda. Ein skal merke seg at det som dreg ned snittet er ryddigheit og reinhald på offentlege stadar der ein ligg heile 0,4 under snittet.

### **Servicetilbod (0,4 over snittet)**

Her ligg ein heile 0,4 over snittet. Spesielt kjem ein positivt ut på bank, post og forsikring der ein ligg heile 0,8 over.

### **Bustadtilbod: (0,3 over snittet)**

Her ligg ein over snittet på alle spørsmåla. Spesielt høgt ligg kommunen på det å kunne skaffe seg bustad, både leilegheit og einebustad/rekkehus.

### **Kultur og idrett (0,1 over snitt):**



Det som peikar seg ut her er kulturtilbodet i kommunen som ligg heile 0,3 over snittet.

#### **Utbygging og utvikling (likt med snittet):**

Det som peiker seg positivt ut er næringsutvikling (+0,3) og utvikling av andre tettstadar/buområde (+0,2). Ned trekker bevaring av dyrka mark (-0,2).

#### **Tryggleik (0,1 over snittet):**

Ingen merknader.

#### **Kommunen – å bu her (likt med snittet):**

Ingen merknader.

#### **Møte med din kommune (0,1 under snittet):**

Innanfor fleire områder ligg ein litt over snitt og for andre ligg ein litt under, innanfor ein variasjon på +/- 0,1. For område informasjon frå kommunen ligg ein under snittet med 0,2 utan at dette vert spesifisert noko meir.

#### **Tillit (0,1 under snittet):**

Her ligg ein 0,1 under snitt. Spesielt dårleg ligg ein for spørsmål knytt til om kommunen handsamer like saker likt (- 0,2) og om kommunen følgjer lover og reglar ligg ein heile 0,3 under snittet.

#### **Heilskapsvurdering (0,1 under snitt):**

Ingen merknadar.

#### **Oppsummering:**

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgde med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgde barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgde med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatane samsvarar også med resultatane for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser også at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen er glad for at innbyggjarane i kommunen er meir fornøgde med tenestene enn landsgjennomsnittet. Her er likevel potensial for vidare utvikling. Rådmannen er ikkje tilfreds med resultatane for områda transport og tilgjenge (3,1), møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8). I det vidare arbeidet med organisasjonsutvikling må service og tiltak for å bygge tillit vere sentrale tema.

Fosnavåg, 01.08.2017

Olaus- Jon Kopperstad  
Rådmann

Sakshandsamar: Wenche Moltu

0 enheter(kommune) er med i snittet for Herøy7 enheter(kommune) er med i snittet for Norge

Side	Snitt Herøy	Snitt Herøy	Snitt Norge
Bakgrunnsspørsmål	-	-	-
Tjenestene fra din kommune - bruker	4,7	4,7	4,6
Tjenester fra din kommune - inntrykk	4,6	4,6	4,5
Næring og arbeid	4,4	4,4	4,1
Transport og tilgjengelighet i kommunen	3,1	3,1	3,4
Miljø i kommunen	5,1	5,1	5,1
Klima og energi	4,2	4,2	4,1
Natur og landskap og friluftsliv	4,8	4,8	4,7
Levekår	4,5	4,5	4,5
Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor	4,1	4,1	4,2
Servicetilbudet	4,6	4,6	4,2
Boligtilbudet	4,3	4,3	4,0
Kultur og idrett	4,8	4,8	4,7
Utbygging og utvikling	4,0	4,0	4,0
Trygghet	5,1	5,1	5,2
Kommunen som bosted	4,9	4,9	4,9
Møte med din kommune	3,7	3,7	3,8
Tillit	3,8	3,8	3,9
Helhetsvurdering	4,3	4,3	4,4
Snitt totalt	4,3	4,3	4,3

0 enheter(kommune) er med i snittet for Herøy7 enheter(kommune) er med i snittet for Norge

Bakgrunnsspørsmål

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
Snitt	-	-	-

Tjenestene fra din kommune - bruker

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
Hvis ja, hvor fornøyd var du med servicetorget?	5,0	5,0	4,9
Hvis ja, hvor fornøyd var du med de internettbaserte tjenestene?	4,4	4,4	4,2
Hvis ja, hvor fornøyd var du med barnehagetjenesten?	5,4	5,4	5,2
Hvis ja, hvor fornøyd var du med grunnskolen?	4,7	4,7	4,6
Hvis ja, hvor fornøyd var du med fritidstilbudet til ungdom?	4,8	4,8	4,7
Hvis ja, hvor fornøyd var du med hjemmehjelpstjenesten?	4,6	4,6	4,5
Hvis ja, hvor fornøyd var du med hjemmesykepleietjenesten?	4,9	4,9	4,8
Hvis ja, hvor fornøyd var du med heldøgns omsorgstjeneste/sykehjemtjenesten?	4,4	4,4	4,3
Hvis ja, hvor fornøyd var du med fastlegetjenesten?	4,6	4,6	4,7
Hvis ja, hvor fornøyd var du med legevaktstjenesten?	4,5	4,5	4,6
Hvis ja, hvor fornøyd er du med bibliotek/bokbussen?	5,4	5,4	5,2
Hvis ja, hvor fornøyd var du med kulturskolen?	4,8	4,8	4,8
Alt i alt, hvor fornøyd er du med tjenestetilbudet i kommunen?	4,6	4,6	4,6
Snitt	4,7	4,7	4,6

Tjenester fra din kommune - inntrykk

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
servicetorget?	4,7	4,7	4,6
de internettbaserte tjenestene?	4,4	4,4	4,2
barnehagetjenesten?	5,1	5,1	4,8
grunnskolen?	4,6	4,6	4,5
fritidstilbudet til ungdom?	4,3	4,3	4,2
hjemmehjelpstjenesten?	4,7	4,7	4,4
hjemmesykepleietjenesten?	4,7	4,7	4,5
heldøgns omsorgstjeneste/sykehjemtjenesten?	4,7	4,7	4,4
fastlegetjenesten?	3,6	3,6	4,2
legevaktstjenesten?	4,5	4,5	4,5
bibliotek/bokbussen?	4,9	4,9	4,6
kulturskolen?	5,0	5,0	4,8
Snitt	4,6	4,6	4,5

Næring og arbeid

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
muligheter til å få arbeid innen rimelig avstand fra hjemmet?	4,5	4,5	4,3
muligheter til å etablere egen virksomhet i din kommune?	4,1	4,1	3,7
Snitt	4,4	4,4	4,1



## Transport og tilgjengelighet i kommunen

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
standard på veier og gater?	3,1	3,1	3,3
tilrettelegging for fotgjengere?	3,4	3,4	3,8
tilrettelegging for syklister?	3,2	3,2	3,6
kollektivtilbudet innenfor kommunen?	2,7	2,7	2,9
kollektivtilbudet inn og ut av kommunen?	3,1	3,1	3,4
Snitt	3,1	3,1	3,4

## Miljø i kommunen

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
kvaliteten på drikkevannet?	5,3	5,3	5,3
muligheten for sortering av avfall for gjenvinning?	4,8	4,8	4,9
henting av husholdningsavfall?	4,7	4,7	4,8
luftkvaliteten?	5,5	5,5	5,5
støynivået der du bor?	5,1	5,1	5,0
Snitt	5,1	5,1	5,1

## Klima og energi

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
kommunens innsats for å møte klimautfordringene?	4,2	4,2	4,1
Snitt	4,2	4,2	4,1

## Natur og landskap og friluftsliv

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
tilrettelegging for friluftsliv?	5,1	5,1	5,0
hvordan kommunen tar vare på naturen og landskapet?	4,4	4,4	4,4
Snitt	4,8	4,8	4,7

## Levekår

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
oppvekstmiljøet for barn og unge?	4,7	4,7	4,7
kommunen som bosted for eldre?	4,5	4,5	4,4
kommunens hjelp til personer i vanskelige livssituasjoner?	4,0	4,0	4,0
naboskap og sosialt fellesskap?	4,8	4,8	4,7
Snitt	4,5	4,5	4,5

## Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
møteplasser der du kan treffe andre?	4,2	4,2	4,1
folkeliv og aktivitet i kommunen?	4,3	4,3	4,2
ryddighet og renhold på offentlige steder?	3,9	3,9	4,3
Snitt	4,1	4,1	4,2

## Servicetilbudet

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
tilbudet av kafeer, restauranter, uteliv?	4,2	4,2	4,0
bank, post og forsikring?	4,7	4,7	3,9
butikktilbudet?	4,8	4,8	4,7
Snitt	4,6	4,6	4,2

## Boligtilbudet

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
muligheten for å skaffe seg leilighet?	4,4	4,4	4,0
muligheten for å skaffe seg enebolig/rekkehus?	4,5	4,5	4,2
muligheten for å skaffe seg tomt?	3,8	3,8	3,7
Snitt	4,3	4,3	4,0

## Kultur og idrett

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
kulturtilbudet i kommunen?	4,9	4,9	4,6
muligheten til å delta i idrett?	4,9	4,9	5,0
andre fritidsaktiviteter?	4,6	4,6	4,6
Snitt	4,8	4,8	4,7

## Utbygging og utvikling

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
utviklingen av kommunesenteret?	3,9	3,9	3,8
utviklingen av andre tettsteder/boområder i kommunen?	3,9	3,9	3,7
næringsutviklingen?	4,1	4,1	3,8
bevaringen av dyrket mark?	3,8	3,8	4,0
ivaretagingen av friluftsområder?	4,4	4,4	4,3
leke- og aktivitetsområder?	4,1	4,1	4,2
Snitt	4,0	4,0	4,0

## Trygghet

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
Hvor trygt opplever du at det er å bo og ferdes i din kommune?	5,1	5,1	5,2
Snitt	5,1	5,1	5,2

## Kommunen som bosted

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
området der du bor?	5,2	5,2	5,2
å bo i kommunen?	5,0	5,0	5,0
I hvilken grad vil du anbefale dine venner og bekjente å flytte til din kommune?	4,6	4,6	4,6
Snitt	4,9	4,9	4,9

## Møte med din kommune

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
hvordan folkevalgte i kommunen lytter til innbyggernes synspunkter?	3,6	3,6	3,5
hvordan folkevalgte i kommunen løser lokale utfordringer?	3,6	3,6	3,5
muligheten for å påvirke kommunale beslutninger?	3,3	3,3	3,2
hvordan kommunen følger opp det som er blitt lovet?	3,4	3,4	3,5
serviceinnstillingen hos de ansatte i kommunen?	4,3	4,3	4,3
hvor raskt du får hjelp/svar på dine spørsmål?	4,0	4,0	4,1
informasjonen fra kommunen/bydelen?	3,9	3,9	4,1
Snitt	3,7	3,7	3,8

## Tillit

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
har du tillit til at politikerne i kommunen arbeider for befolkningens beste?	4,0	4,0	4,0
har du tillit til at kommunen behandler like saker likt?	3,3	3,3	3,5
har du tillit til at kommunen følger lover og regler?	4,0	4,0	4,3
Snitt	3,8	3,8	3,9

## Helhetsvurdering

<b>Spørsmål</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
Tror du kommunen din har godt omdømme?	4,3	4,3	4,4
Snitt	4,3	4,3	4,4


**Totalt**

	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Herøy</b>	<b>Snitt Norge</b>
Snitt totalt	4,3	4,3	4,3


## Bakgrunnsspørsmål

**Kjønn**


	Svar	Prosent
1. Mann	212	49.8
2. Kvinne	214	50.2


**Hvor gammel er du?**


	Svar	Prosent
1. 18-39 år	109	25.2
2. 40-66 år	217	50.2
3. 67 år og eldre	106	24.5


**Hva er din høyeste fullførte utdanning?**


	Svar	Prosent
1. Grunnskole	72	17.3
2. Videregående utdanning	192	46.0
3. Universitet/høgskole	153	36.7


**Antall personer i husstanden**


	Svar	Prosent
1. 1 person	63	14.7
2. 2 personer	180	41.9
3. 3 personer	65	15.1
4. 4 personer	73	17.0
5. 5 personer eller flere	49	11.4


**Husstandsmedlemmenes alder? (Kryss av på flere alternativer dersom det er flere alderssammensetninger i husstanden)**

	Svar	Prosent
1. 0-17 år	151	22.7
2. 18-39 år	159	23.9
3. 40-66 år	247	37.1
4. 67 år og eldre	108	16.2


**Hva slags bolig bor du i?**

	Svar	Prosent
1. Enebolig	365	84.9
2. Rekkehus/tomannsbolig	28	6.5
3. Leilighet	28	6.5
4. Hybel/hybelleilighet	3	0.7
5. Trygdebolig/omsorgsbolig	4	0.9
6. Annet	2	0.5





**Eierforhold?**

1. Eier selv (selveier, borettslag e.l)
2. Leier

**Svar**

376  
28

**Prosent**

93.1  
6.9

**Hvor lenge har du bodd i kommunen?**


1. 0-4 år
2. 5-14 år
3. 15 år eller mer

**Svar**

21  
46  
350

**Prosent**

5.0  
11.0  
83.9

**Hvor er du født?**


1. Norge
2. Norden
3. Europa
4. Utenfor Europa

**Svar**

409  
1  
16  
5

**Prosent**

94.9  
0.2  
3.7  
1.2



Tjenestene fra din kommune - bruker

**Har du eller noen i din nære familie brukt kommunens servicetorg (der du møter i kommunehuset) de siste 12 månedene?**

1. Ja
2. Nei

**Svar**

210  
214

**Prosent**

49.5  
50.5

**Hvis ja, hvor fornøyd var du med servicetorget?**


1. Veldig misfornøyd
2. Misfornøyd
3. Litt misfornøyd
4. Litt fornøyd
5. Fornøyd
6. Veldig fornøyd
0. Vet ikke

**Svar**

6  
3  
7  
20  
113  
59  
2

**Prosent**

2.9  
1.4  
3.3  
9.5  
53.8  
28.1  
1.0

**Har du eller noen i din nære familie brukt internettbaserte tjenester i kommunen de siste 12 månedene?**

1. Ja
2. Nei

**Svar**

181  
236

**Prosent**

43.4  
56.6



**Hvis ja, hvor fornøyd var du med de internetbaserte tjenestene?**


1. Svært misfornøyd
2. Misfornøyd
3. Litt misfornøyd
4. Litt fornøyd
5. Fornøyd
6. Svært fornøyd
0. Vet ikke

**Svar**

4  
8  
15  
46  
92  
11  
4

**Prosent**

2.2  
4.4  
8.3  
25.6  
51.1  
6.1  
2.2

**Har du eller noen i din nære familie benyttet barnehage i kommunen de siste 12 månedene?**

1. Ja
2. Nei

**Svar**

84  
333

**Prosent**

20.1  
79.9

**Hvis ja, hvor fornøyd var du med barnehagetjenesten?**


1. Svært misfornøyd
2. Misfornøyd
3. Litt misfornøyd
4. Litt fornøyd
5. Fornøyd
6. Svært fornøyd
0. Vet ikke

**Svar**

1  
0  
0  
4  
33  
44  
2

**Prosent**

1.2  
0.0  
0.0  
4.8  
39.3  
52.4  
2.4

**Har du eller noen i din nære familie benyttet grunnskolen (1-10 klasse) i kommunen de siste 12 månedene?**

1. Ja
2. Nei

**Svar**

169  
249


**Prosent**

40.4  
59.6




**Hvis ja, hvor fornøyd var du med grunnskolen? Svar**

1. Svært misfornøyd	2
2. Misfornøyd	3
3. Litt misfornøyd	15
4. Litt fornøyd	27
5. Fornøyd	89
6. Svært fornøyd	26
0. Vet ikke	5




Sjå til Ulstein. Estetisk vakkert utforma sentrum. 2 kjøpesenter som dreg mykje herøyværingar. Oppfordre alle som har hytter i stryn o.l til å handle alt dei treng i Herøy før dei reiser.

Eg svarte at eg er "særs nøgd med støynivået der eg bur". Det er eg, men eg budd ein anna stad i kommunen tidlegare, og der flykta eg i frå fordi støynivået frå naboar var uthaldeleg. Eg hadde budd meir sentralt i kommunen i dag dersom eg hadde tiltru til at støyregelverk vart handheva.

Greit å bu i Herøy kommune!

Svært vanskelig å få kontakt med ein byggesakshandamar på telefon/e-post. Treg responstid!!!

Få opp generalplan for tunnel før ein bygg igjen alle moglegheiter. Presse myndigheter for å få betre bosshandtering, vegar - fjøre - sjø - elvar. Dette er eit svært dårleg, unyansert og slett arbeid av ein undrsøkelse. Lag ny, moderne, logisk utforming!! ) : Mvh optimist ( :

No er det på tide at politikarane skifter fokus frå fest og fritid og løfter blikket mot skulen. Millioner til feilbrukshall på Eineddalen? Det er vel betre å bruke pengane på Borga, YHU og kanskje på Blåhaugen (som er tidenes dårligste løysing)

Sikkert greit å bu i Ytre Herøy. I indre har vi ikkje kino, restauranter og mange ungdomstilbud slik som i Ytre. Heller ikkje musikkskuletilbod - da må vi tiil ytre

- Herøy!! Stort problem urettferdig - Lite hjelpsom. Bruker Ulsteinvik

Formannskap/ordførar: Generelt lite respekt for andre folkevalde sine meiningar Stort minus for Herøy kommune

Vi treng mykje bedre og tryggare skulevegar til barna. SKape meir liv i byen så ungdommen kjem tilbake og busett seg her. La fleire få gjere om marka til bustadtomter så det blir meir attraktivt å busette seg i bygdene våra og prisane vert pressa ned, slik at fleire kan ha råd til å kjøpe seg ei tomt og bygge seg ein heim. Tomtene er for dyre. Legevakta på kveld og helg er uforsvarleg.!!Prøv å køyre frå Herøy til Volda

sjukehus kl. 23 på kvelden med ein 2 åring som hylar og skrik og vrir seg i smerte. For så å bli bedt om å køyr til Ålesund for legevakta i Volda ikkje har barnelege. Det tok 45 min. til Volda - 40 min. ventetid - 40 nye min. til Hareid - 30 min med ferge og 20 min. køyring til Åse. Hadde legevakta fortsatt vore i Myrvåg hadde vi sluppe 45 min. + 1 time køyring. 1-2 timar kortare ventetid på legen og kunne køyrt direkte til Ålesund og komt fram mellom 12 og 1 og ikkje halv 5 om natta!!! (pga. ferge som knapt går om natta. FLYTT TILBAKE LEGEVAKTA!!!!

Sjå til oss også i Indre Herøy. Få kommunale funksjoner gjerne til Myrvåg området! Ellers vil Herøy kome i bakevja når , slik det ser ut i dag, bli kommunesamanslåing enten de vil eller ei. Eg har i mitt 53 årige liv hatt behov får å være fysisk på Kommunesenteret kun 2 gongar, det meste kan skje PR tlf eller elektronisk. Dette blir nok også framtida! Eg har ein far som har vore gjennom ei kraftig kreftbehandling. Han klarte å ta sertifikat i ein alder sv 83 år etter at han blei enkemann. Heimetenesta med kreftsykepleier har vore heilt fantastisk i denne perioda. Etter å ha fått vore med på trimgruppe ein gong i veka i Myrvåg, kom han seg til hektene svært så godt, men so blei denne stoppa!!!! Kvifor ??? Helse også for eldre er god investering og god økonomi for Herøy kommune! Sjølv enkel husmorøkonomi forstår det!

Veldig misfornøgd med at NAV legger alt på digitalt. v/ jobb tidlegare har eg brukt/ bruker PC enda, men siden jeg har vert mye syk siste 4 år, orker jeg ikke bruke den. Veldig misfornøyd for de har kuttet postvirket.

### ALT FOR HØGE KOMMUNALE UTGIFTER!!!

Eg er flyktning som har gått introduksjonsprogrammet. Er no på NAV - har ikkje lært nok norsk til å kunne gå ut i jobb eller utdanning. Vanskeleg å få vidare, .

Bør legge vekt på å få eit tiltalende sentrum (Fosnavåg/Eggesbønes). Slik det er no verkar det vanstelt og lite attraktivt, også om vi samanliknar med nærmaste tettstader. Omsorgsbustader bør ha utsikt. Eldre treng også å sjå natur og omgivelsar.

Viktig å kome vidare med byplanlegging for Fosnavåg og bygge vidare på vår identitet. Klarer vi å skape noko unikt?

Kommuna leitar ikkje etter gode løysingar for å bruke smøraugen "almenningskaia" til festivalar og utstillingar. Brannsjefen finn gode grunnar til å hindre slik aktivitet

Stort sett bra og vere innbygger i kommuna.



Stab

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2016/1362
		Arkiv:	056

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
23/17	Arbeidsmiljøutvalet	16.08.2017
133/17	Formannskapet	22.08.2017
93/17	Kommunestyret	31.08.2017

### ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID - SSIKT

#### Møtebehandling:

Tilråding frå arbeidsmiljøutvalet vart delt ut.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 22.08.2017

Herøy kommunestyre godkjenner endra vedtekter for Søre Sunnmøre IKT.

Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018.

Ordførar får fullmakt til å gjere redaksjonelle/ikkje prinsipielle endringar i vedtektene, om dette er naudsynt for å tilpasse vedtektene som kan bli gjort ved handsaming av saka i dei andre kommunane.

Gjeldande avtale om «Regionalt driftssenter» vert sagt opp med avslutning frå same dato.

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 16.08.2017

Herøy kommunestyre godkjenner endra vedtekter for Søre Sunnmøre IKT.



Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018.

Ordførar får fullmakt til å gjere redaksjonelle/ikkje prinsipielle endringar i vedtektene, om dette er naudsynt for å tilpasse vedtektene som kan bli gjort ved handsamin av saka i dei andre kommunane.

Gjeldande avtale om «Regionalt driftssenter» vert sagt opp med avslutning frå same dato.

### **Tilråding:**

Herøy kommunestyre godkjenner endra vedtekter for Søre Sunnmøre IKT.

Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018.

Ordførar får fullmakt til å gjere redaksjonelle/ikkje prinsipielle endringar i vedtektene, om dette er naudsynt for å tilpasse vedtektene som kan bli gjort ved handsamin av saka i dei andre kommunane.

Gjeldande avtale om «Regionalt driftssenter» vert sagt opp med avslutning frå same dato.

### **Særutskrift:**

- Kommunalstjefane
- Hovudtillitsvalde
- Hovudverneombod

**Vedlegg:** Vedtekter for Søre Sunnmøre IKT

### **Samandrag av saka:**

Saka gjeld endra vedtekter i Søre Sunnmøre IKT og endra organisering. Det interkommunale IKT samarbeidet er i dag organisert etter kommunelova § 27, men driftssenterdelen av SSIKT er organisert som eit vertskommunesamarbeid med Hareid som vertskommune. Dei tilsette innanfor IKT-områda er tilsett i den enkelte kommune eller i SSIKT / Hareid kommune gjennom vertskommunesamarbeidet (5,4 stillingar i SSIKT).

Sak om organisering av IKT samarbeidet var framme for kommunestyret i Herøy i 2016, sak 243/16. Det vart gjort fylgjande vedtak:

*«Saka vert utsett for vidare samordning med dei andre kommunane.»*

Denne saka følgjer opp dette. Det er utarbeidd felles saksframstilling og nye vedtekter for SSIKT. Alle kommunane i IKT-samarbeidet, for utan Herøy og Sande, har p.t. godkjent organisasjonsendringa og dei nye vedtektene.

### Saksopplysningar:

I forslag til vedtekter er det føreslått nokre endringar i høve til det som har vore lagt fram om organisering av IKT-samarbeidet.

#### § 1-2

Opnar for eit deltakartal på mindre enn sju kommunar.

#### § 5-1

I utgreiing frå KS og i arbeidet for organisasjonsmodell for IKT-samarbeidet er det lagt til grunn at rådmennene skal sitte som styre i samarbeidet, fordi dette er så viktig på grunn av den tette koplinga mellom IKT utvikling og organisasjonsendring. I vedtektene er det føreslått at rådmannen, eller ein peika ut av rådmannen, vert representant i styret.

#### § 6-8

Det ligg inne i vedtektene rom for å ta opp ein kassakreditt for forskotering av drift og investering. Det er svært kort tid mellom kommunale budsjettvedtak i siste halvdel av desember og første innbetaling frå kommunen i januar. Kassakreditten er ein buffer for å sikre likviditet i dette interkommunale samarbeidet som etter omorganiseringa er ei eiga juridisk eining.

#### § 10

Regulerer overføring av tilsette. Med vedtak om nye vedtekter på plass i første halvår 2017 er det god tid til å gjennomføre prosessar knytt til verksemdsovertaking fram til 31.12. 2017.

#### § 13

I dei nye vedtektene ligg det og ei endring i fordelingsnøkkel mellom kommunane. I noverande avtale er denne nøkkelen 50/50 mellom ein fast del (delt på sju) og folketal. I avtalen er det framlegg om endring til 30/70 mellom fastdel og folketal. Endringa skjer trinnvis over to år. IKT-samarbeida Nordfjordnett har 25/75 som delingsnøkkel og e-kommune Sunnmøre har 30/70.

Når vi får overføring av IKT-personell frå kommunane til SSIKT frå 1.1.2018, vil vi få endra kostnader i IKT samarbeidet. Alle kommunar må betale for IKT personell etter fordelingsnøkkel, men dei vil få reduksjon i eigne budsjett ut frå lønnskostnaden for det IKT-personalet dei fører over til SSIKT. Endringa vil gje ulike utslag avhengig av kor mange IKT-tilsette frå den enkelte kommune som går inn i ordninga og lønsnivået som varierer noko mellom samarbeidskommunane.

	SSIKT	Ørsta	Volda	Herøy	Ulstein	Hareid	Vanylven	Sande
Løn inkl sos kostnader	kr 7 583 800	kr 700 000	kr 1 797 600	kr 2 343 600	kr 2 802 660	kr 953 400	kr 1 523 200	kr 787 780
Deling etter kostnadsnøkkel 2017	7 583 800	kr 1 989 335	kr 1 803 451	kr 1 796 084	kr 1 734 651	kr 1 367 303	kr 1 148 209	kr 1 069 208
Endring	kr -	kr 1 289 335,38	kr 5 850,99	kr -547 516,38	kr -1 068 008,90	kr 413 902,74	kr -374 991,48	kr 281 427,65
Ant personar i 100% overført		1	3	3	4	1	2	1

### Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for drift/økonomi:

Basert på tala i 2017 budsjettet vil ei endring til ein delingsnøkkel på 30/70, fast del (delt på sju) og folketal, føre til ein redusert kostnad for Herøy kommune.

Med omsyn til stillingar vil Herøy kommune overføre tre medarbeidarar.

Endringar som følgje av overføringar av stillingar går fram av tabellen over. Dette er tal basert på noverande delingsnøkkel 50/50, fast del (delt på sju) og folketal.

Konsekvensar for beredskap:

Samordning av IKT-ressursane og felles ressursar på utbygging og drift skal gi meir stabil og sikker drift. Rett utnytta, aukar det kommunane si evne til å møte teknologiske krav og utfordingar, og vil styrke vårt arbeid innanfor digitalisering og drift, spesielt av dei døgntinuerlege tenestene.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Rådmannen tilrår at Herøy kommune deltek i det nye SSIKT-samarbeidet.

Fosnavåg, 27.07.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth  
Kommunalsjef Stab

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

## **VEDTEKTER FOR SØRE SUNNMØRE IKT**

### **§ 1 HEIMEL, SKIPING MED MEIR**

1. Desse vedtektene er fastsette med heimel i kommunelova § 27 nr. 2.
2. IKT-tenesta på Søre Sunnmøre (SSIKT) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eller dei av kommunane som har signert vedtektene.
3. Samarbeidet er underlagt kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket til samarbeidet.

## **§ 2 RETTSLEG STATUS**

1. SSIKT er eit eige rettssubjekt.

## **§ 3 FØREMÅL**

1. SSIKT skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, innbyggjardeltaking og administrative tenester i deltakarkommunane.
2. SSIKT skal ta vare på oppgåvene til deltakarkommunane knytte til drift, service og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
3. SSIKT kan også ta slike oppgåver for andre enn deltakarkommunane, innanfor dei rammene styret fastsett.
4. SSIKT skal driftast innanfor fastsette økonomiske ramme. Eit eventuelt meir- og mindreforbruk skal vidareførast til neste driftsår ved budsjettregulering.

## **§ 4 ORGANISERING**

1. SSIKT skal ha eit eige styre, som skal ha det administrative og organisatoriske ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Det skal opprettast ei strategigruppe som skal vere koordinerande organ for deltakarkommunane.
3. SSIKT skal ha ein dagleg leiar med administrativt og fagleg ansvar for drifta av samarbeidet.

## **§ 5 STYRET**

1. Styret skal bestå av eitt medlem frå kvar av deltakarkommunane. Styremedlem frå den enkelte kommunen skal vere rådmannen eller den rådmannen utpeikar.
2. Styret konstituerer seg sjølv. Styreleiar innkallar til møte så ofte han finn det naudsynt eller når minst to medlemmer krev det, likevel slik at det vert halde minst to møte i løpet av året. Det skal utarbeidast protokoll frå møta.
3. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av styremedlemene er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal med mindre anna er fastsett i desse vedtektene. Ved stemmelikskap tel stemma til leiar dobbelt.



4. Ved vedtak i styret har kvar styremedlem éi stemme.

## **§ 6 OPPGÅVENE TIL STYRET**

1. Styret leier ut frå kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket som regulerer samarbeidet.
2. Styret har ansvar for overordna organisering av samarbeidet. Styret tilset dagleg leiar og fastset nærare retningslinjer for denne. Vedtak om avskjed eller oppseiing skal handsamast av styret før det vert gjennomført.
3. Styret fremjar innspel til økonomiplan og årsbudsjett for samarbeidet som grunnlag for budsjettarbeidet i deltakarkommunane. Når det enkelte kommunestyret har vedteke økonomiplanen til kommunen og årsbudsjettet, vedtek styret sjølv årsbudsjettet og årsplan for verksemda.
4. Styret skal sjå til at rekneskapen til SSIKT vert ført på tilfredsstillande måte. Styret utarbeider årsmelding. Vedteken økonomiplan, verksemdplan, rekneskap og årsmelding vert sende deltakarkommunane til orientering.
5. Styret tilset og kan delegere mynde til dagleg leiar.
6. Styret har ansvar for at SSIKT har tilstrekkelege ressursar til å utføre pålagde og planlagde oppgåver. Styret skal sjå til at deltakarkommunane oppfyller sine avtalemessige og andre forpliktingar overfor SSIKT.
7. Styret vedtek budsjett- og økonomiplan som skal behandlast i kommunane.
8. Styret har mynde til å ta opp kassakreditt på inntil kr 5.000.000 til forskotering av drift og investering.

## **§ 7 STRATEGIGRUPPA**

1. Strategigruppa skal bestå av like mange representantar som det til ei kvar tid er deltakarkommunar. Representantane skal ha strategi- og bestillarkompetanse frå den enkelte deltakarkommune. Strategigruppa konstituerer seg sjølv.
2. Dagleg leiar har møte- og talerett i strategigruppa og ansvar for at sekretærfunksjonen vert teke i vare.
3. Strategigruppa møtast så ofte leiar av strategigruppa finn det naudsynt eller når to representantar krev det og i alle fall minst annankvar månad.
4. Det skal skrivast referat frå møta som vert lagt fram for styret som referatsaker.
5. Dagleg leiar orienterer styret dersom avgjerder frå strategigruppa ikkje vert tekne til følgje av SSIKT.

## **§ 8 OPPGÅVENE TIL STRATEGIGRUPPA**

1. Strategigruppa skal sikre koordinering mellom deltakarkommunane og vere bindeledd mellom deltakarkommunane og SSIKT.

2. Strategigruppa tek strategiske avgjerder innanfor gjeldande budsjettramme.
3. Strategigruppa tek strategiske val for innspel til økonomiplan og budsjett. Til budsjettforslaga skal det setjast mål for forventa effektiviseringseffekt, kvalitetseffekt, brukartilfredsheit og i høve medarbeidarane. Dagleg leiar tek innspela med i budsjettarbeidet.
4. Nærare oppgåver vert bestemt av SSIKT sitt styre i eigen instruks.

### **§ 9 DAGLEG LEIAR**

1. Dagleg leiar har det faglege, økonomiske og administrative ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Dagleg leiar skal leggje fram innstilling til drifts- og investeringsbudsjett før 1. september kvart år.
3. Dagleg leiar er underlagd styret og har møte- og talerett i styremøta.
4. Dagleg leiar kan definere utskiftingstakt for klient- og nettverksutstyr i medlemskommunane for å ivareta naudsynt oppetid hjå brukarane.

### **§ 10 TILSETTE I SSIKT**

1. Dagleg leiar er ansvarleg for tilsettingar i SSIKT, og tek elles i vare dei funksjonane som følgjer av arbeidsgjevaransvaret.
2. SSIKT har sjølv arbeidsgjevaransvaret for alle arbeidstakarane som er knytte til SSIKT.
3. Avklaring i høve personalet som ved oppstart er tilsett i dei kommunane som har signert avtalen vert gjort etter regelverket om verksemdsoverdraging, jf Arbeidsmiljøloven kapittel 16.
4. Leiar i SSIKT kan avtale andre organisatoriske bindangar knytte til prosjekt eller deltidsengasjement.

### **§ 11 MØTE OG TALERETT FOR ORDFØRAR**

1. Ordførar i dei deltakande kommunane har møte- og talerett i styremøta, jfr. kommuneloven § 9 nr. 4.

### **§ 12 TILVISING OG REVISJON**

1. Dagleg leiar tilviser utgiftene til SSIKT, med unntak av utgifter som omhandlar dagleg leiar. Slike utgifter vert tilvist av styreleiar.
2. Styret inngår avtale med Søre Sunnmøre kommunerevisjon om revisjon av rekneskapen til SSIKT.

## § 13 ØKONOMISK ANSVAR OG EIGARSKAP I FORMUESGODE

1. Deltakarane heftar for plikter til samarbeid etter følgjande prosentvise fordelingsnøkkel (per 1. januar 2016): (data frå Q4 2016)

Kommune:	Folketal	Fastdel:	Folketal:	Totalt:
Ørsta	10774	4 %	16 %	20 %
Volda	9102	4 %	13 %	17 %
Herøy	8957	4 %	13 %	17 %
Ulstein	8457	4 %	13 %	17%
Hareid	5185	4 %	8 %	11 %
Vanylven	3203	4 %	5 %	9 %
Sande	2540	4 %	4 %	8 %

Fordelingsnøkkel under «folketalsdel» vert justert når folketalet i ein eller fleire kommunar endrar seg med meir enn 5 %. Utgangspunktet for vurderinga er 1. januar kvart år. Ei slik endring, samt påfølgjande endring av dette punktet i vedtektene, kan gjerast av styret, jfr. § 15 punkt 1. Overgangen frå noverande fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 50%/50%) til fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 30%/70%) skjer gradvis over to år (frå 2018). Dette betyr for 2019 fastdel/folketal – 40%/60%.

2. Dei verdiane den enkelte kommunen tek inn i samarbeidet i samband med stiftinga, skal reknast som eigedomen til denne kommunen inntil dei er nedskrivne.

## § 14 SAMARBEIDET OG PLIKTANE

1. SSIKT utfører oppgåver og levere teneste til deltakarkommunane etter retningsliner fastsett av styret. Nærare innhald, kvalitet og pris for løpande tenester skal fastsetjast av styret i Tenesteleveringsavtale (TLA). Retningslinjer og TLA inngår, etter vedtaka i styret, som del av avtaleverket til samarbeidet etter § 1.
2. På grunnlag av godkjent budsjett, betalar deltakarkommunane årleg inn sin del av SSIKT sine investerings-, løns- og driftsutgifter. 75% av innbetalingane skjer 1. januar og 25% den 1. juli kvart år.

## § 15 VEDTEKTSMYNDE OG ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

1. Vedtektsendringar skal godkjennast av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane. Det vert kravd likelydande vedtak i alle kommunane. Forslag til endringar av vedtektene vert fremja av styret og vert vedteke etter same prosedyre.
2. Mindre endringar av vedtektene i driftsperioden kan gjerast av eit einstemmig styre.

## § 16 NYE DELTAKARKOMMUNAR

1. Eit einstemmig styre kan føreslå opptak av nye deltakarkommunar. Opptak av nye deltakarkommunar krev godkjenning av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane.

## § 17 UTMELDING OG OPPLØYSING

1. Ein deltakarkommune kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Utmelding kan tidlegast finne stad eitt år etter at skriftleg varsel er motteke av styret og vert sett i verk frå årsskiftet etter at oppseiingstida er ute.
2. Samarbeidet kan oppløysast dersom alle deltakarane er samde om det.
3. Vedtak om utmelding eller oppløysing vert gjort av kommunestyret i den aktuelle deltakarkommunen.
4. Den utmelde kommunen held fram å hefte for dei forpliktingane det interkommunale styret måtte ha på det tidspunktet utmelding finn stad. Jamfør §13 nr 1.
5. Utmelding og eventuelt oppløysing kan bringast inn for departementet jfr. kommunelova § 27 nr. 3 anna ledd.
6. Ved utmelding skal SSIKT levere ut data til deltakarkommunen som forlèt samarbeidet. Deltakaren må likevel dekke kostnader knytt til uthenting av data der tredjepart må involverast og kostnader knytt til å sette opp løysingar som gjer data tilgjengeleg. Ved utmelding skal SSIKT tilbakebetale maskinvare-investeringskostnader frå dei siste to åra i samsvar med kommunen sin fordelingsnøkkel, sjå §13. Kommunen som melder seg ut må betale ut restverdi av klientmaskinvare.
7. Deltakarkommunar som forlèt samarbeidet pliktar ikkje å ta over tilsette frå SSIKT.

## § 18 SÆRSKILTE VILKÅR VED KOMMUNESAMANSLÅING

1. For kommunar som slår seg saman i 2020, så opphøyrer dagens kommune til same tidspunkt, og medlemskapen i dette samarbeidet opphøyrer automatisk 31.12.19. Den nye kommunen kan etter vedtak i Fellesnemnd tiltre i samarbeidet for Søre Sunnmøre IKT på dei vilkåra som er regulert i desse vedtektene frå og med 2020.
2. Kommunestyra i samarbeidskommunane treng ikkje å godkjenne slik tiltreding. Dersom den nye kommunen ikkje vil slutte seg Søre Sunnmøre IKT, så skal dei andre kommunane ha varsel om dette innan 31.12.18, og utløyising skal gjennomførast i samsvar med § 17 ovanfor.

### Godkjenning:

Denne avtalen er godkjend av kommunestyra til dei sju samarbeidskommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordførar

\_\_\_\_\_  
ordførar

Hareid kommune

Herøy kommune



Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører

Sande kommune

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører

Vanylven kommune

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Ørsta kommune

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører

Ulstein kommune

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører

Volda kommune



Stab

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2017/760
		Arkiv:	139

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/17	Arbeidsmiljøutvalet	16.08.2017
134/17	Formannskapet	22.08.2017
94/17	Kommunestyret	31.08.2017

### INTERKOMMUNALT SAMARBEID MELLOM HERØY KOMMUNE OG VANYLVEN KOMMUNE INNAN FAGFELT I STABSSEKTOREN

#### Møtebehandling:

Tilråding frå arbeidsmiljøutvalet vart delt ut.

Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth møtte og orienterte i saka.

Arbeidsmiljøutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 22.08.2017

Herøy kommune er positive til å utarbeide ein interkommunalt samarbeidsavtale med Vanylven kommune på stabsnivå, med felles leiar for fagfelta økonomi og personal- og organisasjon frå 1. januar 2018.

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide samarbeidsavtale med mål om å etablere eit felles servicekontor og dokument/arkiv i Vanylven kommune.

Herøy kommune skal ved eit slik samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgande evaluering.

#### Møtebehandling:

AMU kom med slik samrøystes tilråding:

Herøy kommune er positive til å utarbeide ein interkommunalt samarbeidsavtale med Vanylven kommune på stabsnivå, med felles leiar for fagfelte økonomi og personal- og organisasjon frå 1. januar 2018.

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide samarbeidsavtale med mål om å etablere eit felles servicekontor og dokument/arkiv i Vanylven kommune.

Herøy kommune skal ved eit slik samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgande evaluering.

#### **Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 16.08.2017**

Herøy kommune er positive til å utarbeide ein interkommunalt samarbeidsavtale med Vanylven kommune på stabsnivå, med felles leiar for fagfelte økonomi og personal- og organisasjon frå 1. januar 2018.

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide samarbeidsavtale med mål om å etablere eit felles servicekontor og dokument/arkiv i Vanylven kommune.

Herøy kommune skal ved eit slik samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgande evaluering.

#### **Tilråding:**

Herøy kommune inngår eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune på stabsnivå, med felles leiar for fagfelte økonomi og personal- og organisasjon frå 1. januar 2018.

Herøy kommune og Vanylven kommune utarbeidar eit samarbeidsprosjekt med mål om å etablere eit felles servicekontor og dokument/arkiv i Vanylven kommune.

Herøy kommune skal ved eit slik samarbeid ta ut ei effektiviseringsgevinst 0,5 årsverk i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgande evaluering.

#### **Særutskrift:**

- Kommunalsjefane
- Stabsleiarar
- HVO
- Hovudtillitsvalde

## **Vedlegg:** Organisasjonskart Stab Herøy kommune

### **Samandrag av saka:**

Utfallet av kommunereforma er at Herøy og Vanylven fortset som eigne sjølvstendige kommunar. Ein slik konklusjon gjer det føremålstenleg å vurdere kva for interkommunale samarbeid kommunen bør og kan gå inn i.

Det vert tilrådd eit samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune der målet ein finne gode tenestesamarbeid på stabsnivå, sjå vedlegg.

Dette ved å utnytte potensielle økonomiske og kompetansemessige stordriftsfordelar.

Formannskapet i Vanylven kommune har i sak 40/2017 tilrådd å godkjenne sak om interkommunalt samarbeid på kompetansekreivjande fagområde – framdriftsplan. Dette inneber slik framdriftsplan innanfor desse fagområda:

- 2017 IKT – informasjon- og kommunikasjonsteknologi.
- 2018 Løn/rekneskap
- 2019 Plan/teknisk
- 2020 Barnevernstenesta
- 2021 PPT – pedagogisk-psykologisk teneste.

### **Saksopplysningar:**

Sjølv etter at Stortinget har vedteke endringane i kommunestrukturen, vil Norge framleis vere kjenneteikna av mange og svært ulike generalist-kommunar med ansvar for utvikling og gjennomføring av offentlege oppgåver på lokalt nivå. Ei viss samanslåing av kommunar og omgjerung av fylkeskommunar til færre regionar endrar ikkje ved dette.

Generalistprinsippet, det vil seie ideen om at alle kommunar og fylkeskommunar skal tilby det same, både kvantitativt og kvalitativt, består. Eit kommunalt tilbod skal i prinsippet tilbydast likt – innanfor visse rammer – frå kommune til kommune.

Utfallet av kommunereforma er at både Herøy og Vanylven inntil vidare fortset som eigne kommunar. Ein slik konklusjon gjer det føremålstenleg å vurdere kva for interkommunale samarbeid kommunen bør og kan gå inn i.

Det er tilrådd eitt samarbeidsprosjekt med Herøy kommune der ein finn gode tenestesamarbeid på stabsnivå, nærare bestemt innan fagfelte økonomi, personal- og organisasjon, service, dokument/arkiv og eigedom. Dette ved å utnytte potensielle økonomiske og kompetansemessige stordriftsfordelar. Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgande evaluering.

Kombinasjonen av små og mellomstore kommunar med spreidd busetnad, store avstandar og stadig auka krav til tenesteleveranse, vil skape utfordringar for kommunane i framtida. Utfordringane ser ein gjerne langs tre aksar: effektivitet, kvalitet og styring:



## Effektivitetsutfordringa

Mål: Bruk av felles ressursar på ein slik måte at det gjev positiv kostnadseffekt for både Herøy kommune og Vanylven kommune.

Effektivitetsutfordringa går på til dels store variasjonar i kostnader av enkelttenester frå kommune til kommune. For Herøy og Vanylven sin del syner m.a. KS sine kostra-analysar at baa kommunane kan ha noko å hente innan effektivitet og kostnader, sjå tabell 1.

Det er likevel vanskeleg å gje eit eintydig svar på dette, då Herøy og Vanylven har ulike føresetnader for samanlikning, t.d. demografi, folketal og næringsgrunnlag. Likevel, om ein berre samanliknar talgrunnlaget t.d. med Ulstein og Ørsta, kan det synest som at våre to kommunar har eit potensiale. Kostra-analysen syner at Vanylven kommune har levert på kostnadsreduksjonar gjennom nødvendige strukturendringar dei siste 2-3 åra. Herøy kommune har lege stabilt dei siste 2 åra, men har hatt ein liten oppgang i netto driftsutgifter til administrasjon og styring, i prosent av totale netto driftsutgifter sidan 2013. Vanylven ser det likevel openbart ineffektivt å oppretthalde eigne funksjonar eller avdelingar når nabokommunar samarbeider om desse fagområda fordi det vert for smått og sårbart åleine.


Tabell 1<sup>1</sup>

---

1

Indikatoren viser kommune-konsernets netto driftsutgifter til administrasjon og styring, i prosent av totale netto driftsutgifter. Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern = (netto driftsutgifter for funksjonene 100 Politisk styring, 110 Kontroll og revisjon, 120 Administrasjon, 121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen og 130 Administrasjonslokaler, konsern / totale netto driftsutgifter, konsern) \* 100. Teller = netto driftsutgifter til administrasjon og styring, konsern er kontoklasse 1 og 3, funksjonene (100,110,120,121,130), artene(010..480)+590-(600..895). Nevner = totale netto driftsutgifter, konsern er kontoklasse 1 og 3, alle tjenestefunksjoner, artene(010..480)+590-(600..895). Data hentet fra kommuneregnskapet og regnskapene til kommunale foretak (KF), interkommunale samarbeider og interkommunale selskaper (IKS).

## Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	7,0 %	8,4 %	9,1 %	9,1 %
Ulstein	8,3 %	8,3 %	7,9 %	8,3 %
Hareid	11,0 %	11,4 %	11,9 %	11,9 %
Kostragruppe 08	7,8 %	7,7 %	7,6 %	7,4 %
Sande (M. og R.)	11,2 %	11,4 %	11,3 %	11,7 %
Vanylven	8,7 %	11,4 %	10,1 %	9,7 %
Volda	8,2 %	8,8 %	8,4 %	8,8 %
Ørsta	8,2 %	7,4 %	6,8 %	6,9 %

Om ein samanliknar brutto driftsutgifter isolert for administrasjon (funksjon 120), ser ein at Vanylven kommune truleg har eit større innsparingspotensiale. Der Herøy kommune dei siste 3 åra har lege stabilt, ser ein at Vanylven har høgare og noko meir varierende driftsutgifter, sjå tabell 2.

Kva skilnaden og variasjonen skuldast er ikkje godt å sei heil konkret. Likevel kan det tyde på at Vanylven, trass ein betydeleg mindre kommuneadministrasjon, har eit minder føreseieleg administrativt styringsgrunnlag. Dette igjen kan skuldast variasjon i kompetanse, ressursar og behov frå det ein året til det andre. I alle høve vil denne variasjonen kunne verte ei utfordring over tid, m.a. i høve økonomistyring og kompetanse.

Tabell 2<sup>2</sup>

2

Indikatoren viser brutto driftsutgifter i kroner per innbygger for funksjon 120 Administrasjon.


Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger for funksjon 120 Administrasjon = (brutto driftsutgifter for funksjon 120 Administrasjon / antall innbyggere pr. 31.12.) \* 1000. Brøk multiplisert med 1000 gir tall i hele kroner.

Teller = brutto driftsutgifter er kontoklasse 1, funksjon 120, artene [(010..480, 590)-(690, 710, 729, 790)] og kontoklasse 3, funksjon 120, artene artene [(010..370, 400..470, 590)-(690, 710, 729, 790, 775, 780, 880, 895)].

Nevner = antallet innbyggere i kommunen per 31.12.

Data hentet fra kommuneregnskapet og regnskapene til kommunale foretak (KF), interkommunale samarbeider og interkommunale selskaper (IKS)

## Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	3 907	4 964	4 536	4 745
Ulstein	3 735	3 878	3 713	3 846
Hareid	5 096	5 977	6 984	7 208
Kostragruppe 08	3 227	3 287	3 383	3 389
Sande (M. og R.)	5 649	5 855	6 201	6 959
Vanylven	4 511	5 994	5 280	5 771
Volda	3 219	3 714	3 618	4 228
Ørsta	3 533	3 198	3 007	3 120

### Vurdering og konklusjon:

Ved å betre kunne nytte faktisk og ledig kapasiteten på tvers av kommunane, vil ein få ein betre og meir føreseieleg ressursbruk. Dette vil også mest truleg føre til redusert behov for auke opp eksisterande deltidsstillingar eller rekruttere nye medarbeidarar.

Konklusjonen er at både kommunar vil på sikt få kostnadsgevinst ved eit tettare og formalisert samarbeid, ved å nytte felles administrative/stabs ressursar på tvers av kommunane.

### Kvalitetsutfordringa

**Mål:** Bruk av felles ressursar på ein slik måte at det gjev positiv kvalitetseffekt for både Herøy kommune og Vanylven kommune.

Vanylven kommune har signalisert at dei har, og i framtida vil få endå større, utfordringa med å rekruttere og byggje opp stabile og kvalitativt gode nok stabstenester. Herøy kommune har per dags dato ikkje like store utfordringar, men i konkurranse om arbeidskraft og kompetanse, veit ein at m.a. storleik på kompetansmiljø er ein faktor som vert vurdert av potensielle arbeidstakarar.

Dette er det viktigaste argumentet for å sjå på organiseringa og samarbeid av kommunale oppgåver. Kommunane på Søre Sunnmøre har over tid erfart at både krav til kompetanse, spesialisering og utvikling har gjort det naudsynt med samarbeid på tevers av kommunegrensene. I den samanheng kan ein nemne forpliktande samarbeid innan IKT, landbruksforvaltning, PPT og barnevern, for å nemne nokre områder.

Kommunereforma legg til grunn at samarbeid innanfor visse kjerneoppgåver vil auke i omfang framover. Dette vil også auke presset på dei tradisjonelle stabsoppgåvene

og administrasjon. Vanylven vert ståande ufrivillig åleine og ønskjer tettare tenestesamarbeid med nabokommunar. Behovet for interkommunale samarbeid er for Vanylven presserande, både på kort og lengre sikt, jf. tilrådingar frå fylkesmannen, KS og rådmannen i Vanylven.

I dialogen med Vanylven kommune har ein sett på og drøfta ulike fagområde som det er naturleg og aktuelt å inngå interkommunale samarbeid om. Ein har gjort vurderingar med grunnlag og omsyn til eigne behov, utfordringar, ressursar m.m. På same måte vil ein måtte ta omsyn til den interne omorganisering som skjer i staben i Herøy kommune, sjå vedlegg.

### 1. Økonomi og skatt

Herøy kommune og Vanylven kommune har gjennom mange år hatt eit godt men uformelt samarbeid på økonomi- og skatterådet. Herøy kommune har god kompetanse på området, er organisert i eiga avdeling og har ikkje hatt rekrutteringsproblem. Vanylven kommune har økonomileiar og eigen økonomiavdeling. Økonomileiar i Vanylven kommune har meldt han etter kvart ynskjer å trappe ned og/eller gå av med pensjon. I den samanheng ser ein at det kan verte ei utfordring med å få rekruttert ny økonomimedarbeidar med naudsynt kompetanse og røynsle. Ein bør difor ha som ambisjon å etablere felles økonomileiar med arbeidsstad i Herøy.

Skatteoppkrevjaren i Herøy kommune har tidlegare fungert som sette-skatteoppkrevjar. Det er difor heilt naturleg med eit formelt samarbeid på dette fagområdet.

### 2. Personal og løn

Herøy kommune og Vanylven kommune har også på dette fagområdet gjennom mange år hatt eit godt men uformelt samarbeid. Herøy kommune har per dags dato god kompetanse på området, er organisert i eiga avdeling og har ikkje hatt rekrutteringsproblem.

Vanylven kommune har løns- og personalavdeling med ein personalrådgjevar og ein lønsmedarbeidar. Det er meldt frå Vanylven si side at ein på noko sikt vil måtte rekruttere i samband med naturleg avgang. På lønsområdet har Herøy kommune om lag 1,3 stillingar som arbeider med løn. Både kommunar er sårbare mtp. ressursar på dette fagområdet. Ein bør difor ha som ambisjon å etablere felles personal- og organisasjonsleiar med arbeidsstad i Herøy.

### 3. Dokument og arkiv

Herøy kommune har eigen fagavdeling og dagleg leiar innan dokument, arkiv og politisk sekretariat. Grunna m.a. naturleg avgang vil Herøy kommune på sikt ha trong for å rekruttere. Vanylven kommune har to medarbeidarar med dokument- og arkivkompetanse på høgskulenivå, som ein kan sjå føre seg vert nytta for begge kommunar. Det er sjølvssagt ein føresetnad at ein har eit fungerande politisk sekretariat i begge kommunar.

### 4. Sentralbordteneste og service



I Herøy kommune har Servicetorget ansvaret for sentralbordet. Dette bind opp to ressursar kvar dag. Vanylven kommune ser føre seg at dette er ei teneste dei både har ressursar og kompetanse til å utføre for både kommunar, under førestenda av at teknologien er på plass.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune og Vanylven kommune har om lag like stabstenester, sølv om dette er litt ulikt organisert. Vanylven har større rekrutteringsutfordringar enn Herøy innan det ein kan definere som kompetansekreivjande fagområder. Vanylven har likevel gode ressursar og rekrutteringsmarknad innanfor merkantile og mindre kompetansekreivjande oppgåver. Ved å dyrke fram og styrkje dei to ulike fagmiljø der føresetnadane er best, vil ein også styrke kvaliteten på tenestene.

Konklusjonen er at både kommunar på sikt vil få kvalitetsgevinst ut or eit tettare og formalisert samarbeid.

### **Styring**

Mål: Klår og definert ansvar og oppgåvefordeling mellom Herøy kommune og Vanylven kommune.

Herøy kommune og Vanylven kommune har hatt dialog på administrativt nivå, og samtalaner har omhandla er samarbeide om typiske administrative oppgåver, jf. over. Dette er oppgåver som til dagleg ikkje omhandlar prinsipielle saker der folkevalde organ skal gjere vedtak. Styring og kontroll med samarbeidet må skje gjennom ein samarbeidsavtale, felles planverk og eventuelt tildelingsbrev.

Ein kan på sikt sjå føre seg ei definert ansvar- og oppgåvedeling mellom kommunane, der meir kompetansekreivjande oppgåver vert lagt til Herøy kommune, medan merkantile og mindre kompetansekreivjande oppgåver vert lagt til Vanylven kommune. Her vil m.a. faktorar som kommunikasjon og teknologi spele ei avgjerande rolle, både mtp. avgrensingar og moglegheter.

Om kommunestyra i Herøy og Vanylven ynskjer å gå for eit formalisert samarbeid, må den vidare prosessen byggje på prinsipp som ansvarsfordeling, likeverd og openheit.

Kommunane bør stille seg open til andre kommunar, som etter sjølvstendige vurderingar og prosessar ynskjer å ta del i eit formelt samarbeid.

Vurdering og konklusjon:

Eit samarbeid på tvers av kommunegrensene er ikkje til hinder for god styring, korkje mtp. ressursbruk, økonomi og kompetanse. Under føresetnad av at det ligg føre ein klår samarbeidsavtale og ansvar er klart definert m.m., vil ein slik modell kunne lette både den overordna styringa og kontrollen. Dette av di ein bl.a. vil få ein meir føreseieleg fag- og resurssituasjon.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Herøy kommune og Vanylven kommune har som felles målsetjing å leggje til rette for interkommunale samarbeidsprosjekt, som skal tene til meir kostnadseffektiv og kvalitative tenester til det best for innbyggjarar og medarbeidarar i både kommunar.

Administrasjonen meiner at desse måla best kan nås ved å ta ut dei stordriftsfordelane det vil vere å samarbeide. I fyrste omgong vil fokuset vere på å finne gode tenestesamarbeid på dei fire nemnde fagområda, men ein ser ikkje bort i frå å utvide dette til andre fagfelt innan stabsområdet.

Ein ser for seg eit prøveprosjekt med påfølgande evaluering. Den endeleg prosjektorganiseringa må ein kome attende til, då detter er for tidleg å konkluder på.

Økonomiske konsekvensar: Tiltaket skal i prosjektperioden gi positive økonomiske synergjar både for Herøy kommune og Vanylven kommune.

Konsekvensar for beredskap: Styrking av fagmiljø vil gjere kommuneorganisasjonane meir robust og handlekraftig.

Konsekvensar for folkehelse: Ingen kjende.

Rådmannen rår kommunestyret til å stille seg positivt til eit slikt samarbeid.

Fosnavåg, 31.07.2017


Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Kommunalsjef Stab

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Vedlegg:

# ORGANISASJONSKART STAB – HERØY KOMMUNE FOM 1. JULI 2017





Søre Sunnmøre landbrukskontor

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2017/683
		Arkiv:	V00

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
47/17	Maritim og teknisk komite	28.08.2017
	Formannskapet	05.09.2017
25/17	Arbeidsmiljøutvalet	16.08.2017
95/17	Kommunestyret	31.08.2017

### OMORGANISERING AV SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 16.08.2017

1. Med heimel i kommunelova §27 og i samsvar med §11 i vedtektene for Søre Sunnmøre Landbrukskontor vedtek kommunestyret i Herøy å oppheve samarbeidet med kommunane Hareid og Ulstein om Søre Sunnmøre Landbrukskontor med verknad frå 01.01.2018.
2. Det vert inngått vertskommuneavtale mellom kommunane Hareid, Herøy og Ulstein om felles landbrukskontor i samsvar med kommunelova §28-1b. Herøy vert vertskommune, Hareid og Ulstein vert samarbeidskommune, jmf. utkast til samarbeidsavtale datert 21.06.2017.
3. Rådmannen vert bedt om å gjennomføre organiseringa med verknad frå 01.01.2018.

#### Tilråding:



4. Med heimel i kommunelova §27 og i samsvar med §11 i vedtektene for Søre Sunnmøre Landbrukskontor vedtek kommunestyret i Herøy å oppheve samarbeidet med kommunane Hareid og Ulstein om Søre Sunnmøre Landbrukskontor med verknad frå 01.01.2018.
5. Det vert inngått vertskommuneavtale mellom kommunane Hareid, Herøy og Ulstein om felles landbrukskontor i samsvar med kommunelova §28-1b. Herøy vert vertskommune, Hareid og Ulstein vert samarbeidskommune, jmf. utkast til samarbeidsavtale datert 21.06.2017.
6. Rådmannen vert bedt om å gjennomføre organiseringa med verknad frå 01.01.2018.

Særutskrift:

Hareid kommune, Rådhusplassen 5, 6060 Hareid

Ulstein kommune, Postboks 143, 6067 Ulsteinvik

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy

## **Vedlegg:**

- 1 Brev frå FM datert 19.11.2015. Førebels kontrollrapport-organisering av interkommunale landbrukskontor-Søre Sunnmøre Landbrukskontor.
- 2 Svaret til FM frå eigarkommunane ved Herøy kommune datert 02.12.2015.
- 3 Brev frå FM datert 09.12.2015.Tilbakemelding på spørsmål om vedtakspraksis.
- 4 Brev til FM frå styret i SSL datert 04.12.2015.
- 5 Brev til FM frå SSL datert 04.12.2015 med spørsmål om vedtakspraksis.
- 6 Brev frå FM datert 06.01.2016. Avslutning av kontroll-organisering av interkommunale landbrukskontor-SSL.
- 7 Vedtektene til SSL av 1994.
- 8 Framlegg til vertskommuneavtale datert 21.06.2017.

## Uprenta vedlegg:

- 1 Brev frå Fylkesmannen datert 17.09.2015. *Forvaltingskontroll – organisering av interkommunale landbrukskontor.*
- 2 Svaret frå Hareid kommune på Fylkesmannen sin forvaltingskontroll datert 15.10.2015.
- 3 Svaret frå Herøy kommune på Fylkesmannen sin forvaltingskontroll datert 30.10.2015.
- 4 Svaret frå Ulstein kommune på fylkesmannen sin forvaltingskontroll datert 16.10.2015.

## **Samandrag av saka:**

Etter Fylkesmannen sin kontroll av organiseringa av Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) i 2016 vart det konkludert med at eigarkommunane må regorganisere SSL. Kontoret er organisert som eit interkommunalt samarbeid med heimel i kommunelova §27. Eigarkommunen vil halde fram med samarbeidet og reorganiserer SSL med heimel i kommunelova §28 – vertskommunesamarbeid. Herøy kommune vert vertskommune med Hareid og Ulstein som samarbeidskommunar. Endringa vert gjeldande frå 01.01.2018.

## **Saksopplysningar:**

Fylkesmannen har konkludert med at Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) gjer vedtak i enkeltsaker utan at det ligg føre ei klar delegering i SSL sine vedtekter. Årsaka er at SSL er organisert etter kommunelova § 27. Slik organisering opnar ikkje for delegering av vedtaksmynde til interkommunale styre, med mindre det ligg føre heimel i særlov. Eigarkommunane svarde Fylkesmannen at dei vil halde seg til Fylkesmannen sin konklusjon og utbetre forholda som er avdekka. Fylkesmannen har ikkje gjeve kommunane nokon frist for reorganisering av SSL.

Styreleiar i SSL inviterte rådmennene til møte den 02.12.2016 for å drøfte pålegget frå Fylkesmannen. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å utarbeide eit saksframlegg for rådmennene. Målet er å handsama organisasjonsendringa av SSL i kommunestyra i Hareid, Herøy og Ulstein i løpet av august/ september i 2017. Det er ein føresetnad for endringa at kommunane gjer samsvarande vedtak.

SSL er eit interkommunalt selskap med heimel i kommunelova §27. Selskapet vart danna av kommunane Hareid, Herøy og Ulstein den 01.01.1994. Føremålet med SSL var å føre vidare det statlege landbrukskontoret i Dragsund. Kontoret utfører kommunal sakshandsaming etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og skoglova. Viltlova og innlandsfiskelova kom til som saksområde frå rundt 2000-talet, med unntak av innlandsfiske for Ulstein.

Vedtektene §9 omhandlar *SSL sin administrasjon*. Det går fram av paragrafen at personale som arbeider ved SSL er tilsette ved SSL. Likevel har Herøy kommune det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette. Ansvaret skal ivarettas etter gjeldande lover og føreskrifter som gjeld for andre kommunalt tilsette.

Det er i dag 4 tilsette ved kontoret i 3,5 stillingar. Frå august 2015 har det stått ei halv stilling vakant. Herøy kommune fungerer i praksis som vertskommune for SSL då dei fører rekneskapen og står for lønnsutbetalinga til dei tilsette. Alle tilsette har pensjonsordning i KLP.

Endringar i arbeidsforholda er regulert av Arbeidsmiljølova kap. 16 – *Arbeidstakernes rettigheter ved virksomhetsoverdragelse*. Kapitlet omhandlar dei tilsette sine rettar når arbeidsgjevar overdrer ei verksemd, eller ein del av ei verksemd, til annan arbeidsgjevar. Hovudregelen er at rettar og plikter som følger av arbeidsavtalen og arbeidstilhøvet vert overført uendra til ny arbeidsgjevar. Det vart gjennomført drøftingsmøte med dei tilsette den 21.03.17.

SSL har eige organisasjonsnummer og er eit organisasjonsledd under Herøy kommune. SSL leiger kontor av S-Flis i Dragsundvegen 6 i Herøy.

Drifta av SSL er fullfinansiert ved overføring av midlar frå eigarkommunane. Midlar som ikkje vert nytta vert overført til disposisjonsfondet. Fondet vart redusert til kr. 300.000 i des. 2016 ved tilbakeføring av midlar til eigarkommunane.

Den prosentvise fordelinga for overføring og tilbakeføring av midlar er 43 % for Herøy, 29 % for Ulstein og 28 % for Hareid. Fordelinga er basert på tal gardsbruk, skogareal og folketalet i kommunen. Prosentane vart justert i 2002 og det har ikkje vore behov for å justere fordelinga sida. Rekneskapen for 2016 syner at samla utgifter til løn og kontorhald av SSL er på kr. 2.624.960,-.

Vedtektene §11 omhandlar *Uttreden og oppløysing*. Det går fram av vedtektene at uttreden av samarbeidet må handsamast etter kommunelova §27 pkt. 3: *Den enkelte kommune og fylkeskommune kan i alle fall med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i det interkommunale samarbeid og kreve seg utløst av det. Utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp, men ikke til mer enn verdien av de midler vedkommende kommune eller fylkeskommune har skutt inn.*

Aktuell organisering av samarbeidet om SSL er *Administrativt vertskommunesamarbeid* eller *Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd*. Administrativt vertskommunesamarbeid er heimla i kommunelova § 28-1b og vert regulert gjennom ei avtale mellom vertskommunen og dei to

samarbeidskommunane. Rådmannen i vertskommunen får delegert mynde frå rådmennene i samarbeidskommunane. Delegerte oppgåver og avgjerd i saker, som ikkje er prinsipielle, vert løyst av administrasjonen i vertskommunen. Avgjerd i prinsipielle saker vert teke av politisk utval i den aktuelle kommunen.

